




# Viltet i Voss

Kartlegging av viktige viltområde  
og status for viltartane



Voss kommune og  
Fylkesmannen i Hordaland  
2013



<b>Utgitt av:</b> Voss kommune og Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvern- og klimaavdelinga	<b>Rapport nr:</b> MVA-rapport 2/2013
<b>Tittel:</b> Viltet i Voss. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane	<b>ISBN:</b> 978-82-8060-089-9
<b>Forfattarar:</b> Gunnar Bergo, Oddvar Heggøy, Anbjørg Nornes og Olav Overvoll	<b>Tal sider:</b> 77
<b>Kommunalt prosjektansvarleg:</b> Gunnar Bergo, plan- og miljøvernsjef	<b>Dato:</b> 8.4. 2013
<b>Samandrag:</b> På oppmading frå fylkesmannen har Voss kommune gjennomført ei kartlegging av viktige viltområde i kommunen. Målet med kartlegginga har vore å gi kommunen ei oppdatert oversikt over viktige viltområde til bruk i arealforvaltinga, og å presentere ein kunnskapsstatus for viltet i kommunen.  Voss kommune har òg inkludert ein handlingsplan i viltrapporten, som prioriterer bruken av det kommunale viltfondet dei neste fire åra (2013-2016).  Alle førekomande artar innan gruppene amfibium, krypdyr, fugl og landpattedyr er omhandla av viltrapporten, men berre eit utval av artar og funksjonsområde er kartlagt. Det er lagt særleg vekt på truga og sårbare artar (raudlisteartar) og fåtalige artar med spesielle krav til leveområde.  Med grunnlag i lokalkunnskap og observasjonar er det laga eit kart over "prioriterte viltområde". Dette er område der viltinteressene blir tilrådd høg vekt i arealplanlegginga.  Inkludert det store villreinområdet i fjellet nord og aust i kommunen, er 23 område i Voss plukka ut som prioriterte viltområde. Dei fleste er knytt til eldre skog og våtmark. Det er registrert 263 viltartar i kommunen: 2 amfibium, 1 krypdyrart, 229 fugleartar og rundt 30 pattedyrartar.  Alle dei fire hjorteviltartane førekjem i Voss kommune. Av desse utgjer hjorten den største jaktressursen, med 607 felte dyr i 2010. Rådyr førekjem berre sporadisk. Ufordringar og mål for hjorteviltforvaltinga i Voss er presentert i kap. 10.	
<b>Referanse:</b> Bergo, G., Heggøy, O., Nornes, A. & Overvoll, O. 2012. Viltet i Voss. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane. – Voss kommune og Fylkesmannen i Hordaland, MVA-rapport 2/2013: 77 s.	
<b>Emneord:</b> Voss kommune, viltkartlegging, bestandstatus, handlingsplan	
Voss kommune Boks 145 5701 Voss  Tlf: 56 51 94 00  <a href="http://www.voss.kommune.no">www.voss.kommune.no</a>	Fylkesmannen i Hordaland Miljøvern- og klimaavdelinga Postboks 7310 5020 Bergen  Tlf: 55 57 20 00  <a href="http://www.fylkesmannen.no/hordaland">www.fylkesmannen.no/hordaland</a> <a href="http://www.miljostatus.no/hordaland">www.miljostatus.no/hordaland</a>

**Foto på framsida:** Jaktfalk, frosk, songsvanar, storfugl, ekorn og hjort (foto G. Bergo).



## **FORORD**

Voss kommune har eit areal på 1815 km<sup>2</sup> og er den største kommunen i Hordaland. Dei store og varierte utmarksareala i kommunen gjev grunnlag for ein rik fauna. Voss kommune har dei siste 10-åra gjennomført ei rekke registreringar av biologisk mangfald.

I Stortingsmelding nr. 58 (1996-1997) *Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling* var det eit mål at alle kommunar skulle gjennomføre kartlegging og verdisetting av det biologiske mangfaldet innanfor sine areal. Fylkesmannen i Hordaland har òg i fleire år oppmoda kommunane til å gjennomføre viltkartlegging. Målet er at kvar kommune skal ha oppdaterte kart over viktige viltområde i kommunen. Viltkarta skal vere eit verktøy for offentleg forvalting for å kunne ta omsyn til viltet sine leveområde i arealplanlegginga. For å kunne få ei god og framtidsretta forvaltning av viltet krev det at ein har kunnskap om dei ulike artane, m.a. i høve til bestandstørrelse, bestandsutvikling, krav til leveområde og kva negative faktorar som påverkar dei ulike artane.

Dei seinare åra har kommunane fått større ansvar innanfor miljøvernarbeidet. Dette gjeld også innanfor viltforvaltninga. Dette inneber at kommunane må ta eit meir heilsakapleg ansvar for forvaltninga på dette området. I 2001 oppretta Voss kommunestyre eit kommunalt viltfond, med inntekter frå fellingsavgiftene for hjortevilt. I handlingsplanen har ein prioriteret bruken av viltfondet på tiltak som bør ha høg fokus dei komande åra.

Den første kommunale handlingsplanen for viltforvaltning vart vedteken av kommunestyret 27. august 1992. Planen er seinare rullert for periodane 1996-1999, 2002-2005 og 2006-2009. I denne rulleringa blir handlingsplanen teken inn i ein meir omfattande presentasjon av viltet i Voss. Presentasjonen følgjer i hovudtrekk ein mal som er presentert i DN-handbok 11 (Direktoratet for naturforvaltning 1996).

Voss kommunestyre har i møte den 21. mars 2013 (sak 19/13) vedteke planen etter at den har vore ute til offentleg høyring.

Voss, mars 2012

Gunnar Bergo  
plan- og miljøvernsjef



# INNHOLD

<b>FORORD.....</b>	<b>3</b>
<b>INNHOLD .....</b>	<b>5</b>
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>7</b>
BAKGRUNN .....	7
LOVGRUNNLAG.....	7
INTERNASJONALE AVTALAR .....	7
ANDRE SENTRALE DOKUMENT .....	8
KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR .....	8
<b>2. FRAMSTILLING OG BRUK AV VILTKART .....</b>	<b>9</b>
UTFORDRINGER VED VILTKARTLEGGING .....	9
KVA SKAL KARTLEGGAST? .....	9
UTFORMING AV VILTKARTA.....	9
KORLEIS BRUKE VILTKARTA? .....	10
VILTRAPPORTEN.....	10
BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET .....	10
OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA .....	10
NATURBASE.....	10
<b>3. METODIKK FOR ARBEIDET I VOSS .....</b>	<b>11</b>
STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET .....	11
INNSAMLING AV INFORMASJON .....	11
KARTFRAMSTILLING .....	11
<b>4. NATURGRUNNLAGET .....</b>	<b>11</b>
GEOGRAFI OG AREALBRUK .....	11
LANDSKAP OG GEOLOGI .....	11
KLIMA .....	11
VIKTIGE NATURTYPAR FOR VILTET .....	11
<b>5. VIKTIGE VILTOMRÅDE I VOSS .....</b>	<b>12</b>
<b>6. TRUGA OG SÅRBARE ARTAR I VOSS.....</b>	<b>17</b>
RAUDLISTER .....	17
VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTET .....	17
<b>7. KONFLIKTAR MELLOM VILTET OG VÅR EIGEN NATURBRUK.....</b>	<b>19</b>
SKOGBRUK .....	19
JORDBRUK.....	19
FRILUFTSLIV OG FERDSEL.....	20
JAKT .....	20
FAUNAKRIMINALITET .....	20
NEDBYGGING AV NATUROMRÅDE.....	20
VEGAR .....	20
VASSDRAGSREGULERING .....	21
KRAFTLEIDNINGAR.....	21
AVFALL .....	21
FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR .....	21
<b>8. STATUS FOR VILTET I VOSS .....</b>	<b>22</b>
<b>9. KVA TRENG VI MEIR KUNNSKAP OM?.....</b>	<b>51</b>
<b>10. FORVALTING AV HJORTEVILT.....</b>	<b>52</b>
HJORT .....	52
ELG .....	56
RÅDYR .....	58
VILLREIN .....	58
TAMREIN .....	59
VERDIEN AV HJORTEVILTEL.....	59
<b>11. HANLINGSPLAN 2013-2016.....</b>	<b>60</b>
<b>12. LITTERATUR.....</b>	<b>61</b>
<b>13. ARTSLISTE .....</b>	<b>65</b>
<b>14. KART .....</b>	<b>71</b>



# 1. INNLEIING

## BAKGRUNN

Naturområda våre blir i aukande grad utsette for inngrep av ulike slag. Bygging av bustader, hytter, industriområde og andre naturinngrep legg eit stadig større press på areala. I denne samanhengen er det viktig å kunne integrere viltinteressene i planarbeidet.

Bakgrunnen for å lage ei oversikt over viktige viltområde er først og fremst eit ønskje om at viltinteressene i større grad skal bli tatt omsyn til i arealforvaltinga, først og fremst på lokalt nivå gjennom kommuneplanen sin arealdel.

Dei offentlege brukarane av viltplanen vil først og fremst vere kommunen, fylkeskommunen, fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning. Planen vil også vere tilgjengeleg for konsulentar og private utbyggjarar i samband med konsekvensanalysar og private reguleringsplanar. Det er også eit ønskje at viltkartverket skal vere med på å auke kunnskapen og interessa for vilt blant kommunen sine innbyggjarar. Difor er det viktig at informasjonen blir tilgjengeleg for skular og naturinteresserte i kommunen.

Tidlegare oversikter over viltartar og leveområda deira hadde ofte fokus på jaktbare artar. Nye oversikter er meir omfattande, og skal i prinsippet omfatte alle vittlevande landpattedyr, fuglar, amfibium og krypdyr. Det er også høg fokus på trua og sårbare artar, og andre artar som av ulike årsaker krev særlege omsyn.

Det er vanskeleg å få full oversikt over leveområda til alle viltartar, og det er heller ikkje nødvendig forvalningsmessig sett. Det er det gjort eit utval av kva artar og artsgrupper ein ut frå lokale, forvalningsmessige omsyn meiner det er viktig å få oversikt over. Typiske døme er særleg viktige trekkvegar for hjortevilt, hekkeplassar for rovfugl, spelplassar for storfugl, sjøfuglkoloniar, våtmarkslokalitetar og spettelier (ier med gammal skog, eldre ospeholt og god tilgang på død ved). Førekomstar av truga og sårbare artar står sjølvsgått og sentralt. På denne måten ønskjer ein å kartfeste område som er av særskilt verdi for ulike viltartar, og som ein difor bør ta spesielle omsyn til i arealplanlegginga.

## LOVGRUNNLAG

At ein skal ta omsyn til viltet og viltet sine leveområde er grunnfesta i lovverket. Naturmangfaldlova er den mest sentrale, men også ulike sektorlover har relevans for viltforvaltninga.

**Naturmangfaldlova** omfattar all natur, og er den mest sentrale og omfattande enkeltlova når det gjeld naturforvalting. Den omfattar forvalting av artar, naturtypar og områdevern. Kapittel II fastset forvaltningsmål for artar, naturtypar og økosystem, og lovfestar ei rekkje miljørettslege prinsipp, m.a.

føre var prinsippet og prinsippet om økosystemforvaltning og samla belastning.

**Viltlova** legg rammer for utøving av jakt og fangst. Formålsparagrafen, § 1, slår fast at viltet og viltet sine leveområde skal forvaltast i samsvar med naturmangfaldlova, og slik at naturen sin produktivitet og arts mangfald blir bevart.

**Plan- og bygningslov** pålegg kommunen m.a. å utarbeide kommuneplanar for arealdisponeringa, der alle samfunnsinteresser, også viltinteressene, skal vurderast. Innpassing av viltinteressene i arealplanlegginga krev solid kunnskap om viltet i det aktuelle planområdet, og særleg viktige funksjonsområde må vere kartfesta om slike finst.

**Skogbrukslova** legg rammene for bruk og utnytting av skogareala. Lova sitt formål er å fremje skogproduksjon, skogreising og skogvern, men slår også fast at det skal leggast vekt på skogen sin funksjon som livsmiljø for plantar og dyr, og som område for jakt og fiske. I Hordaland er ein relativt liten del av arealet skogkledd (ca. 17 %), men skogsmiljøa er likevel viktige viltbiotopar. Omsynsfull forvaltning og drift av desse områda er difor svært viktig for mange viltartar.

**Friluftslova** skal først og fremst avklare forholdet mellom grunneigarar og friluftsfolk, men nemner også at ferdsel i utmark skal gå omsynsfullt for seg. Ein skal difor også ta omsyn til viltet ved ferdsel i skog og mark.

**Lov om motorferdsel i utmark** har som utgangspunkt at motorisert ferdsel i utmark skal vere forbode. Lova sitt formål er å regulere motorferdsel i utmark og vassdrag "med sikte på å verne om naturmiljøet og fremme trivselen".

## INTERNASJONALE AVTALAR

Noreg har ratifisert (underteikna og gitt si tilslutning til) fleire internasjonale avtalar som er sette i verk for å sikre det biologiske mangfaldet. Internasjonale avtalar forpliktar også på lokalt plan, fordi det er her den praktiske forvaltninga finn stad. Dei viktigaste internasjonale avtalane med relevans for viltet er:

**Ramsarkonvensjonen** (1975) gjeld vern av våtmarksområde, særleg med tanke på fuglar.

**Washingtonkonvensjonen – CITES** (1975) regulerer den internasjonale handelen med trua og sårbare viltartar.

**Bernkonvensjonen** (1979) har som føremål å verne europeiske artar av ville dyr og plantar, og leveområda deira.

**Bonnkonvensjonen** (1979) gjeld vern av trua og sårbare viltartar som regelmessig kryssar landegrensene (trekkjande artar).

**Riokonvensjonen** eller *biodiversitetskonvensjonen* (1993) legg opp til nasjonale prosessar der partane sjølv må identifisere biologisk mangfald som krev bevaringstiltak. Partane er dessutan forplikt til å utvikle nasjonale strategiar for berekraftig bruk og bevaring av biologisk mangfald. Riokonvensjonen er den internasjonale avtalen som i størst grad har konsekvensar på lokalt plan fordi den understrekar verdien av lokalt biologisk mangfald. Denne konvensjonen har truleg vore ei viktig årsak til at den nasjonale forvaltninga ønskjer å satse på ei landsdekkjande, kommunevis kartlegging av biologisk mangfald.

## ANDRE SENTRALE DOKUMENT

Fleire dokument utgjevne av styresmaktene er sentrale i forhold til viltforvalting. Gjennom stortingsmeldingane gir styresmaktene uttrykk for korleis ein ønskjer å forme politikken på spesielle område i åra framover. Her uttrykkjer ein gjerne politiske målsetjingar og kva verkemiddel ein vil setje i verk får å nå desse måla.

- St. melding nr. 13 (1992-93) om FN konferansen om miljø og utvikling i Rio de Janeiro.
- St. prp. 56 (1992-93) Om samtykke til ratifisering av konvensjonen om biologisk mangfald
- St. melding nr. 31 (1992-93) Den regionale planleggingen og arealpolitikken.
- Miljøverndepartementet sitt rundskriv til kommunane (T-937) "Tenke globalt - handle lokalt".
- St. melding nr. 58 (1996-97) Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida.
- St. melding nr. 8 (1999-2000) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.

- St. melding nr. 42 (2000-2001) Biologisk mangfold. Sektoransvar og samordning.
- St. melding nr. 15 (2003-2004) Rovdyr i norsk natur.
- St. melding nr. 21 (2004-2005) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand
- St.meld. nr. 26 (2006-2007) Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand.

## KVIFOR SIKRE EIT MANGFALD AV VILTARTAR

Årsakene til at vern av viltet har blitt gjenstand for både nasjonale lovverk og internasjonale avtalar er mange, men handlar i stor grad om at vi ved å skape eit godt livsmiljø for alt levande, også skapar eit godt livsmiljø for oss sjølve. Her er nokre argument som ofte blir trekte fram:

### Etiske argument

Alle artar har rett til å leve vidare på jorda. Vi har eit ansvar for å forvalte det biologiske mangfaldet, og overlate det i god stand til komande generasjoner.

### Økologiske argument

Biologisk mangfald er ein føresetnad for å oppretthalde økologiske system som også menneska er avhengige av.

### Materielle og økonomiske argument

Mennesket er avhengig av naturprodukt. Vi kan framleis finne nye artar som kan nyttast til mat, medisinar og industriprodukt.

### Kulturelle og sosiale argument

Naturen er ei kjelde til kreativitet, opplevingar og inspirasjon. Artsmangfaldet er ein del av kulturarven, og er med på å auke livskvaliteten vår.



## 2. FRAMSTILLING OG BRUK AV VILTKART

### UTFORDRINGAR VED VILTKARTLEGGING

Dei ulike viltartane set ulike krav til leveområda sine. Eit leveområde skal dekke fleire funksjonar, først og fremst næring, hekke-/nglepllass og skjul. Nokre artar er spesialiserte, medan andre artar er meir tilpasningsdyktige og kan finnast i ei rekke ulike biotopar.

Enkelte små plante- og insektetarar kan klare seg med leveområde på berre nokre titals kvadratmeter, medan t.d. hønsehauken gjerne brukar eit areal på 20-50 km<sup>2</sup>. Dei store rovdyra er ekstreme i sitt krav til areal. T.d. reknar ein med at ei familiegruppe av gaupe (ho med to ungar) treng eit leveområde på ca. 500 km<sup>2</sup>. Einslege hanngauper kan ha leveområde på opptil 1500 km<sup>2</sup>.

Det som først og fremst bestemmer storleiken på leveområdet er den aktuelle arten si økologiske nisje og næringstilgangen. Kor stort leveområde eit individ eller eit ynglepar treng kan variere geografisk, alt etter lokal næringstilgang. For mange artar forandrar kravet til leveområde seg også med årstidene, både når det gjeld storlek og kvalitet.

### KVA SKAL KARTLEGGAST?

Momenta nemnde ovanfor gjer viltkartlegginga komplisert og det er umogleg å fange opp alle viktige funksjonsområde for alle artar. Alle artar krev heller ikkje like store omsyn. Ein har difor gjort eit utval av artar og funksjonsområde som skal kartleggast. Område ein ser det som viktig å få oversikt over i Hordaland er:

- Viktige funksjonsområde for raudlisteartar.
- Hekkeplassar for rovfuglar og hubro.
- Spellassar for storfugl (og orrfugl dersom dei har høgt tal fuglar og er velavgrensa, t.d. ei myr).
- Viktige funksjonsområde for spettar ("spettelier"). Eldre skog på høg bonitet med godt innslag av eldre lauvtre (særleg osp) og god tilgang på død ved.
- Viktige funksjonsområde for "våtmarksfugl" (m.a. hekkeområde for sjeldne og fåtalige artar, viktige raste- og overvintringsområde).
- Viktige funksjonsområde for "sjøfugl" (m.a. viktige hekkeområde og større, årvisse konsentrasjonar i samband med rasting eller overvintring).
- Amfibium: Leveområde for stor salamander og særleg viktige yngleområde for frosk og padde.
- Alle funksjonsområde for villrein (kalvingsområde, beiteområde, trekkvegar).

Særleg viktige vinterbeite og trekkvegar hjort, elg og rådyr, kan vere aktuelle å kartfeste om slike er kjent. Trekkvegar som kryssar bilvegar og jernbane er særleg aktuelle i samband med trafikktryggleik. I tettbygde strok, kan det vere viktig å setje av korridrar, dersom ein ser at det kan vere fare for at vidare

utbygging kan hindre dyra si naturlege vandring mellom område.

Nokre funksjonsområde er relativt enkle å avgrense, som t.d. artsrike våtmarksområde, faste hekkeplassar, rasteområde og spellassar. Det er atskillig verre å avgrense ein art sitt leveområde, og ei slik avgrensing vil vere skjønsmessig. Når det gjeld leveområde har ein lagt vekt på å kartfeste område for arealkrevjande og/eller fåtalige artar med spesielle biotopkrav. Slike artar knyter det seg ofte store forvaltungsmessige utfordringar til fordi leveområda, pga. storleiken, ofte blir utsett for fragmentering. Blant dei mest aktuelle, arealkrevjande artane i Hordaland som verkar sårbar for fragmentering er villrein, hønsehauk og storfugl.

Andre område som er stabile over fleire år og lett å kartfeste blir òg gjerne registrerte under viltkartlegginga, slik som hekkekoloniar av gråhegre og sandsvale og reirplassar for ravn. Desse områda vil vanlegvis ha låg forvaltungsmessig interesse.

### UTFORMING AV VILTKARTA

Alle kommunar som har gjennomført viltkartlegging har dei kartfesta opplysningane på digital form. På denne måten kan kartdata lett tilpassast kommunen sitt kartinnsynsprogram og kommunen kan framstille kart med ulike tema etter eigne behov. Å samle alle viltopplysningane på eit kart fører ofte til at kartet blir lite lesbart fordi det inneholder for mykje informasjon. Ved utskrift av viltkart er det vanleg å dele informasjonen på fire temakart:

- 1) *Hjortevilt.* Oversikt over hjorteviltet sine viktigaste beiteområde og trekkvegar.
- 2) *Småvilt.* Oversikt over viktige førekommstar og funksjonsområde for småviltet. I praksis dreier denne informasjonen seg stort sett om fuglar. Men spesielt viktige førekommstar av amfibium kan òg vere viktig å kartfeste (t.d. alle førekommstar av stor salamander og særleg store ynglepllassar for frosk og padde).
- 3) *Skjerma opplysningar.* Nokre opplysningar er unntake offentlegheit fordi det kan tenkast at opplysningane kan bli misbrukt og at allmenn kjennskap til dei kan vere til skade for den aktuelle arten. Dette gjeld hekkeplassar for enkelte rovfuglartar, som kongeørn, hønsehauk og hubro. Opplysningane er tilgjengelege for sakshandsamarar hjå kommunen og fylkesmannen, og vil først og fremst bli nyttar når ein står framfor konkrete arealinngrep.
- 4) *Prioriterte viltområde.* Dette temaet er framstilt med grunnlag i alle artsopplysningar, og viser område der viltet bør ha høg prioritet. Kartet over prioriterte viltområde vil vere det viktigaste når det gjeld å trekke opp dei store linjene i arealplanlegginga.

### Viktige viltområde

Område som ut frå artsførekommstar og funksjon blir vurderte å vere spesielt viktige for viltet. I desse områda bør viltinteressene bli tillagt stor vekt i arealplanlegginga. Det bør ikkje gjerast tekniske inngrep som fører til vesentlig reduksjon av områda sin verdi for viltet. Ved planlegging av tiltak eller aktivitetar er det viktig å trekke inn viltfagleg kompetanse tidleg i planprosessen, slik at ein kan kome fram til løysingar som gjer negative konsekvensar så små som råd.

Mange mindre område som ikkje har kome med i viltkartlegginga kan òg reknast som viktige viltbiotpar. Dette gjeld t.d. område med frodig skog i kantar mot kulturmark, kantskog langs elvar og bekkar, mindre vatn/tjørn og område med rik lauvskog i kulturlandskapet. Sjølv om desse områda ikkje er med på viltkartet, er det viktig å vere klar over verdien slike område kan ha både som leveområde og såkalla spreingskorridorar.

### KORLEIS BRUKE VILTKARTA?

Viltopplysningane kan ha mange bruksområde, men er først og fremst tenkt brukt i kommunal arealforvalting. Oversikta over prioriterte viltområde eignar seg best når dei store linjene i kommuneplanarbeidet skal trekkjast. Dei prioriterte viltområda er ingen fasit, og tyder ikkje vern, men bør sjåast på som ein "ver varsam plakat", der ein ønskjer at viltinteressene skal bli tekne særskilt omsyn til. Dersom det likevel skal gjerast større arealinngrep i slike område, bør dei meir detaljerte opplysningane fra dei andre temakarta nyttast for å prøve å gjere konfliktane så små som råd.

I mange tilfelle vil det vere naudsynt med supplrande undersøkingar i forkant av større arealinngrep. Dette gjeld særleg der artsopplysningane er av eldre dato eller er usikre eller mangelfulle.

Dei prioriterte viltområda legg ikkje formelle restriksjonar på vanleg næringsverksemad som t.d. skogsdrift. Men ved planlegging av større inngrep i slike område oppfordrar ein den enkelte grunneigar til å ta særlege omsyn og å rádføre seg med personar med fagkompetanse innan viltbiologi. Også i slike tilfelle vil det ofte vere naudsynt med supplrande undersøkingar.

### VILTRAPPORTEN

Viltrapporten er ein viktig del av viltkartlegginga. Her finn ein mellom anna ein kort omtale av dei prioriterte viltområda med ei grunngjeving for kvifor dei har

fått høg prioritet. I tillegg blir alle dei ulike artane som er registrert i kommunen omtala. Nokre artsomtalar gir viktig bakgrunn for å kunne sette artsinformasjonen på karta i rett perspektiv.

### BRUKARAR AV KARTFESTA INFORMASJON OM VILTET

Viltkarta er først og fremst meint å vere ein reiskap til bruk i arealplanlegginga. Kommunen er difor viktigaste brukar, men også anna offentleg og privat forvalting vil kunne bruke desse datasetta i ulike samanhengar. Særleg når det gjeld viktige viltområde i skog, er det viktig at aktuelle grunneigarar blir informert og får tilgang til relevante opplysningar. Skular bør få tilgang til rapport og kart til bruk i lokalundervisninga. Relevante lag, organisasjonar eller enkeltpersonar vil gjennom kjennskap til kart og rapport kunne kome med konstruktive innspel til endringar og ny informasjon.

### OPPDATERING OG REVISJON AV VILTKARTA

Jamleg oppdatering av viltkartverket er viktig for å 1) påføre ny kunnskap og 2) fange opp eventuelle endringar i viltet sin bruk av arealet, anten det skuldast naturlege endringar eller endringar som følgje av tekniske inngrep. Det blir tilrådd ein gjennomgang av viltopplysningane kvart fjerde år i samband med revisjon av kommuneplanen, der viltopplysningane blir gjennomgått i samråd med Fylkesmannen, for påføring av nye opplysningar og korrektur.

Ein har hatt avgrensa ressursar til kartleggingsarbeidet, og det er viktig å vere klar over at resultatet ikkje er fullstendig. Ved kartfestinga er det òg gjort skjønsmessige vurderingar, som nok kan vere gjenstand for diskusjon. Gjennom revideringar, som både inkluderer informasjon frå publikum og feltarbeid utført av fagfolk, vonar ein at presisjonen i viltkartverket kan bli betre over tid.

### NATURBASE

Naturbase ([naturbase.no](http://naturbase.no)) er ein nasjonal database for kartfesta naturinformasjon. Her blir både viktige naturtypar og artsførekommstar registrert og gjort tilgjengeleg for allmenta.

Datasetta frå viltkartlegginga og kartlegging av naturtypar blir kvalitetssikra av fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning før innlegging i Naturbase.

Det er viktig å merke seg at fleire av dei litt større prioriterte viltområda frå viltkartlegginga ikkje blir lagt inn i Naturbase. Årsaka til dette er at desse områda meir er å sjå på som anbefalte forvaltingsområde, og ikkje som funksjonsområde for enkeltartar.

## 3. METODIKK FOR ARBEIDET I VOSS

### STYRING/ORGANISERING AV PROSJEKTET

I arbeidet med å utarbeida "Viltet i Voss" vart det oppretta ei arbeidsgruppe med slik samansetjing;

- Geir Arne Aspebakken, Miljø og kulturutvalet
- Lars Even Lemme, Anders Handal Tveite, Voss Grunneigarsamskipnad
- Lars Istad, Viftfondstyret
- Øvind Oppedal Kristiansen,(vara Geir Johansen og Ingvill Aurdal Helland), Voss Jeger- og Fiskarlag
- Oddvar Drevsjø, Voss Naturvernlag

Arbeidsgruppa har hatt seks møte.

I tillegg har Olav Overvoll (Fylkesmannen i Hordaland), Anbjørg Nornes og Ingmar Slettemark (Voss kommune) delteke i arbeidet.

### INNSAMLING AV INFORMASJON

Informasjonen om viltet i Voss er samla inn gjennom fleire år, både gjennom ulike prosjekt. Kommunen har opp gjennom åra jobba systematisk

med å få oversikt over trua artar, storfuglleikar mm. – eit arbeid som i stor grad er utført av lokale ressurspersonar.

Elles føreligg det ein del skriftleg informasjon, t.d. rapportar i samband med vassdragsvern, naturvern og konsekvensutgreiingar i samband med kraftutbygging. Når det gjeld fugl, er det òg funne mykje informasjon i NOF Hordaland sitt lokaltidskrift og i Rapporteringssystemet for fuglar på Internett.

Når det gjeld kunnskap om ulike fugleartar i kommunen, har lokale amatørornitologar vore til god hjelp.

### KARTFRAMSTILLING

Avgrensinga av prioriterte viltområde er gjort på grunnlag av lokalkunnskap, opplysningar om artsførekommstar og kunnskap om dei aktuelle artane sine habitatkrav.

Manuskarta er digitaliserte hjå fylkesmannen etter manuskart på kart i målestokk 1:50 000 og flyfoto.

## 4. NATURGRUNNLAGET

### GEOGRAFI OG AREALBRUK

Voss ligg i den indre, nordaustlege delen av Hordaland fylke. Kommunen grensar mot Vaksdal kommune i vest og nordvest, mot Vik og Aurland kommunar i Sogn og Fjordane i nord og aust, mot Ulvik i søraust og mot Granvin og Kvam i sør. Kommunen har så vidt litt grense mot sjøen, heilt i vest, der Vosso renn ut i Bolstadfjorden.

Med eit areal på vel 1800 km<sup>2</sup>, er Voss den største kommunen i Hordaland. Store delar av kommunen ligg i nedbørsfeltet til Vosso, det største vassdraget i fylket. Kommunen har ca. 14.000 innbyggjarar, størst konsentrasjon i og rundt tettstaden Vangen.

Voss har tradisjonelt vore ein utprega jordbrukskommune, og er den største jordbrukskommunen i Hordaland. Likevel er ikkje meir enn ca. 3,2 % av arealet jordbruksareal. Fjell og skog utgjer det meste av arealet. Skogarealet er fordelt på omlag 55 % lauvskog, 35 % barskog og 10 % blandings-skog. Kart 1, bak i rapporten, viser fordelinga av skog og jordbruksareal i kommunen.

### LANDSKAP OG GEOLOGI

Berggrunnen i Voss har både harde mjuke bergartar. Særleg i og langs hovuddalføra er det mykje mjuke kambrosilurbergartar som fyllitt og glimmer-skifer, som har gitt gode forhold for jordbruksverksamd. Topografien er prega av relativt avrunda

fjellformer, men med fleire djupt nedskorne dalføre i tilknytning til hovuddalføra. Bolstadfjorden går det eit hovuddalføre langs Vossovassdraget til Vangen. Her utvider dalføret seg, og delar seg og held fram langs Raundalselva mot aust, og langs Strandaelva mot nord. Det går òg eit dalføre sør-over mot Granvin. Det høgaste punktet i Voss er Olsskavlen, 1576 moh., på grensa mot Granvin.

### KLIMA

I vestlandssamanhang er Voss ei innlandsbygd, med kaldare vintrar og varmare somrar enn det som er vanleg i Hordaland. Men kommunen er stor, så det er stor variasjon innan kommunen. Det er ein tydeleg gradient i klimaet, frå fuktig og relativt oseanisk klima i vest, til innlandsklima og høgfjellsklima i aust. Dei fuktigaste områda ligg i vest ved Bolstadfjorden. Det meste av Vossabygda ligg i regnskuggen bak kystfjella, og årsnedbøren på Vossevangen er såpass låg som 1250 mm. Vinternedbøren kjem mykje oftare som snø her enn i områda lenger vest i fylket. Klimaet er altså relativt tørt med kalde vintrar og varme somrar.

### VIKTIGE NATURTYPAR FOR VILTET

Vossafjella dekkjer store areal, og her finn vi dei fleste fjellartane ein kan rekne med å treffe på i Vestlandsfjella. I aust kan ein og sjå nokre litt meir

uvanlege, meir austlege artar som lappsporv og boltit. Elles er villreinen ein forvaltningsemessig viktig art i Vossafjella, og fjellområda nord for Vosso og Strandaelva er ein del av Fjellheimen villreinområde.

Elles er det nok våtmarker og skog som må rekna som dei viktigaste naturtypane for viltet i Voss. Langs Vossavassdraget ligg nokre store våtmarksområde som er kjent som gode fuglelokilitetar. To av dei, Lønaøyane og Rekvesøyane er verna som naturreservat. Elles er Myrkdalsdeltaet, Melsvatnet. Lundarosen og Seimsvatnet dei viktigaste (dei tre første er regulert som "våtmarksområde" etter plan- og bygningslova).

Skogen er nok den naturtypen som huser flest viltartar, i Voss som dei fleste andre stader. Skogen dekkjer store areal, og er variert, alt frå rike edellauvskogar i låglandet vest i kommunen til den skrinn furu- og bjørkeskog opp mot skoggrensa. Edellauvskog og oreskog er kjent for å ha høg

tettleik av sporfuglar, sjølv om artsrikdommen ikkje treng å vere så stor. Dei store områda med eldre barskog, mest furu, men òg ein del gran, er leveområde for fátalige, arealkrevjande artar som storfugl, hønsehauk og fleire spetteartar. For spettane er innslag av eldre og døde lauvtre viktig, både i lauvskogen og i barskogsområda. I dalsideane er det mange stader godt innslag av eldre osp, som er viktig både som reirtre og næringskjelde for spetter.

Også i kulturlandskapet er det mange gunstige biotopar for viltet. Dei fleste artane her er likevel knytte til kantskog som hekkestad, medan jordbruksarealet er maffat. Typiske døme er trastar, stare, skjor, kråke og finkefuglar. Nokre få artar er òg knytte til jordbrukslandskapet som hekkestad, slik som vipe og storspove. Endringar i beitepraksis og slåttetidspunkt har ført til at desse artane har blitt sjeldnare.

## 5. VIKTIGE VILTOMRÅDE I VOSS

I denne viltkartlegginga er det sett hovudfokus på truga og sårbare artar og andre artar som har spesialiserte krav til leve- og yngleområde (sjå Kap. 2, s. 9). Aktuelle artar i Voss er først og fremst artar knytt til eldre skog, som spetter, hønsehauk og storfugl. Forslaget til prioriterte viltområde ber preg av dette, og dei aller fleste er knytt til skog. Voss kommune har og fleire viktige våtmarksområde og det er

Gjennom viltkartlegginga er det foreslått 23 prioriterte viltområde i Voss. I det følgjande blir kvart av dei prioriterte viltområda gitt ein kort omtale. Numra på dei ulike viltområda refererer til områdenummera på viltkartet bak i rapporten (Kart 2). Områda blir omtala i uprioritert rekkefølge.

### 1. Tyssen

Området ligg heilt vest i kommunen, ovanfor Tysse, på nordsida av Bolstadfjorden. Det er eit ganske stort område som strekker seg frå fjorden inn mot Aldalsvatnet i Øvstedalen. Det er relativt få inngrep her (berre litt skogsdrift). Området er prega av eldre furu- og blandingsskog med fleire små tjørn, elvestrengar og myrer. Det registrert fleire spetteartar, storfugl og krikkand her.

### 2. Jonshorgi

Større, intakt skogområde på nordvestsida av Jonshorgi, ned mot Rasdalen og Bolstadøyri. I hovudsak er det furuskog, men det finst innslag av rikare lauvskog i liene. Det er registrert m.a. storfugl og spetter i området.

### 3. Pynten

Furu og blandingsskog på kanten nord for Fadnesbotn, nedst i Teigdalen. Det er registrert m.a. storfugl og hønsehauk i området. Storfugl er sett spelande i området, og det er registrert eit par beitefuruer. Hønsehauk hekka her i 2001, men berre eit reir er registrert, og det er ikkje påvist hekking her sidan.

### 4. Geitlesåsen

Område nord og aust for Geitle. Området består av furuskog med innslag av ospeskog og granskog (delvis naturleg) i liene mot aust. Det er registrert m.a. storfugl, hønsehauk og spetter i området.

### 5. Skyljehovden

Området ligg ved Hosås, nord for Skylje og vest for Nestås. Det består av furuskog med ein del lauvskog, m.a. eldre ospeholt, i liene mot aust. Området er rekna som viktig for storfugl, og fleire spetteartar er registrert her, både grønspett, flaggspett, kvitryggspett, dvergspett og vendehals.

### 6. Storhaugen

Mindre område med lauvskog og blandingsskog med furu, ovanfor Utkvitno, søraust for vegen mot Hamlagrø. Ein viktig kvalitet ved området er godt innslag av eldre ospeskog, noko som gjer det til eit svært godt spetteområde. Både grønspett, gråspett, flaggspett, kvitryggspett og dvergspett er registrert her. Dette er rekna som eit av dei beste spetteområda i Voss kommune. Litt usikker avgrensing.



Frå viltområde 1, Tysse, nord for Bolstadfjorden. Her er det ganske store skogområde som er lite berørt av nyare inngrep. Tjørna på fotoet er Lomtjørn, i nedre del av Øvstedalsvassdraget. Foto: G. Bergo.



Frå viltområde 4, Geitlesåsen. Tilgang på eldre osp og død ved er viktig for spetteartane. Foto: G. Bergo.



Frå viltområde 15, Rustene. Myrar i eldre furuskog er ofte viktige beiteområde for storfugl om våren. Foto: G. Bergo.



Frå viltområde 20, Stavtjørn. I dei øvre delane er det mykje bjørkeskog og mange myrar. Kanskje det er denne kombinasjonen som gjer området til eit av dei beste orrfuglområda i Voss. Foto: G. Bergo.

## **7. Seimsvatnet**

Grunt våtmarksområde med store mudderflater, i Vosso, sør for Bulken. Grunnene er rasteområde for vadefuglar, m.a. enkeltbekkasin, i trekktidene. Vatnet er mykje brukt av songsvanar vinterstid, og det ligg nesten alltid ender på vatnet.

## **8. Rekvesøyane**

Naturreservat. Elvedelta på nordsida av Vangsvatnet. Viktig område for vadalar og sporvefuglar, først og fremst i trekktidene vår og haust. Strandsona med smådammar og lågvaksen vegetasjon byr på både næringsøksområde og skjul. Grunne område i vatnet utanfor er beiteområde for andefuglar.

## **9. Vanjolo**

Furuskogområde på begge sider av Vanjola, sør for Vangsvatnet. Det er registrert m.a. storfugl og hønsehauk i området. Det er ein god del osp i området, så området er utvilsamt også hekkeområde for spetter.

## **10. Gjernesmoen**

Våtmarksområde ved innløpet til Vosso i Vangsvatnet. Viktig rasteområde for vadalar i trekktidene. Dverglo gjorde hekkforsøk her i 2001 og 2006.

## **11. Tjørnabrekka**

Området ligg på Herresåsen, aust for Bordalen. Barskogsområde med furuskog og naturleg granskog og fleire mindre skogstjørn og myrområde. Viktig område for storfugl. Den største kjende leiken i Voss kommune ligg i dette området. Perleugle og skogsnipte er òg registrert i området. Dette er austlege artar som ikkje er vanlege på Vestlandet.

## **12. Svelgane**

Området ligg sør for riksveg 13, på grensa mot Granvin. Det er mest naturleg granskog i området, men i dei øvre delane er det furuskog. Det er òg litt planta granskog lengst aust, som vart planta rundt 1950. Av viltartar i området er det særleg verdt å trekkje fram sporveugle, storfugl, duetrast og raudstjert. Sporveugle og duetrast er austlege artar, som er ganske sjeldne på Vestlandet. Dette er det einaste området i Hordaland, der ein bort imot årleg registrerer sporveugle.

## **13. Lundarosen**

Våtmarksområde regulert som spesialområde naturvern i kommuneplanen. Store, grunne område som m.a. er mykje brukt av songsvanar og grasender vinterstid. Det er sett opp ei observasjonshytte i området.

## **14. Melsvatnet**

Våtmarksområde ved Skulestad som omfattar Melsvatnet og det rolige elvepartiet opp til Lønavatnet. Noko av området er regulert som spesialområde naturvern i kommuneplanen. Her er store, grunne område som er mykje brukt av songsvanar og grasender vinterstid. Også viktig hekkeområde for ender og vadefuglar. Frå 1992 til 2003 heldt ein koloni av

hettemåse til ved Melsvatnet, den einaste kjende av sitt slag i Hordaland.

## **15. Rustene**

Ganske stort område søraust for Skiple og sør for Reime i Raundalen. Ei kraftlinje danner grense for området i nordaust. Området er dominert av glissen furuskog, stadvis med myrar. Det er parti med ganske gammal skog her. Grunnen til at området er plukka ut som viktig viltområde er først og fremst ein bra førekommst av storfugl. Hønsehauk hekka i området tidlegare, men det er nokre år sidan den sist vart registrert her. Likevel har området kvalitetar (store område med eldre furuskog) som gjer det aktuelt som hekkeområde for arten.

## **16. Lønaøyane**

Naturreservat. Lønaøyane, i øvre del av Lønavatnet, er det mest intakte store elvedeltaet i låglandet i Hordaland. Eit svært frodig område som er viktig hekke- og trekkområde for vadalar, andefuglar og sporvefuglar. Amatørornitologar har observert meir enn 150 fuglearter i området. Det er sett opp eit fugletårn (observasjonstårn) her.

## **17. Taulaberget**

Område med blandingsskog og innslag av myrområde. Viktig område for m.a. storfugl.

## **18. Fjellet**

Området omfattar eit skogområde som strekkjer seg frå Øyjordi, vest for Oppheimsvatnet, langs vestsida av Vinjadalen til Vinjeliane, søraust for Vinje. Området består av furuskog, med bjørkeskog i dei øvre delane. Det er spor etter ein nedlagt gard i området, og det er framleis tydelege spor etter ei gammal slåttemark her. Skogen i området har fått ligge nokså urørt i lang tid, og er viktig for m.a. storfugl og hønsehauk. Det skal òg vere bra med orrfugl i den høgarliggende delen av området.

## **19. Myrdalsdeltaet**

Stort våtmarksområde øvst i Myrdalsvatnet regulert som spesialområde naturvern i kommuneplanen. Viktig hekke- og trekkområde for m.a. vadalar, andefugl og sporvefugl. Etter senkinga av Myrdalsvatnet er det gjort omfattande biotopjusteringstiltak i deltaet for å betre forholda for fugl, som utgraving av nye kanalar og oppbygging av nye øyar.

## **20. Stavtjørn**

Større myrområde med furuskog i dei nedre delane og bjørkeskog i dei øvre. Den gode førekommsten av myr gjer området spesielt. Området skal m.a. ha ein god førekommst av orrfugl.

## **21. Rustadalen**

Furuskogsområde med bra innslag av eldre osp. Viktig område for m.a. storfugl, hønsehauk og spetter. I dette området finst også Voss kommune sin ansvarsart, fakkeltvebladmose.

## **22. Grånosmyrane**

Naturreservat. Elvedelta i fjellet nordaust for Rjøanddalen, på grensa mot Sogn og Fjordane. Området held fram inn i Aurland kommune. Viktig hekkeområde for flere fjellartar som er sjeldne elles i kommunen, som lappspov, blåstrupe, boltit og myrsnipe.

## **23. Fjellheimen villreinområde**

Fjellheimen villreinområde omfattar fjellområda mellom Voss i sør og Sognefjorden i nord, og mellom Fresvik i aust og Masfjorden i vest. Villreinområdet omfattar kommunane Voss, Vaksdal og Modalen i Hordaland, og Aurland, Vik og Høyanger i Sogn og Fjordane. Det har vore tamrein i området tidlegare,

men sidan 1966 har dyra blitt forvalta som villrein. Forvaltingsområdet dekkjer omlag 1700 km<sup>2</sup>, og omlag 1/3 av området ligg i Voss kommune (sjå Kart 2, bak i rapporten). Vinterstamma i Fjellheimen villreinområde ligg på 550-650 dyr.

Den vestlege delen av området mellom Voss og Eksingedalen, vest for Nesheimfjellet, må reknast som nokså marginal som villreinområde, og det går ikkje mange dyr i dette området.

Kommunane har ikkje noko formelt ansvar når det gjeld bestandsforvaltninga av villrein, men gjennom arealforvaltninga har kommunane ei viktig rolle for å sikre dyra sine leveområde.



Lonadeltaet er det mest intakte store elvedeltaet i låglandet i Hordaland, og er verna som naturreservat. Foto: G. Bergo.

## 6. TRUGA OG SÅRBARE ARTAR I VOSS

### RAUDLISTER

Ei raudliste er ei oversikt over artar som over tid står i fare for å dø ut dersom den negative utviklinga held fram. IUCN (International Union for the Conservation of Nature) gir ut slike lister på verdsbasis og mange land har gitt ut nasjonale raudlister. Den offisielle norske raudlista vart tidlegare utgitt av Direktoratet for Naturforvaltning, men frå og med 2006 har Artsdatabanken ansvaret for denne.

Nokre artar på den nasjonale raudlista kan vere relativt vanlege regionalt og lokalt. I slike tilfelle har det aktuelle fylket eller den aktuelle kommunen eit særskilt forvaltingsansvar.

Raudlistene må reviderast etterkvert som kunnskapen om artane aukar. Bestandssituasjonen for enkelte artar kan òg endre seg relativt raskt. Nasjonale raudlister blir gjerne reviderte kvart femte år. Denne rapporten bygger på *Norsk rødliste 2010* (Kålås m.fl. 2010). Dei ulike kategoriane i den siste utgåva av raudlista er noko forenkla definerte under.

#### Regionalt utdødd - RE (Regionally extinct)

Brukast om artar som truleg er forsvunne frå regionen, eller ikkje lenger kan reprodusera der.

#### Akutt truga - CR (Critically endangered)

Artar som har ekstrem høg risiko for å dø ut (50 % sjanse for å dø ut innan tre generasjoner eller minimum 10 år).

#### Sterkt truga - EN (Endangered)

Artar som har svært høg risiko for å dø ut (20 % sjanse for å dø ut innan fem generasjoner eller minimum 20 år).

#### Sårbar - VU (Vulnerable)

Artar som har høg risiko for å dø ut (10 % sjanse for å dø ut innan 100 år).

#### Nær truga - NT (Near threatened)

Artar som er nær ved å kvalifisere til kategorien sårbar, eller som truleg vil bli truga i nær framtid om den negative utviklinga held fram.

#### Kunnskapsmangel - DD (Data deficient)

Artar ein ikkje har nok kunnskap om til å vurdere risiko for at arten skal dø ut, men der ein ut i frå eksisterande kunnskap antar at arten ville vore raudlista dersom ein hadde hatt betre kunnskan.

I forvaltingssamanheng opererer ein òg med omgrepene *ansvarsartar*. Dette artar som det aktuelle landet har eit spesielt forvaltingsansvar for, fordi store delar av bestanden på gitte tidspunkt oppheld seg i landet. Ansvarsartar treng ikkje vere sjeldne eller truga. Døme på norske ansvarsartar som er vanlege er fjellrype og bergirisk.

### VIKTIGE TRUGSMÅL MOT VILTEL

Mange plante- og dyrearter er naturleg sjeldne, men mange er i tilbakegang som følgje av menneskeleg aktivitet. Her er lista opp nokre viktige trugsmål mot biologisk mangfold:

**Intensiv jakt** har ført til at enkelte dyrearter har blitt utrydda eller fått sterkt reduserte populasjonar. Døme frå vårt land er fjellrev og dei store rovdyra gaupe, ulv, bjørn og jerv.

**Miljøgifter** er eit alvorleg trugsmål mot mange artar. Rovdyr er spesielt utsett, fordi giftstoffa blir meir koncentrerte for kvart ledd i næringsskjeda. Vandrefalken er eit klassisk døme. Truleg fanst det berre rundt 20 par att i Noreg tidleg på 1970-talet, men sidan DDT vart forbode har bestanden tatt seg kraftig opp att, og er no livskraftig.

**Handel med ville dyr** er blant dei største illegale marknadane på verdsbasis, og enkelte stader kan samling vere eit problem for artar som alt er fåtalige. I Noreg kan jaktfalken vere utsett for ulovlig innsamling.

**Innføring av framande artar** blir saman med øydelegging av leveområde rekna som det største trugsmålet mot biologisk mangfold globalt. Ved å flytte artar på tvers av såkalla biogeografiske regionar, vil ein på sikt øydeleggje mykje av dei geografiske særprega naturen har brukta millionar av år på å utvikle. Artsmangfaldet på isolerte øyar er svært sårbart for introduksjonar. På mange av Stillehavssøyane har fleire bakkerugande fuglearter forsvunne som følgje av introduksjon av katt og rotter. I vårt land er minken eit døme på introduksjon av ein art som har fått ueheldige følgjer. Mange sjøfuglkoloniar på øyar nær fastlandet lid stundom store tap fordi minken tek egg og ungar.

**Øydelegging av naturtypar og leveområde** er det største trugsmålet mot biomangfaldet. Det hjelper lite å verne artar om ein ikkje samstundes vernar områda dei er avhengige av. Her i landet er problemstillinga først og fremst aktuell i samband med reduksjon i arealet av våtmark, gammal skog og enkelte kulturlandskapstypar. For 85 % av artane på Norsk Rødliste er arealendringar rekna som det største trugsmålet. Ein logisk konsekvens av dette er at ein bør ta vare på ein del større, samanhengande og relativt urørte område der næringsskjedene og mangfaldet framleis er intakt.

**Tabell 1.** Raudlista viltartar i Voss.

Status i Noreg	Art	Førekomst i Voss	Moglege trugsmål lokalt
Kritisk truga (CR)	Åkerrikse	Sporadisk sommargjest	• Tidleg slått, attgroing
	Lomvi	Sjeldan vintergjest (2 funn)	• -
	Hauksongar	Sjeldan trekgjest (1 funn)	• -
	Hortulan	Sjeldan trekgjest (1 funn)	• -
	Ulv	Utrydda	• -
	Fjellrev	Utrydda	• -
Sterkt truga (EN)	Knekkand	Årviss, men sjeldan trekgjest	• Jakt (forveksling med jaktbare artar)
	Myrrikse	Sjeldan sommargjest	-
	Svarthalespove	Sjeldan trekgjest (3 funn)	-
	Krykkje	Sjeldan vintergjest (1 funn)	-
	Hubro	Sjeldan, mogeleg hekkefugl	• Attgroing, kraftleidningar
	Snøugle	Sporadisk hekkefugl tidligare	-
	Bjørn	Utrydda	-
	Jerv	Sjeldant streifdyr	• Jakt
	Sædgås		• Jakt (forveksling med grågås)
Sårbar (VU)	Bergand	Sjeldan trekk	• Drukning i fiskegarn
	Lappfiskand	Sjeldan trekk- og vintergjest	• Drukning i fiskegarn
	Kvepsvåk	Sjeldan trekgjest (1 funn)	-
	Myrhauk	Sjeldan trekgjest (2 funn)	-
	Lerkefalk	Sjeldan trekgjest (1 funn)	-
	Vannrikse	Fåtalig/sjeldan vintergjest	-
	Brushane	Sjeldan trekgjest	-
	Makrellterne	Sjeldan sommargjest	-
	Tyrkardue	Fåtalig/sjeldan	-
	Nattramn	Sjeldan trekgjest (1 funn)	-
	Songlerke	Sjeldan hekkefugl	• Endringar i landbruket (intensivering)
	Svartraudstjert	Sjeldan trekgjest (2 funn)	-
	Grashoppesongar	Mogleg sjeldan hekkefugl	-
	Rosenfink	Sjeldan hekkefugl (1 funn)	-
	Oter	Sjeldant streifdyr	• Drukning i fiskegarn og ruser
	Gaupe	Truleg sjeldant streifdyr	-
Nær truga (NT)	Snadderand	Sjeldan trekgjest	• Jakt (forveksling med jaktbare artar)
	Stjertand	Sjeldan trekgjest	• Jakt (forveksling med jaktbare artar)
	Skjeiland	Sjeldan trekgjest	• Jakt (forveksling med jaktbare artar)
	Svartand	Sjeldan trekgjest	• Drukning i fiskegarn
	Sjørre	Sjeldan trekgjest	• Drukning i fiskegarn
	Vaktel	Mogleg sporadisk hekkefugl	• Tidleg slått
	Storlom	Mogleg sjeldan hekkefugl	• Uroing i hekketida, fiskegarn
	Dvergdukkar	Sjeldan trekgjest	• Drukning i fiskegarn
	Toppdukkar	Sjeldan trekgjest (3 funn)	• Drukning i fiskegarn
	Hønsehauk	Fåtalig hekkefugl (ca. 7 par)	• Hogst av gammal furuskog
	Fiskeørn	Sjeldan trekgjest	-
	Jaktfalk	Sjeldan hekkefugl	• Faunakriminalitet
	Sivhøne	Sjeldan trekgjest	-
	Dverglo	Sjeldan hekkefugl (2 funn)	• Forstyrningar på hekkeplatt, flamu
	Vipe	Fåtalig hekkefugl	• Endringar i landbruket (tidlig slått)
	Fjellmyrløpar	Sjeldan trekgjest (1 funn)	-
	Dobbeltbekkasin	Sjeldan trekgjest	-
	Storspove	Fåtalig hekkefugl	• Endringar i landbruket (attgroing mm.)
	Strandsnipe	Vanleg hekkefugl	-
	Hettémåse	Fåtalig hekkefugl 1992-2003	-
	Fiskemåse	Vanleg hekkefugl	-
	Tårnseglar	Fåtalig hekkefugl	-
	Trelerke	Sjeldan trekgjest (2 funn)	-
	Tornskate	Sjeldan sommargjest (2 funn)	•
	Varslar	Sjeldan trekk- og vintergjest	-
	Stare	Vanleg hekkefugl	• Omleggingar i landbruket (attgroing)
	Tornirisk	Fåtalig trekgjest	-
	Bergirisk	Fåtalig hekkefugl	• Attgroing?
	Konglebit	Sjeldan vintergjest	-
Datamangel (DD)	Skjeggflaggermus	Ynglar truleg fåtalig	?

## 7. KONFLIKTAR MELLOM VILTELIGE OG VÅR EIGEN NATURBRUK

### SKOGBRUK

Mange av dei fåtalige og sårbare viltartane i Voss er knytte til skogsmiljøa, og den enkelte skogeigar har eit viktig ansvar når det gjeld forvalting av viltet sine leveområde.

Dagens konflikt mellom viltinteresser og skogbruksinteresser er knytt til intensiv utnyting av skogareala på høge bonitetar for tømmerproduksjon. Storfugl og hønsehauk er blant dei mest sårbare artane i denne samanhengen. Dei områda som er mest attraktive for desse artane er samstundes dei mest attraktive for skogbruket. Tilbakegangen av begge desse artane på landsbasis har først og fremst skjedd etter 1950, i samband med innføringa av bestandskogbruket. Større hogstflater, treslagsskifte og ein meir einsarta skogstruktur har mange stader ført til fragmentering av leveområda. Bestandsskogbruket har også negative konsekvensar for hakkespettane. Naturleg døde, ståande tre er viktig for dei fleste av desse artane, og dette er ofte mangelvare i dagens skogkulturlandskap. Mangel på eldre ospeholt kan også vere eit problem. Særleg gråspetten er avhengig av tilgang på eldre osp som reirtre. Ei rekke andre holrugande fugleartar er igjen avhengige av gamle spettehol som reirplass. Ein nedgang i talet på hakkespettar kan difor få konsekvensar andre holrugande artar.

På Vestlandet er konfliktane skisserte ovanfor generelt mindre enn i dei flate, meir lettdrivne områda på Austlandet og i Trøndelag. Egedomsforhold og bratt terreng gjer skogsdrifta mange stader vanskeleg, og store hogstflater er ikkje så vanleg. Det er likevel viktig å vere klar over problemstillinga.

Det kan ofte bli konflikt mellom ønsket om å drive skogen økologisk forsvarleg og samstundes økonomisk forsvarleg. God skogbruksplanlegging, der også kunnskap om økologi har ein sentral plass, er svært viktig.

Etter kvart har auka kunnskap om økologi gjort det mogleg å drive skogen meir økologisk riktig, og dei siste åra har skogbruket vist større interesse for å ta fleirbruksomsyn i skogbruksplanlegginga. M.a. er det sett i gang kartlegging av lokalitetar i skog som er særleg viktige for mangfaldet av dyr og planter (MiS – miljøregistreringar i skog). Dei seinare åra har fleire skogeigarar m.a. deltatt på kurs i *Levande skog standarden*. Vestskog BA set krav om at skogsdrifta skal drivast etter denne standarden, og for å selja skog på vegne av skogeigarane, er Vestskog sertifisert av Det Norske Veritas.

Vidare vil følgjande omsyn vere viktige både i forhold til viltinteressene og biologisk mangfald generelt:

- Eit visst minimumsareal med gammal naturskog må oppretthaldast.
- Ein bør unngå hogst i bekkeklofter, like under bratte bergskrentar og på rasmark.

- Mindre øyar med naturskog på myr og i vatn er ofte viktige hekkelokalitetar og bør difor ikkje hoggast.
- Sumpskog bør ikkje hoggast. Sumpskog er ofte svært viktig som beiteområde og hekkeområde for fugl. Det er òg ein relativt sjeldan naturtype.
- Unngå grøfting av myr og "vassjuk mark".
- Ta omsyn til naturleg vegetasjon og drenering langs myrar og vassdrag. Ein bør sette att kantskog mot myr, elvar/bekkar og vatn.
- Ein bør sette att kantskog mot dyrka mark.
- Sett att nokre store tre som får sjanse til å bli verkeleg gamle
- Sett att døde tre og store lauvtre, særleg osp, som reirtre og "spiskammers" virvellause dyr og spettar.
- Ta omsyn til funksjonsområde for spesielle artar, som reirområde for rovfugl og leikområde for storfugl.
- Ved vegframføring og hogst i viktige viltområde er det viktig at viltmyndighetene blir tatt med i planlegginga på eit tidleg stadium.

Hjorteviltet, og då spesielt hjort, kan medføre betydeleg beiteskader på skog i kommunen. Der skadane er spesielt store bør ein vurdere tiltak gjennom bestandsforvaltninga.

### JORDBRUK

Mange viltartar, særleg fugleartar, lever i nær tilknyting til jordbrukslandskapet, sjølv om få artar er direkte knytt til slike område. Artar som i dag kan reknast som typiske kulturlandskapsartar er vipe, låvesvale, stare, skjor og gråsporv. Dei fleste andre artane i kulturlandskapet er primært knytt til kantvegetasjon og tilgrensande skog.

Jordbrukslandskapet er kjenneteikna ved høg primærproduksjon, noko som også viltet kan dra nytte av. Jordbruksområda får kunstig høg planteproduksjon ved gjødsling, og i tillegg er jordbruksareala som regel lagt til dei frå før mest produktive områda. Særleg det småskala jordbrukslandskapet, som er vanleg på Vestlandet, er samansett av mange ulike biotopar som kan vere leveområde for ei rekke ulike viltartar. Særleg viktig er små skogholt og kantskog langs t.d. eidegrens, bekkar og vatn.

Intensivering og mekanisering av jordbruket har mange stader ført til eit meir einsarta landskap, med dårlegare tilgang på ulike levestader. Tiltak i landbruket som kan vere negative for viltet er fjerning av kantskog og åkerholmar, lukking og kanalising av bekkar og grøfting og oppdyrkning av våtmark. Fleire av desse tiltaka er mindre aktuelle i dag, fordi det har blitt større fokus på fleirbruksomsyn. På Vestlandet gjer dessutan topografi og egedomsforhold at dei fleste brukar har små innmarksareal. For artar som hekkar eller hentar næring på dyrka mark og beitemark, er nok tidleg

slått, attgroing og nedbygging av areal som har gått ut av drift, dei største problema. Færre beitande storfe, kan truleg ha negative konsekvensar for insektetarar som låvesvale, stare og gråsporv.

Viltet på si side kan ha uønskte verknader på landbruket. Mange stader har ei veksande hjortestamme ført til auka problem med beiteskadar på skog og innmark. Det er òg tidvis konfliktar mellom rovdyr og sauehald i enkelte område. Kongeørna er den einaste av dei freida rovdyra som ein veit har fast tilhald i Voss. Til vanleg må tap som skuldast kongeørn reknast som lite, men skadar kan oppstå av og til. Kongeørna er jamt utbreidd i Heile Hordaland, og finst i dei fleste beiteområde for sau. Det ser ikkje ut til å vere nokon samanheng mellom nærlieken til hekkande kongeørn og tap av sau på utmarksbeite.

## FRILUFTSLIV OG FERDSEL

I Noreg har allmenta lovfesta rett til fri ferdsel i utmarka. Dette gjeld dei fleste former for friluftsliv, men med visse avgrensingar (jakt, fiske og motorisert og organisert ferdsel). Ferdsel i utmark er ofte eit resultat av den enkelte si interesse for natur og naturopplevingar. Likevel vil slik ferdsel nesten alltid kunne ha visse negative konsekvensar for viltet. Særleg i yngletida er mange viltartar vare for forstyrringar, men også til andre årstider kan stress på grunn av ferdsel føre til at enkelte artar endrar bruken av området. Difor er det viktig å ta omsyn til viltet under alle former for friluftsliv.

Hundar kan gjere stor skade på viltet dersom dei blir sleppte laus i viltet si yngletid. Det er difor innført bandtvang i tida mellom 1. april og 20. august. I Voss kommune er det utvida bandtvang til 30. sept. jf. eigne reglar for dette.

## JAKT

Som ved anna ferdsel i utmark kan jakt, ved ferdsla i seg sjølv, ha ueheldige verknader på viltet, også på artar som ikkje er jaktbare. Jakta føregår imidlertid til den tida på året då viltet er minst sårbar for forstyrringar.

Når det gjeld småviltet har uttaket i samband med jakta under normale forhold liten verknad på bestandsutviklinga. Likevel vil eit høgt lokalt jaktpress over tid truleg kunne føre til ein reduksjon i lokale viltbestandar (Kastdalen 1992, Hjeljord 1994), både som ei følgd av sjølv uttaket, og ved at viltet flyttar til andre område. Det er sjølv sagt grenser for kor stort jakttrykk ein bestand tåler, difor er det viktig at den lokale viltforvaltinga til ei kvar tid vurderer kvar grensa for forsvarleg uttak går.

Når det gjeld hjortevilt er jakta eit viktig bestandsregulerande verkemiddel. Prinsippet om retta avskyting er innført for å oppnå ei ønska kjønns- og alderssamansetjing i bestanden for dermed å oppnå optimal produksjon. Retta avskyting føreset at ein har god kjennskap til bestandsstorleik og alders- og kjønnsfordelinga i bestanden. "For store" bestandar av hjortevilt kan føre til lågare slaktevek-

ter (generelt dårlegare kondisjon), redusert overleving om vinteren og store beiteskadar på skog og innmark. Kor stor ein ønsker at hjortebestanden skal vere blir difor ei avveging mellom ønsket om optimal produksjon og omfanget av beiteskadar (jf. kap.8).

Det er viktig å understreke at jakt ikkje er nødvendig for viltet eller naturen sin eigen del, men berre ut frå vårt eige ønske om optimal produksjon.

## FAUNAKRIMINALITET

Jakt og fangst av freda vilt, særleg truga og sårbare rovfuglar og ugler, har vore eit utbreidd problem på landsbasis. Dette gjeld både ulovleg felling av det nokre oppfattar som "skadevilt", felling av sjeldne artar for utstopping og ulovleg innsamling av egg og ungar t.d. for falkoneri. I Noreg er det generelt forbod mot eggsamling, og medviten forstyrring av hekke/yngleplassar kan òg i alvorlege tilfelle reknast som faunakriminalitet. Omfanget av slik aktivitet lokalt i Voss er ikkje kjent, men er truleg lite. Ved mistanke om ulovleg eller uansvarleg aktivitet bør lensmannsetaten og miljøvernansvarleg i kommunen varslast.

## NEDBYGGING AV NATUROMRÅDE

Bygging av bustadar, hytter, industri, hamneområde, vindparkar osv. vil alltid ha visse negative konsekvensar for viltet. Direkte ved sjølve arealinngrepet og indirekte ved auka aktivitet, ferdsel og støy. Infrastruktur i samband med slike utbyggingsar, som vegar og kraftlinjer, legg òg beslag på areal og fører til fragmentering av naturområda. I framtidig arealforvalting er det viktig at større utbyggingsområde ikkje blir lagt innanfor prioriterte viltområde, og heller ikkje så nær opptil desse at dei blir vesentleg negativt påverka (her må ein vurdere storleik og type inngrep i kvart enkelt tilfelte).

## VEGAR

Vegbygging er ofte store naturinngrep. Ein av dei største negative konsekvensane ved vegbygging er den fragmenteringa av landskapet som dette fører med seg. Særleg større vegar, med høge vegskjeringar og stor trafikk kan representera vandringshinder for enkelte viltartar. Vegframføring opnar dessutan for auka tilgjenge til område som det frå før var meir tidkrevjande å nå. Dette kan føre til auka forstyrringseffekt langt utanfor sjølve vegtraséen.

Påkøyrlar av vilt er òg stadvis eit alvorleg problem, ikkje berre for viltet men òg når det gjeld trafikktryggleik. Ved planlegging og tilrettelegging kan skadeverknadane avgrensast.

Ved bygging av traktorvegar og skogsbilvegar er det viktig at skogetaten tar kontakt med viltforvaltingsmyndighetene, for i størst mogleg grad å unngå alvorlege konfliktar.

## VASSDRAGSREGULERING

Vassdragsregulering er først og fremst aktuelt i samband med kraftproduksjon, drikkevatn og settefiskanlegg. Voss er berørt av to store kraftreguleringar; Evanger/Eksingedalen og Hamlagro/Bergsdalen, men Vosso ovanfor Vangsvatnet er verna mot kraftutbygging. Det er også nokre småkraftverk i kommunen, og fleire er under oppføring eller planlegging.

Regulering av innsjøar kan føre til oversvømming av tidlegare hekke- og næringsøksområde og redusert næringstilgang som følgje av endra forhold i vatn og elvar (f.eks. dårlegare gyteforhold for fisk, vandringshinder, dårlegare produksjon av botndyr, endra djupneforhold og hyppige og store endringar i vasstanden). Lomartane er spesielt utsatt for hyppige endringar i vasstanden fordi dei oftast byggjer reiret like i vasskanten. Tørrlegging av elvar kan føre til lågare produksjon av insekt som har larvestadiet i vatn, noko som fører til dårlegare næringstilgang for fugl som lever av insekt i og ved elva.

Det ser likevel ikkje ut til at vassdragsreguleringar har hatt store konsekvensar for vassdragstilknytta viltartar i Voss, som fossekall og vintererle. Teigdalselva, som er nokså sterkt regulert, har ein tilsynelatande normal hekkebestand av fossekall.

## KRAFTLEIDNINGAR

Kollisjon med kraftleidninga tek livet av svært mykle fugl, og dei årlege tala er truleg sjusifra. Når det gjeld dei jaktbare artane, særleg hønsefuglar, reknar ein på landsbasis med at kraftleidninga kvart år tek livet av fleire fuglar enn det som blir felt under jakta.

Det er dei minste høgspentlinene som er farlegast for viltet, fordi dei er mindre synlege og ofte ligg i høgde med tretoppane. Men også større høgspentlinjer er farlege, særleg i skumringa og om natta.

Dei fleste fuglane misser livet ved kollisjon med leidningane, men 22 KV-linjene er også farlege for enkelte rovfuglar og ugler ved såkalla elektrokusjon. Dei brukar stolpane som utkikkspost og kan få straum gjennom seg når dei rører ved to leidninga eller leidning og jord samstundes. Problemet er kjent både for hubro og hønsehauk, men hubroen er særleg utsatt. Problemet kan fjernast ved hengande isolatorar og å isolere leidningane med plaststrømper dei første metrane ut frå kvar stolpe.

På grunn av farene for påflyging og elektrokusjon, er det viktig å ta omsyn til viltet ved plassering av nye linjetrasear. Ein bør unngå å legge kraftlinjer gjennom dei prioriterte viltområda, men dersom det likevel ikkje er til å unngå, kan god planlegging redusere skadeverknadane. Kraftlinjer bør ikke leggast i inn- og utflygingsruta fra våtmarkslokalitar, nær spellassar for skogshøns eller i nærleiken av hekkeplassar for rovfugl og hubro. I særleg utsette område bør ein vurdere jordkabel.

## AVFALL

Opne avfallslassar har ofte blitt trekte fram i samband med uønskt store populasjonar av rev og kråkefugl, som blir sett på som viktige predatorar på egg og ungars av jaktbart vilt\*.

Små, private avfallslassar kan ha den same effekten som større kommunale fyllingar. Det har også blitt reist spørsmål om slakteavfall fra hjortejakta kan vere med å oppretthalde kunstig høge bestandardar av rev og kråkefugl (Smedshaug & Sonerud 1997). Dersom ein har mistanke om at dette kan vere eit problem, bør ein ta konsekvensen av dette og "feie for eiga dør".

\*Om kråkefuglane verkeleg spelar ei viktig rolle når det gjeld regulering av skogshønsbestandane er tvilsamt. Reven ser ut til å spele ei langt viktigare rolle enn både rovfugl, kråkefugl og mārdyr til saman. I Aust-Agder vart det dokumentert ein auke i bestandardane av både mār, hønsehauk og storfugl ein periode etter utbrotet av reveskabb (Selås m. fl. 1995).

## FISKEOPPDRETT/AKVAKULTUR

I dag er konfliktar mellom viltet og oppdrettsanlegg ei lite aktuell problemstilling i Voss, men problemet er velkjent, om ikkje så stort, i meir kystnære kommunar.

Oppdretts- og akvakulturanlegg legg beslag på areal i kystsona og i og ved enkelte ferskvatn. Dette kan føre til visse konfliktar i forhold til viltinteressene. Oppdrettsanlegg kan ha direkte forstyrringseffekt, og plassering av anlegget nært kjende hekkeplassar for sjøfugl og andre nøkkelområde for viltet kan vere uheldig. Andre konfliktar går på at enkelte dyreartar nyttar oppdrettsanlegg som matfat.

I kommunar der det er aktuelt, er det viktig at ein tar omsyn til denne problematikken ved framtidig plassering av oppdrettsanlegg. Dersom plassering av anlegga blir gjort i samråd med viltmyndigheitene, vil ein i større grad kunne unngå opplagte konfliktar.

## 8. STATUS FOR VILTET I VOSS

### AMFIBIAR OG KRYPDYR

#### Frosk *Rana temporaria*

Vanleg art over store delar av kommunen. Finst også høgt til fjells. Under nokså omfattande undersøkingar av eit utval ferskvasslokalitetar i Voss i 2002, fann Dolmen (2002) frosk på 21 av 44 undersøkte lokalitetar rundt om i kommunen.



Frosken er ein vanleg art over det meste av kommunen. Foto: G. Bergo.

#### Padde *Bufo bufo*

Padda har ei vestleg utbreiing i Hordaland, og i Voss er den berre funnen i den vestlege delen av kommunen. Under kartlegging av amfibier og krypdyr i Voss i 2002, fann Dolmen (2002) padde på tre lokalitetar.

#### Hoggorm *Vipera berus*

Utbreidd over store delar av kommunen, og er nok stadvis ganske vanleg. Trivst best på sør vendte, solrike stader.

### FUGLAR

Mellom landlevande virveldyr står fuglane i ei særs stilling når det gjeld utbreiing og artsrikdom. På Voss er det observert 230 artar, og av desse er 126 registrert hekkande innanfor kommunegrensene. Ytterligare 12 artar har truleg hekka i kommunen ved eit eller anna tidspunkt. Svært mykje av kunnskapen om fugl på Voss er, som i mange andre kommunar, framskaffa gjennom frivillig observasjonsarbeid av fugleinteresserte. Den ornitologiske aktiviteten på Voss starta tidleg, med kartleggingane til Anders Bernhoft-Osa på starten av 1900-talet. Resultata av desse undersøkingane er samanfatta i "Beiträge zur Ornithologie von Voss in Norwegen" som vart utgitt i 1927. Ornithologiske undersøkingar vart også utført på Voss nokre tiår seinare. På 1970-talet flytta den fugleinteresserte skotten Eddie Chapman til kommunen, og eit drøyt tiår seinare vart eit ornitologisk lokallag skipa. Den ornitologiske aktiviteten avtok utover 1990-talet, og

lokallaget var løyst opp ved tusenårsskiftet. Trass dette har den ornitologiske aktiviteten på Voss vore svært bra det siste tiåret, mykje som følgje av nokre få, men aktive fuglekikkjarar.

#### Kvalitetssikring av fugleobservasjonar

Artsbestemming av fuglar i felt kan ofte vere vanskelig, også for erfarte fuglekikkjarar, og feilbestemming er eit vanleg fenomen. Derfor har Norsk Ornitologisk Foreining (NOF) oppretta to eksperutval som vurderer innrapporterte observasjonar. Det regionale organet for kvalitetssikring heter Lokal rapport- og sjeldenhetskomite (LRSK). Det finst ein slik komité i kvart fylke. Enkelte artsfunn må også godkjennast av ein nasjonal komité: Norsk sjeldenhetskomité for fugl (NSKF).

I dei følgjande artsomtalane blir det referert til rapportane frå LRSK/NSKF for artar som krev godkjenning. For enkelte uvanlege eller spesielle observasjonar som ikkje krev godkjenning, er det referert til andre publikasjonar der slike finst. Fleire observasjonar er også henta frå rapportsystemet for fuglar ([artsobservasjoner.no/fugler](http://artsobservasjoner.no/fugler)), eit rapporteringsverktøy for ornitologar over heile Noreg.

Berre observasjonar der det er mogleg å kople artsfunn til lokalitet og/eller dato er rekna som dokumentert, og er tekne med i denne oversikta for Voss. Ei liste over observerte fuglearistar i Voss vart publisert i ei Vossa-utgåve av *Krompen* i 1987. Tre artar, nattergal, svartterne og vandretrost, er i samråd med LRSK-Hordaland, og etter revurderingar av NSKF, fjerna frå denne lista i ettertid. Dette fordi observasjonane ikkje kan reknast som godt nok dokumenterte. I tillegg kjenner ein til minst fire artar som skal ha vore observert på Voss, men som ikkje er sendt inn for godkjenning. Dette gjeld svartstrupe, pirol, glente og lappiplerke.

### ANDEFUGLAR

#### Knoppsvane *Cygnus olor*

Arten vart observert på Voss i 2003, då minst eit individ vart sett på fleire lokalitetar i kommunen frå slutten av januar til starten av juni (Falkenberg 2004). Bestanden er aukande i Hordaland, men knoppsvana er framleis sjeldan i nordlege og austlege delar av fylket. Arten hekka i Ulvik i 2011, og dette er dermed den nærmaste hekkelokaliteten til Voss.

#### Songsvane *Cygnus cygnus*

Få observasjonar vart gjort av songsvane på Voss før 1983, men sidan dette har arten nyttet enkelte lokalitetar langs Vossovatnet som overvintlingsstad (Chapman 1987a). Winter-bestanden har lenge vore aukande, med opp mot 80 individ på det meste i 2008. Dei siste par åra med kalde



Vossavassdraget er ein viktig overvintringsstad for sangsvaner når det ikkje er for mykje is. Rekorden er frå 2008, då det vart telt opp mot 80 individ i vassdraget. Foto: G. Bergo.

vintrar har ført til at mange har bukka under, og flokken har flytta seg ut frå Vossavassdraget etter kvart som vatna har fryst til. Dei fleste songsvane i Sør-Noreg kjem trekkande om hausten frå hekkeområde i nord og aust, og trekkjer bort att i løpet av mars og april.

#### Sædgås *Anser fabialis*

Sårbart (VU)

Arten vart først observert på Voss av Anders B. Osa i 1925 (Haftorn, 1971). Seinare observasjonar av sædgås i kommunen er gjort i 1981, 2001, 2004/2005 og 2011 (Chapman 1987, Falkenberg m.fl. 2006, 2012). Dei to fuglane som overvintra i Lundarvatnet og Melsvatnet vinteren 2004/2005 viste karakterar som peika mot den austlege (russiske) underarten *A. f. rossicus*, dei andre har truleg vore av den vestlege underarten, *A. f. fabalis*, som hekkar i Finnmark.

#### Kortnebbgås *Anser brachyrhynchus*

På Voss er arten relativt sjeldan, men kan påtrefast nesten årleg under vår- og hausttrekket. Ein av dei største flokkane som hittil er sett i Hordaland rasta på Grandane i mai 2004, og talde 44 individ (Falkenberg & Kjærandsen 2005). Enkeltindivid har òg vorte observert vinterstid. Kortnebbgåsa følgjer til vanleg ei austleg trekkrute over Noreg på veg frå overvintringsområda i Nederland, Danmark og Storbritannia til hekkeområda på Svalbard. Arten hekkar også på Island og Grønland.

#### Tundragås *Anser albifrons*

Sjeldan art på Voss, og i underkant av eit titals observasjonar er gjort. To underartar førekjem i Noreg: *A. a. flavirostris* og *A. a. albifrons*; fuglane på Voss har vore av begge underartar. Underarten *flavirostris* hekkar på Grønland og overvintrar i størst grad i Irland og Skottland. Underarten *albifrons* har ein meir nordaustleg utbreiing, og finst hekkande på russisk tundra. Desse fuglane overvintrar i Vest-, Mellom- og Søraust-Europa. Tundragåsa observerast sporadisk i Noreg under trekket, men er generelt vanlegast langs kysten.

#### Grågås *Anser anser*

Grågåsa er ein meir eller mindre fast trekkfugl i kommunen vår og haust, men sjeldan veldig talrik. Nokre større flokkar vert likevel sett rastande eller på direkte trekk av og til. M.a. 63 individ på Grandane 17. august 2006. Grågåsa er på framgang som hekkefugl i Hordaland, og vil kanskje også etablere seg på Voss i framtida. Arten er elles utbreidd som hekkefugl langs heile norskekysten.

#### Stripegås *Anser indicus*

To individ rasta på Grandane 5. mai 2004, og dette er hittil den einaste observasjonen av arten på Voss (Falkenberg & Kjærandsen, 2005). Arten har si naturlege utbreiing i Asia, men er innført til Europa som parkfugl. Forvilla individ finst fleire stader sørover i Europa, og arten er ein sporadisk, men regelmessig gjest i Noreg.

#### Kanadagås *Branta canadensis*

Kanadagåspopulasjonen på Voss er aukande, og om lag sju par hekka i 2011. Over 40 individ er talde opp vinterstid. Dei viktigaste hekkelokalitetane for arten er Lønøyane naturreservat og Seimsvatnet. Kanadagåsa har også hekka fleire andre stader i kommunen. Arten er opphavleg nordamerikansk, men vart sett ut fleire stader i Noreg frå 1958-1984 (Haftorn 1971). På Voss dukka den opp første gong i 1976, og vart observert meir hyppig mot slutten av 80-talet. Arten er no ein vanleg hekkefugl i store delar av Noreg, og bestanden ser framleis ut til å auke i Hordaland (Svendsen 2007).



Kanadagåsa er ein innført art i Noreg. I Voss vart det registrert sju hekkande par i 2011. Foto: G. Bergo.

#### Kvitkinngås *Branta leucopsis*

Arten er ein sjeldan trekkfugl på Voss, og er observert ved omlag 10 høve. M.a. rasta 18 individ på Vangsvatnet utanfor Grandane under eit seint snøfall 20. april 2007 (Falkenberg m.fl. 2008). Det er svært sjeldan at så store flokkar av arten vert sett i innlandet i Noreg. Svalbardbestanden av kvitkinngås passerer norskekysten på veg frå og til overvintringsområda i Storbritannia, og truleg er det individ frå desse fuglane som av og til dukkar opp på Voss.

### **Ringgås** *Branta bernicla*

Berre observert to gonger på Voss: Eit individ vart sett på Vangsvatnet 11. juni 1994, og eit individ rasta ved Lønaøyane naturreservat 1. mai 2010 (Mjøs og Frantzen 1996a, Falkenberg m.fl. 2011). Fuglane på Voss vart ikkje bestemt til underart.

### **Gravand** *Tadorna tadorna*

Gravanda er ein sjeldan trekkfugl i innlandet, men enkeltobservasjonar av arten i Voss er gjort vår og haust, m.a. i mars og september 2010 (Falkenberg m.fl. 2011). Den er ein kystbunden art som finst hekkande langs store delar av kystlinja nord til Finnmark. I Hordaland er det likevel berre ein kjend hekkelokalisitet, på Herdla i Askøy kommune (Falkenberg m.fl. 2008).

### **Mandarinand** *Aix galericulata*

Er observert ti gonger på Voss. Observasjonane gjeld fortrinnsvis hannfuglar på våren. Mandarinanda er opphavleg ein sør-austasiatisk art, men har vorte innført til Europa som pryd- og parkfugl. Ein forvilla bestand finst m.a. i Storbritannia. Fuglar som dukkar opp i Noreg reknast enten som rømte parkfuglar, eller som streiffuglar frå forvilla bestadar.

### **Brunnakke** *Anas penelope*

Vanleg trekkfugl i kommunen, spesielt på våren, men vert sjeldan funnen hekkande. Dei største konsentrasjonane førekjem i april, gjerne opp mot 35-40 individ ved Grandane. Høvesvis 37 og 32 individ vart observert 8. april 2005 og 3. april 2010. Myrdalsdeltaet har tidligare vore ein fast hekkeplass, med m.a. to hekkande par i 1977 (Byrkjeland 1980, Chapman, 1987a). Arten er også funnen hekkande på fleire av dei andre våtmarkslokalitetane på Voss, men ikkje dei aller siste åra. Brunnakken er elles utbreidd som hekkfugl i mindre og større vatn på taigaen, men også spreidd i store delar av Noreg.

Ein vaksen hann av hybridforma amerikablesand *Anas americana* x brunnakke vart observert ved Reppen 22. april 2000 (Mjøs & Solbakken, 2001). Dette er ei sjeldan hybridform i Noreg, og observasjonen på Repen er den einaste i Hordaland (Falkenberg 2001).

### **Snadderand** *Anas strepera*

### **Nær truga (NT)**

Sjeldan men regelmessig trekkfugl vår og haust. Arten er også observert overvintrande, m.a. heldt ein hofarga fugl seg i Melsvatnet vinteren 2006/2007 (Falkenberg m.fl. 2008). Snadderanda har ei spreidd og sparsam utbreiing i Nord-Europa, men nokre få hekkefunn vert gjort årleg i Noreg.

### **Krikkand** *Anas crecca*

Til dels vanleg hekkfugl i små vatn og tjørn, i tillegg til i dei fleste av våtmarksområda i kommunen. Dei viktigaste hekkelokalitetane er Myrdalsdeltaet og Lønaøyane. Bestandsutviklinga har truleg vore svakt negativ i seinare tid. Krikkanda er

vanleg som hekkfugl i heile Noreg, frå brakkvassområde til fjellområde. Trekkfugl som kjem i mars/april og trekker bort i september-november.

### **Amerikakrikkand** *Anas carolinensis*

Arten er observert tre gonger på Voss: I 2001, 2002 og 2008. Alle observasjonane er gjort i perioden 11. april - 18. mai (Solbakken m.fl. 2003, Olsen m.fl. 2010). Dette er ein nordamerikansk art som opptrer regelmessig i Europa. Arten vart tidligare rekna som ein underart av krikkanda, men reknast no som eigen art. Amerikakrikkanda skil seg frå krikkanda ved at hannen har ei loddrett, kvit stripe på kroppssidene.

### **Stokkand** *Anas platyrhynchos*

Stokkanda er nok den mest velkjende av grasdene, og er vanleg i store delar av Noreg. Den hekker mange stader i Voss, og fleire hundre individ kan overvinstre langs Vossovassdraget. Vinterbestanden har likevel truleg vore minkande i seinare tid, men årsaka til dette er uviss.

### **Stjertand** *Anas acuta*

### **Nær truga (NT)**

Vert observert med jamne mellomrom i trekktida, mest i april, enkelte år relativt hyppig. Arten hekker spreidd og fåtalig i Noreg, i næringsrike og grunne vatn ved kysten eller på myrer og i små tjørn i fjellet. Den er ikkje funnen hekkande i Voss, men ein ungfugl vart skoten ved Hamlagrøvatnet 18. juli 1893 (Bernhoff-Osa 1927), noko som kan tyde på at stjertanda hekka i dette området rundt århundreskiftet. Sommargjest her til lands frå april til september.

### **Knekkand** *Anas querquedula*

### **Sterkt truga (EN)**

Opptrer meir eller mindre årleg i Voss på trekket, men alltid fåtalig. Hordaland sitt første og førebels einaste hekkefunn av arten vart gjort ved Lønavatnet i 1993 (Pedersen 1995). Par med hekkeåtferd har i tillegg vorte observert ved fleire høve ved Lønaøyane, seinast i 2006 (Chapman 1987a, Falkenberg m.fl. 2007). Her i kommunen dukkar arten vanlegvis opp i mai, og den forlet som regel landet i august/september.



Det hittil einaste hekkefunnet av knekkand i Hordaland er frå Lønavatnet i 1993. Fuglen på bildet er fotografert på Maurset i Eidfjord, juni 2006. Foto: A. T. Mjøs.



Stokkanda er den vanlegaste andefuglen i Voss, som elles i Hordaland. Her ei ho med ungar ved Oppheimsvatnet. Foto: G. Bergo.

#### **Skeiand** *Anas clypeata*

Sjeldan i Voss, men vert stundom observert på vår- og hausttrekket på våtmarkslokalitetane. Den første observasjonen i kommunen vart gjort i 1976 (Råd 1979), og om lag 15 observasjonar er gjort etter dette. Skeianda er ein fåtalig hekkefugl i grunne, næringsrike vatn i låglandet i Noreg, helst på stader med tett kantvegetasjon. Trekkfugl som kjem i april/mai og trekkjer bort i september/oktober.

#### **Taffeland** *Aythya ferina*

Sjeldan gjest som av og til vert observert i kommunen under trekket vår og haust, enkelte år meir hyppig enn andre. Svært fåtalig som hekkefugl i Noreg, men vanlegare på trekk og vinterstid. Arten hekkar i hovudsak frå Vest-Europa og austover gjennom Sentral-Asia til Søraust-Russland, og overvintrer i Vest-Europa, rundt Middelhavet, i Afrika og sør i Asia.

#### **Toppand** *Aythya fuligula*

Fåtalig hekkefugl i Voss, men kan vere relativt talrik i trekktidene, då større flokker kan sjåast enkelte stader langs Vossovassdraget. Eit av dei første hekkefunna i Hordaland vart gjort i Melsvatnet i 1974 (Chapman 1987a). I ettertid er fleire hekkefunn gjort, dei fleste i Myrkdalsdeltaet. Toppanda har etterkvart etablert seg som hekkefugl fleire andre stader i Hordaland, både i låglandet og i fjellet.

#### **Nær truga (NT)**

#### **Bergand** *Aythya marila*

Nokre få individ av vert observert på trekk vår og haust i Voss, men hekking er ikkje kjent. Eit par var observert i slutten av juli i eit lite vatn i Bordalen i 1990 (Chapman 1991), og det er difor ikkje umogeleg at hekking har funne stad. I Hordaland hekkar berganda på Hardangervidda, og eit mindre tal overvintrer på enkelte faste lokalitetar langs kysten. Hekkebestanden på Vidda har i seinare tid vorte sterkt redusert, kanskje m.a. som eit resultat av utbreidd garnfiske til fjells.

#### **Sårbar (VU)**

#### **Ærfugl** *Somateria mollissima*

Sterkt kystbunden art som berre er observert to gonger på Voss: På Vangsvatnet 20. november 1977, og igjen same stad, 28. april 2004 (Chapman 1987a, Falkenberg & Kjærandsen 2005). Vanleg og talrik hekkefugl langs heile norskekysten. Sjeldan i ferskvatn og i innlandet, med unntak av nokre få faste trekkruuter som går over fastlandet, m.a. mellom Trondheimsfjorden og Austersjøen, vår og haust.

#### **Havelle** *Clangula hyemalis*

Sjeldan, men bortimot årleg trekkjhest, vanlegvis i oktober/november, men også til andre tider av året. Arten hekkar fåtalig i fjellvatn i Sør-Noreg, m.a. nokre få par på Hardangervidda, i nord også ned mot kysten, men er vanlegare som hekkefugl på arktisk tundra. Overvintrer vanleg langs heile norskekysten, også i Hordaland.

**Svartand** *Melanitta nigra***Nær truga (NT)**

Vert observert under trekket haust og vår, og ein sjeldan gong om vinteren. Arten er også observert på Vikafjellet sommartid etter tusenårsskiftet, og kan difor vere ein fåtalig hekkefugl i dette området. Svartanda hekkar frå tregrensa og oppover til høgfjellet i Sør-Noreg, m.a. på Hardangervidda, lenger nord også ned mot kysten. Store flokkar overvintrar til havs langs heile norskekysten nord til Troms.

**Sjørre** *Melanitta fusca***Nær truga (NT)**

Sjeldan trekkjest på Voss. Dei fleste nyare observasjonar har blitt gjort på Vangsvatnet utanfor Grandane i mai og juni. Sjørra hekkar i første rekke i fjellet i Noreg, men er fåtalig som hekkefugl i Hordaland (Hardangervidda). Arten overvintrar langs store delar av norskekysten.

**Kvinand** *Bucephala clangula*

Vanleg heile året, men er mest talrik haust og vår. Store flokkar på opp mot 50 individ vert nokre gonger sett i Vossovassdraget under vårtrekket, m.a. vart 46 og 50 individ talt opp på Vangsvatnet utanfor Grandane høvesvis 15. april 2004 og 8. april 2005. Arten hekkar vanlegvis ikkje i Hordaland, men fleire individ kan likevel observerast på Voss kvar sommar. Hekking er også registrert i kommunen, m.a. i 1871, 1979 og 1984 (Haftorn 1971, Chapman 1987a, Mjøs 1987).

**Lappfiskand** *Mergellus albellus***Sårbar (VU)**

Sjeldan, berre seks observasjonar er gjort av arten på Voss. Nokre få individ overvintrar i Sør-Noreg kvart år, i Hordaland mest i sørlege delar av fylket. Lappfiskanda hekkar på taigaen i tilknyting til innsjøar eller rolege vassdrag. I Noreg finn ein dei fleste hekkande individua i Pasvik i Finnmark.

**Siland** *Mergus serrator***Ansvarsart vinterbestand**

Har dei siste 30 åra vore ein meir eller mindre vanleg sommargjest i kommunen. Overvintring observerast berre unntaksvis. Tre-fire par hekkar langs Vossovassdraget kvart år, kanskje vanlegast rundt Vangsvatnet. Arten er elles vanleg som hekkefugl i heile Noreg, og mange overvintrar langs kysten av Sør-Noreg.



Laksanda er ein årvisse vintergjest i Vosso, men den er berre funnen hekkande i kommunen ein gong. Foto: A.T. Mjøs.

**Laksand** *Mergus merganser*

Kan sjåast i Vossavassdraget heile året, men vanlegast haust, vinter og vår. Større mytflokkar, på nokre tids individ, vert av og til observert på sommaren, men hekking er berre registrert ein gong, då ein hofugl vart observert med 3 dunungar ved Øyane, Voss 24. juni, 2001 (Falkenberg 2002). Dette var det tredje hekkenet i Hordaland. Arten er generelt sjeldan som hekkefugl på Vestlandet, men overvintrar ganske vanleg, helst i ferskvatn.

## HØNSEFUGLAR

**Lirype** *Lagopus lagopus*

Vanleg hekkefugl i lågalpine område. Bestanden svingar mykje m.a. med klima og næringstilgang. Større flokkar vert av og til observert haust og vinter.

**Fjellrype** *Lagopus muta***Ansvarsart hekkebestand**

Vanleg hekkefugl. Som for lirypa svingar bestanden mykje m.a. med klima og næringstilgang. Større flokkar vert av og til observert haust og vinter. Fjellrypa trivst i opne område med lite vegetasjon, og er i hovudsak å finne i høgfjellet.

**Orrfugl** *Tetrao tetrix*

Utbreidd hekkefugl i skogsområde, vanlegast opp mot tregrensa. Langs kysten av Hordaland hekkar arten også i lyngheilandskapet, men er i tilbakegang mange stader, truleg mest på grunn av attgroing.

**Storfugl** *Tetrao urogallus*

Fåtalig hekkefugl. Storfuglen er typisk knytt til større, samanhengande område med eldre barskog. Om lag 20 leikområde har vore kjent i kommunen, men skogen i fleire av desse er heilt eller delvis nedhogd, og status for mange av desse leikane i dag er usikker. Mykje tyder på at bestanden på Voss er lågare enn tidlegare, men bestanden svingar noko frå år til år.



Storfuglen er ein av karakterartane i eldre furuskog på Voss. Foto: G. Bergo.

**Vaktel** *Coturnix coturnix***Nær truga (NT)**

Observert i kommunen før 2. verdskrig, men er i nyare tid ikkje registrert igjen før i 1995. Etter år 2000 er arten observert fleire gonger. Myrkaldalsdeltatet har vore den sikraste lokaliteten, og i 2007 hekka truleg vaktel her (Falkenberg m.fl. 2008). Arten trivst i ope jordbrukslandskap, og hekkar på dyrka mark. Vaktelen er sjeldan her til lands, og i Hordaland føreligg det 17 funn. Songen er svært karakteristisk, og høyrest vanlegvis på natta.

## LOMMAR

**Smålom** *Gavia stellata*

Sjeldan gjest i Vossovassdraget i trekktidene. Dei fleste observasjonane i seinare tid er gjort på Grandane. Arten var vanleg på Vangsvatnet tidleg på 1900-talet, og hekka m.a. ved Bulken i 1908, der ein dununge vart skoten 17. juli (Bernhoft-Osa 1927). Hekking er ikkje kjent frå nyare tid, men arten er hørt kaklande (territoriehevdande) på Vikafjellet ved minst eit høve det siste tiåret. Eit individ på Hamlagrøvatnet 25. mai 2008 er også ein interessant observasjon. I Hordaland er smålomen ein fåtalig hekkefugl i fjellvatn langs kysten, med tyngdepunkt i Nordhordland. Eit mindre tal overvintrar langs kysten av fylket, men arten er mest talrik under trekket langs ytterkysten vår og haust.

**Storlom** *Gavia arctica***Nær truga (NT)**

Sjeldan, men regelmessig under vårtrekket i Vossovassdraget. Som oftast obs. av einslege fuglar eller par i mai månad. Nokre observasjonar vert også gjort på hausten, mest av ungfuglar i september månad. Hekking er ikkje påvist, men storlomen reknast likevel som ein mogeleg hekkart i kommunen. Eit par vart m.a. observert på Krokasetvatnet 10. juli 1989 (Chapman 1990), men denne lokaliteten er ikkje undersøkt nærmere i seinare tid. I Hordaland hekkar truleg 15-20 par, fleire av desse på Hardangervidda. Arten har hatt ein noko negativ trend som hekkefugl dei siste 20 åra.

## DYKKARAR

**Dvergdykker** *Tachybaptus ruficollis***Nær truga (NT)**

Sjeldan art på Voss. Enkeltindivid observerast på vinterstid, og det kan då ofte dreie seg om stasjonnære fuglar. Melsvatnet er ein god lokalitet for dvergdykkar, der den har overvintra fleire år. Arten er også observert sommarstid, m.a. i Myrkaldalsdeltatet, men hekking er ikkje påvist. I Hordaland vert vanlegvis eit eller to hekkefunn gjort kvart år.

**Toppdykker** *Podiceps cristatus***Nær truga (NT)**

Arten er observert til saman tre gonger på Voss, i mai 1977, mai 1995 og mai-juli 2001 (Chapman 1987a, Pedersen 1996, Falkenberg 2002). Toppdykkaren har ei austleg og sørleg utbreiing i No-

reg, og er ein sjeldan og sporadisk gjest i Hordaland, oftast i ytre strok.

**Gråstrupedykkar** *Podiceps grisegena*

Den hittil einaste observasjonen i Voss kommune vart gjort ved Rekvesøyane naturreservat 20. desember 1992 (Chapman 1993). Gråstrupedykkaren overvintrar fåtalig langs kysten av Hordaland.

**Hornodykker** *Podiceps auritus*

Sjeldan, men meir eller mindre regelmessig trekgjest, kanskje i hovudsak på våren. I Hordaland overvintrar arten fåtalig langs kysten. Vart funnen hekkande i Sveio i Sunnhordland i 1979 og 1980 (Storstein 1980).

## SKARVAR

**Storskarv** *Phalacrocorax carbo*

Før 1986 var storskarven berre observert ein gong på Voss (Chapman 1987), men dei seinare åra har arten blitt vanlegare. No sjåast fuglar (vanlegvis enkeltindivid) regelmessig rastande i vassdraga under trekket. Storskarven har også blitt vanlegare å sjå utanom trekktidene. Den sørlege underarten av storskarv *P.c. sinensis* har i seinare tid auka si utbreiing nordover langs kystlinja, og vart for første gong funnen hekkande i Hordaland sommaren 2011 (Stein Byrkjeland pers. medd.). Fuglane som av og til dukkar opp på Voss er nok denne underarten.

**Toppskarv****Ansvarsart vinterbestand***Phalacrocorax aristotelis*

Toppskarven er vanlegvis berre å finne i den ytste skjergården i Noreg. Ein fugl vart likevel sett rastande på Rekvesøyane 12. september 1995 (Mjøs & Frantzen 1996).

## STORKEFUGLAR

**Stork** *Ciconia ciconia*

Voss har hatt besøk av stork to gonger, sist i 2010, då ein fugl vart observert i Melsvatnet nokre dagar i november. Den første observasjonen i kommunen vart gjort 3. juni 1998 (Falkenberg 1998). Arten hekkar nærmast oss i Sverige og Danmark, men streiffuglar dukkar årleg opp i landet vårt (11 funn i Hordaland).

**Egrettthegre** *Casmerodius albus*

Eit individ vart sett i Melsvatnet og i Lundarosen i perioden 22. - 27. april 1978. Dette var det fjerde funnet av arten i Noreg (Bentz 1979). Hittil er det gjort 14 funn i Hordaland (Falkenberg m.fl. 2011). Egrettthegra hekkar i Sentral-Asia og Sentral-Europa, lokalt så langt nord som Nederland. Nokre få streifindivid vert årleg observert i Noreg.

### **Gråhegre** *Ardea cinerea*

Blir obs. relativt ofte, men er sjeldan som hekkefugl på Voss. Tidleg på 1900-talet hekka nokre par i Hegraberget ved Svortetjørni på Flatlandsmoen (Bernhoft-Osa, 1927). Gråhegra vart på ny funne hekkande i kommunen ved Lønøyane i 1981 (Chapman & Øvsthus 1981). Etter dette har arten hekka fleire gonger, m.a. ved Melsvatnet, men truleg aldri meir enn eit enkelt par.



Gråhegra er ingen uvanleg art å sjå på Voss, men hekking er sjeldan. Foto: G. Bergo.

## ROVFUGLAR

### **Kvepsevåk** *Pernis apivorus*

### **Sårbar (VU)**

Eit individ vart sett i Haugsvik 11. oktober 1980, og dette er den einaste kjende observasjonen av kvepsevåk på Voss. Arten hekkar i Noreg på Sør- og Austlandet, og blir svært sjeldan observert i Hordaland (6 funn).

### **Havørn** *Haliaeetus albicilla*

### **Ansvarsart hekkebestand**

Var svært sjeldan før 1990, men det siste tiåret er arten observert regelmessig og stadig meir hyppig. Dei fleste individua vert sett langs Vossovassdraget utanfor hekketida, nokre er også observert høgt til fjells. Hekking er ikkje påvist. Frå eit minimum på kanskje 5 par i 1980, har havørnbestanden i Hordaland tatt seg kraftig opp. No hekkar det truleg meir enn 100 par i fylket.

### **Myrhauk** *Circus cyaneus*

### **Sårbar (VU)**

Berre eit par observasjonar er gjort av myrhauk på Voss. Ein adult hann vart observert på Rekvesøyane 18. april 1988 (Mjøs 1991). Ein fugl vart skoten i Bordalen 6. oktober 1923, og denne er no å finne i dei naturhistoriske samlingar i Bergen (skinn nr. 8607). Myrhauk er ein sjeldan hekkefugl på Hardangervidda.

### **Hønsehauk** *Accipiter gentilis*

### **Nær truga (NT)**

Hønsehauken på Vestlandet er sterkt knytt til den gamle, produktive furuskogen. Arten nytta ofte forskjellige reir innanfor territoriet frå år til år. På byrjinga av 1980 talet var det påvist ca. 20 reirområde i kommunen (Bergo 1992). Det siste tiåret er det berre registrert hekking i sju av desse. Fleire

av hekkeområda på Voss er sterkt påverka av skogbruk og fleire reirtre er hogde ned.

### **Sporvehauk** *Accipiter nisus*

Hekkar på eigna lokalitetar fleire stader i kommunen. Hekkar som oftast i eldre granskog, ofte granplantefelt i hogstklasse 3-4. Mange norske sporvehaukar trekker ut mot kysten og sørover til Mellom-Europa om vinteren, men ein god del overvintrar også. På Voss trekker fleire fuglar ned mot tettbygde område vinterstid, der dei ofte livnærer seg av småfugl ved fôringssbrett.

### **Musvåk** *Buteo buteo*

Sjeldan art på Voss, som berre vert observert under vår- og hausttrekket av og til. Nyare observasjonar er m.a. frå Væte i april 2005 og Gjernesmoen i september 2006 (Falkenberg m.fl. 2006, 2007). Musvåken er ein fåtalig hekkefugl i kystområda i Hordaland (kanskje 10-15 par), og ein viss framgang for hekkebestanden har vore registrert dei seinare åra. Forholda ligg til rette for at arten skal kunne etablere seg som hekkefugl i Voss i framtida, men indikasjonar på hekking føreligg så langt ikkje.

### **Fjellvåk** *Buteo lagopus*

I gode smågnagarår kunne det fram til slutten av 1970-talet truleg hekke rundt 100 par i kommunen. Arten er no meir fåtalig, også i smågnagarår. Dei fleste hekkefuglane på Voss er å finne frå bjørkebeltet og oppover, men frå andre stader er det kjent at fjellvåken også kan hekke i låglandet. Overvintrande individ er sjeldan, men vert sett av og til.

### **Kongeørn** *Aquila chrysaetos*

Bestanden har auka jamt og trutt etter fredinga i 1968. Det er no påvist totalt 10 hekkande par innanfor kommunegrensene. Kongeørna er i hovudsak standfugl, men ungfuglar kan gjerne forflytte seg større avstandar vinterstid, særleg ved streng kulde og dårleg tilgang på næring i innlandet og i fjellet.

### **Fiskeørn** *Pandion haliaetus*

### **Nær truga (NT)**

Streifindivid vert observert bortimot årleg langs hovudvassdraget, mest i perioden april-september. Hekkefunn frå Hordaland er ikkje kjent, men arten vart på vist hekkande i Sognefjorden i 1960. I Noreg trekkfugl som kjem i april og trekker bort i september, overvintrar i Afrika.

### **Tårfalk** *Falco tinnunculus*

Tårfalken er i dag truleg vanlegaste rovfuglen i kommunen, på same måte som den var på starten av 1900-talet (Bernhoft-Osa, 1927). Mange par kan hekke i gode smågnagarår. Tårfalken kan hekke i ei lang rekke biotopar, men er på Voss vanlegast å finne frå bjørkebeltet og opp på snau-fjellet. Sommargjest i Noreg som tilbringer vinteren lenger sør i Europa.



Ti par kongeørn hekkar innanfor Voss sine kommunegrenser, men alle hekkar ikkje kvart år. Foto: G. Bergo.

#### Aftenfalk *Falco vespertinus*

Arten er sett ein gong i kommunen: Ein ungfugl rasta på Rekvesøyane 6. september 2001 (Solbakken m.fl. 2003). Dette var det sjette av totalt åtte funn i Hordaland.

#### Dvergfalk *Falco columbarius*

Fåtalig hekkefugl i bjørkebeltet, men kan også hekke i bergveggar over tregrensa. Arten blir også observert jamleg på trekket, ofte ved våtmarker langs Vossavassdraget. Dei fleste trekkjer sørover til Vest- og Mellom-Europa vinterstid.

#### Lerkefalk *Falco subbuteo*

#### Sårbar (VU)

Lerkefalken er ein sjeldan trekkjhest i Hordaland, med totalt seks funn. Tre av funna er frå Voss: 1981, 1992 og 2004 (Kålås 1982, Chapman 1993, Falkenberg m.fl. 2005). Observasjonen frå 1981 var den første i fylket.

#### Jaktfalk *Falco rusticolus*

#### Nær truga (NT)

#### Ansvarsart hekkebestand

Fåtalig hekkefugl knytt til fjellområda. I gode ryeår kan fleire par hekke innanfor kommunegrensene. Eit par fekk t.d. fram 3 ungar i 1978 (Bergo 1982). I 2010 var det kjent 17 sikre hekkelokalitetar i Hordaland utanom lokalitetane på Voss (Målsnes 2011). Paret kan nytte fleire forskjellige reirplassar innanfor territoriet. Vaksne jaktfalkar held seg ofte i hekkeområdet gjennom heile året, men ungfuglar flyttar seg ofte ut mot kysten vinterstid.

#### Vandrefalk *Falco peregrinus*

Vandrefalken var borte som hekkefugl i Voss om lag fram til tusenårsskiftet. I dag er minimum to hekkelokalitetar påvist. Vandrefalkbestanden i

Noreg og mykje av Europa vart kraftig redusert på midten av 1900-talet som følgje av bruk av miljøgifter i landbruket. På 1960 talet vart det ikkje påvist hekkande vandrefalk i Hordaland (Bergo 1985), men bestanden har i seinare tid tatt seg kraftig opp att. Arten er i stor grad trekkfugl her til lands, men fleire overvintrar langs kysten.



Ung jaktfalk. Foto: G. Bergo.

## RIKSER

### Vannrikse *Rallus aquaticus*

Den første vassriksa på Voss vart funnen død på Prestegardsmoen 24. oktober 1980 (Harald Grimstad). I ettertid er nokre få observasjonar gjort, m.a. på Rekvesøyane 10. desember 2001 (Falkenberg, 2002). Vassriksa er ein våtmarksart som trivst i fuktige område, fortrinnsvis i takrøyrvegetasjon. Nokre få par hekkar i Hordaland, men arten er truleg vanlegare i trekktidene og i milde vinrar.

### Myrrikse *Porzana porzana*

**Sterkt truga (EN)**  
Den første myrriksa som vart registrert på Voss vart funnen i därleg forfatning 6. juni 1981 på Grandane (Chapman 1987a). Etter dette er arten høyrt syngande nokre få gonger, m.a. ved Lønøyane og Melsvatnet. Siste observasjon av eit syngande individ er frå Myrkdalsdeltaet i juni 2006 (Falkenberg m.fl. 2007). Myrrikse hekkar spreidd og i låge tal i Sør-Noreg, og overvinstrar truleg i Sør-Europa og Afrika. Songen vert stort sett framført på natta, og er svært karakteristisk.

### Åkerrikse *Crex crex*

**Kritisk truga (CR)**  
Var nok årvisse hekkefugl i kommunen tidlegare. På slutten av 1800- og starten av 1900-talet vart fleire individ høyrt på Voss kvart år (Bernhoft-Osa 1927). Åkerrikse er knytt til enger med frodig vegetasjon. Den vert framleis høyrt syngande på Voss av og til, men ikkje lenger årleg. Hekking er ikkje påvist i nyare tid. Eit par konkrete observasjonar frå 2000-talet av syngande individ: Vele i Bordalen 15. juli 2006 og Rekvesøyane 29. mai 2009 (Falkenberg m.fl. 2007, 2010). Åkerrikse har gått sterkt tilbake i heile Vest-Europa, noko som har samanheng med endra driftsformer i landbruket. Spesielt tidleg siloslått øydelegg mange reir.

### Sivhøne *Gallinula chloropus*

**Nær truga (NT)**  
Berre seks observasjonar er gjort av arten på Voss, alle av enkeltindivid. Den nyaste observasjonen er frå Melsvatnet 17. des. 2011 (Falkenberg m.fl. 2012). Sivhøna er ein svært fåtalig hekkefugl i kystområda i Hordaland, men er vanlegare lenger mot sør og aust i Noreg. Arten er knytt til mindre tjørn med mykje kantvegetasjon.

### Sothøne *Fulica atra*

Sjeldan, men enkeltindivid har sidan midten av 1980-talet blitt sett meir eller mindre årleg. Bestanden i fylket har sitt tyngdepunkt i Bergensområdet, og har vore aukande dei siste tiåra (Falkenberg m.fl. 2010). Vanlegvis finn ein arten i næringsrike, grunne innsjøar og tjørn.

## TRANEFUGLAR

### Trane *Grus grus*

Vert observert jamleg på trekket i april og mai, vanlegvis enkeltindivid eller mindre grupper. Større flokkar er sjeldan, men observerast av og til. M.a.

rasta heile 54 individ på Grånosmyrane 10. september 1989 (Chapman 1990). Trana har ei austleg utbreiing i Noreg, og hekkar i hovudsak i myrområde og våtmarker langt frå folk. Nokre få par hekkar på Hardangervidda. Arten har truleg hekka i kommunen det siste 10-året, men dette har ikkje kunne verifiserast.

## VADEFUGLAR

### Tjeld *Haematopus ostralegus*

Nokre få par hekkar truleg langs hovudvassdraget i kommunen. Driv gjerne næringssøk på dyrka mark. Større flokkar kan ein sjeldan gong sjåast rastande på trekklokalitetar i kommunen vår og haust. Til dømes vart 20 individ talt opp på Grandane 10. april 2009. Tjelden er ein vanleg hekkefugl langs heile den norske kystlinna.



Tjeld. Foto: F. Falkenberg.

### Dverglo *Charadrius dubius*

### Nær truga (NT)

Funnen hekkande på Grandane to gonger. Dette er dei einaste hekkefunna av arten i Hordaland. Det første hekkenet vart gjort i 2001, då eit par fekk fram ein flygedyktigunge (Falkenberg & Heggen 2001). Før dette var det berre åtte funn av dverglo i Hordaland, og arten var heller ikkje observert på Voss. Det andre hekkenet vart gjort i 2006 (Falkenberg m.fl. 2007).

### Sandlo *Charadrius hiaticula*

Nokre titals individ vert årleg observert på trekket, i hovudsak i mai og august. Den høgaste dagsnoteringa ein kjenner frå ein lokalitet på Voss vart gjort ved våtmarksområdet utanfor Gjernesmoen 17. august 1980, der 23 individ vart tald opp. Arten er sjeldan som hekkefugl i kommunen, men nokre få par hekkar i fjellet. Arten er også observert hekkande i låglandet ved minst eitt høve (på Grandane i 2010). Sandloen er elles ein ganske vanleg hekkefugl i Noreg, på sand- og grusstrender langs kysten og enkelte stader ved våtmark i fjellet, m.a. på Hardangervidda.

### Boltit *Charadrius morinellus*

Hekkar spreidd og fåtalig i høgfjellet, m.a. ved Grånosmyrane og Grindaflatene, men truleg også andre stader, som til dømes rundt Volavatnet og ved Sendo på Vikafjellet. I dei sistnemnde områda er fuglar (og ungfuglar) observert i hekketida dei siste tiåra. Småflokkar og enkeltindivid vert ein sjeldan gong observert på dyrka mark under vårtrekket i mai, kanskje oftast på Haugo, m.a. i 2004 og 2005 (Falkenberg & Kjærandsen 2005, Falkenberg m.fl. 2006). Boltit er ein relativt utbreidd hekkefugl i den norske fjellheimen, helst på høgare platå med kort vegetasjon.

### Heilo *Pluvialis apricaria*

Vanleg hekkefugl i dei fleste fjellområda på Voss. Større og mindre flokkar rastar kvar vår på dyrka mark fleire stader i kommunen. Rekvesøyane er ein god lokalitet, og det er ikkje uvanleg med tresifra tal her i mai. På Opheim vart heile 300 individ observert 12. mai 1999.



Ung heilo. Foto: G. Bergo.

### Tundralo *Pluvialis squatarola*

Eit individ ved Lønaøyane naturreservat 8. september 2006 (E. Chapman), er den einaste obserasjonen av arten i Voss. Hekkar på høgarktisk tundra, og er vanleg (men ikkje talrik) langs norskekysten under trekket, hovudsakleg om hausten.

### Vipe *Vaneellus vanellus*

Var ein vanleg hekkefugl ved dyrka mark og våtmark på Voss, men bestanden har gått sterkt tilbake dei seinare åra, noko som samsvarer med bestandsutviklinga mange andre stader i Noreg. Flokkar på heilt opp mot 500 individ kunne observert på Rekvesøyane i april på starten av 1980-talet (Chapman 1987a), men slik er det ikkje lengre. På Haugo, som lenge har vore ein av dei beste lokalitetane for vipa på Voss, med opp mot 12 hekkande par på starten av 2000-talet, vart det i 2010 berre registrert to hekkande par. Årsaka til nedgangen er antatt å skuldast intensivering i jordbruksmekaniseringa, med m.a. tidleg slått. Men vipa har også tidlegare vore fåtalig på Voss. Tidleg på 1900-talet var til dømes arten berre svært fåtalig (Bernhoff-Osa 1927).

### Nær truga (NT)

### Polarsnipe *Calidris canutus*

Er sett nokre få gonger på hausten, flest gonger på Grandane i august. Arten opptrer vanleg langs norskekysten i trekktidene, men er sjeldan å sjå i innlandet.

### Dvergsnipe *Calidris minuta*

Relativt sjeldan trekgjest, men fleire haustobserasjonar er gjort, dei fleste på Grandane og Rekvesøyane. Enkelte år er førekostane betre enn elles, som til dømes hausten 1996, då rundt 25 individ vart sett på Voss.

### Temmincksnipe *Calidris temminckii*

Sjeldan trekgjest vår og haust, vanlegvis på Grandane eller våtmarksområda utanfor Gjernesmoen, og mest i mai og august/september. Kjende hekkeområde i Hordaland er Hardanger-vidda og Finse.

### Tundrasnipe *Calidris ferruginea*

Sjeldan trekgjest frå den sibirske tundraen. Arten er observert i underkant av ti gonger på Voss, sist ved Gjernesmoen 21. august 1999 (Falkenberg 2000). Relativt vanleg langs norskekysten under trekket; først og fremst på returtrekket i august og september.

### Fjøreplytt *Calidris maritima*

### Ansv. vinterbestand

Hekkar på nokre få lokalitetar i fjellet på Voss. Grånosmyrane er ein kjend lokalitet, men indikasjonar på hekking er også observert ved Kringlavatnet på Vikafjellet og ved Harkavatn (sørvest for Volavatnet) (Råd 1979, Mjelstad 1979). Observasjonar er i tillegg gjort på Gråsida i hekketida (Mjøs 1989). Arten er ved nokre få høve også observert på trekk, sist på Grandane 24. mai 2004 (O. Heggen). Arten hekker relativt vanleg i fjellet i Noreg, og overvintrar langs kysten.

### Myrsnipe *Calidris alpina*

### Ansv. hekkebestand

Fåtalig hekkefugl i fjellet nokre stader, m.a. på Vikafjellet og Grånosmyrane. Myrsnipa er den vanlegaste av *Calidris*-vadarane å sjå under trekket på Voss, mest i mai og august/september. Små flokkar kan slå seg ned på dei beste lokalitetane om hausten, i hovudsak på Grandane og Rekvesøyane. Toppnoteringar frå desse stadene er på høvesvis 24 og 26 individ, men generelt er det uvanleg å sjå flokkar på meir enn 10 individ.

### Fjellmyrløpar *Limicola falcinellus*

### Nær truga (NT)

Berre observert med sikkerheit ein gong på Voss, då to individ vart loggført på Rekvesøyane 7. august 1994 (Pedersen 1995). Sjeldan også i resten av fylket, med berre 8 observasjonar totalt.

### Brushane *Philomachus pugnax*

### Sårbar (VU)

Sjeldan under trekket vår og haust, men var noko vanlegare å sjå for eit par tiår sidan. Dei fleste trekkobservasjonane er gjort på Rekvesøyane. Arten kan ha vore potensiell hekkefugl i kommunen nokre tiår sidan, men konkrete hekkelokalitetar

er ikkje kjent. Langvassmyra på Hardangervidda (Eidfjord kommune) har tidlegare vore den sikraste hekkelokaliteten i Hordaland, men arten har vore i kraftig nedgang i Sør-Noreg i seinare tid, og har meir eller mindre forsvunne som hekkefugl i fylket. Dette kan sjåast i parallel med ein markant bestandsnedgang i heile Norden.

#### **Kvartbekkasin** *Lymnocryptes minimus*

Sjeldan, men årleg på hausttrekket i september og oktober. I gode år, m.a. i 2002, har fleire titals individ vorte observert på forskjellige våtmarkslokalitar i kommunen (Falkenberg 2003). Vinter- og vårobservasjonar er langt mindre vanleg, men arten har også blitt observert på desse årstidene år om anna (Falkenberg 2003, Falkenberg 2004, Falkenberg m.fl. 2006). Mudderområda utanfor Gjernesmoen er ein av dei sikraste lokalitetane for arten. Den 1. juli 1989 vart det rapportert om ein spelande kvartbekkasin ved Rusketjørni ved Allmenningane, ein svært interessant observasjon om den er korrekt (Chapman 1990). Kvartbekkasinnen hekker på taigaen, i Noreg i hovudsak i Finnmark.

#### **Enkeltbekkasin** *Gallinago gallinago*

Vanleg hekkefugl på våtmarkslokalitetar og myrer, også i fjellet. Lønaøyane er truleg den beste hekkelokaliteten for arten i Voss. Rekvesøyane er ein av dei beste trekklokalitetane for enkeltbekkasin i Hordaland, og opp mot 60 individ er observert her samstundes. Artten har truleg gått noko tilbake som hekkefugl fleire stader i Noreg dei seinare åra, kanskje mest i låglandet, som følgje av tap av eiga hekkelokalitetar.

#### **Dobbeltbekkasin** *Gallinago media* **Nær truga (NT)**

Ikkje årviss, men eit eller to individ vert nesten årleg observert under hausttrekket, av og til også om våren. Dei fleste av observasjonane er gjort på Myrkdalsdeltaet, Lønaøyane, Grandane og Rekvesøyane. Dobbeltbekkasinnen hekker på kalkrike myrer med vierkratt i fjellet. Områda mellom Tinnhølen, Veigdalen, Bjoreidalen og langs Eitro på Hardangervidda (Eidfjord kommune) er kjende hekkeområde i Hordaland.

#### **Rugde** *Scolopax rusticola*

Rugda hekker i skogsterreng i store delar av Noreg, og er ein fatalig hekkefugl i dei fleste skogsområda på Voss. Nokre få individ kan finne på å overvintrie, men dette skjer berre i milde vintrar. Rugda vert helst observert under sitt karakteristiske fluktspeil i skumringa på våren og forsommaren, der ho flyg i rett flukt over tretoppene medan ho framfører nokre dempa knurrelydar etterfølgjt av ein skarp, pistrete lyd.

#### **Svarthalespove** *Limosa limosa* **Sterkt truga (EN)**

Svarthalespova er berre observert tre gonger på Voss: I mai 1975, august 1980 og mai 1982. Alle observasjonane er gjort på Rekvesøyane. To underarter førekjem i Noreg: Den sørlege underarten

*limosa* hekker i Rogaland, medan underarten *islandica* hekker spreidd frå Møre og Romsdal til Nord-Noreg. Underarten *islandica* er elles vanleg på Island, og vert observert fatalig lenger sør langs norskekysten på vår- og hausttrekket. Fuglane frå Voss er ikkje bestemt til underart, men truleg er det snakk om *islandica*.

#### **Lappspove** *Limosa lapponica*

Ansv. hekkebestand

Berre observert nokre få gonger under trekket. Ein fugl rasta m.a. ved Gjernesmoen 17. september 2000, og ein ny fugl vart sett same stad 31. august 2002 (Falkenberg 2001, 2003). Artten er vanleg langs kysten på veg til og frå hekkeområda på tundra og myrer i det nordlege taigabeltet, men er generelt temmelig sjeldsynt i innlandet.

#### **Småspove** *Numenius phaeopus*

Fatalig, men årleg på vårtrekket. Artten har også hekka i kommunen ved minst eit høve, i Myrkdalsdeltaet i 2008. Småspova er ein sporadisk hekkefugl i fjellet og på kysten i Sør-Noreg, men er meir talrik på myrer og tundra frå Midt-Noreg og nordover.

#### **Storspove** *Numenius arquata*

**Nær truga (NT)**

Vanleg på dyrka mark under vårtrekket, og fleire flokkar rastar langs hovudvassdraget i april. Storspoven kan også observert på hausttrekket, men i mindre tal enn på våren. Artten hekker på nokre få lokalitetar på Voss, og Myrkdalsdeltaet er ein av dei sikraste. Hekkeåtferd er også observert på Rekvesøyane, Lotatræet og på Suae ved Lønavatnet i perioden 2008-2011. Situasjonen i dag er truleg mykje det same som den var på slutten av 1970-talet, då rundt fire hekkelokalitetar var kjende i kommunen (Chapman 1979).

#### **Raudstilk** *Tringa totanus*

Ansvarsart hekkebestand

Vanleg og relativt utbreidd hekkefugl ved mindre og større vatn og vassdrag i skogsområda og i fjellet på Voss. Sjølv om artten er talrik, har bestandsutviklinga truleg hatt ein negativ trend i låglandet i kommunen i seinare tid. Artten er utbreidd i store delar av Noreg, og er i hovudsak ein sommargjest frå april-august.



Raudstilk. Foto: G. Bergo.

### **Sotsnipe** *Tringa erythropus*

Sjeldan trekkfugl som er observert fire gonger på Voss: Tre gonger på Rekvesøyane og den siste utanfor Gjernesmoen 24. august 2006 (Falkenberg m.fl. 2007). I ytre strok i Hordaland blir sotsnipa observert årleg, men fåtalig, på veg til og fra hekkeområda på tundraen i Nord-Skandinavia, NV-Russland og Sibir. Tidleg returtrekk om hausten (ettersommaren).

### **Gluttsnipe** *Tringa nebularia*

Fåtalig gjest på trekket vår og haust, mest i mai og juli/august. Grupper på over fem individ er sjeldan. Rekvesøyane, Grandane, Lønaøyane og Myrdalsdeltaet kan reknast som dei beste lokalitetane for arten i kommunen. Hekkefunn frå Hordaland er ikkje kjent. Trekkfugl som kjem i mai og trekkjer bort i juli/august.

### **Skogsnipe** *Tringa ochropus*

Sporadisk hekkefugl på Voss. Åsatjørnane i Herresåsen er den einaste kjende hekkelokaliteten i kommunen, men hekkeåtferd er også observert ved Lønaøyane naturreservat, Moensvatnet, Ope landstjørn, Svartetjørn og på Kyte i løpet av dei siste tre tiåra. Få hekkefunn elles i fylket. Trekkfugl til Sør-Europa og Afrika som kjem til Noreg i mars/april og trekkjer sørover i august.

### **Grønstilk** *Tringa glareola*

Fåtalig til sjeldan gjest vår og haust, primært i mai og august. Dei fleste fuglane vert sett rastande på våtmarkslokalitetane langs hovudvassdraget, ofte på Grandane og våtmarksareala utanfor Gjernesmoen, men også andre stader. Arten er ein sjeldan hekkefugl i Hordaland, fortrinnsvis på Hardangervidda.

### **Strandsnipe** *Actitis hypoleucos*

### **Nær truga (NT)**

Truleg den vanlegaste vadefuglen i kommunen. Strandsnipa er utbreidd som hekkefugl frå låglandet til fjellet, alltid i nærlieken av vatn. Arten er til dels talrik (i alle fall til vadefugl å vere) som hekkefugl nokre stader langs Vossavassdraget, m.a. langs Strandaelva og langs Vosso mellom Seimsvatnet og Evanger. Opptil eit par pr. 60 meter med elvestrekning er observert fleire stader.



Strandsnipa er truleg den vanlegaste vadefuglen i Voss. Foto: G. Bergo.

Strandsnipa overvintrar i Sør-Europa og Afrika, og dei første fuglane kjem til Voss i siste halvdel av april. På hausttrekket, i hovudsak i august, kan grupper på over 20 individ observerast på dei beste trekklokalitetane, i først rekke Grandane og Rekvesøyane.

### **Steinvendar** *Arenaria interpres*

Sjeldan gjest under vårtrekket. Alle dei fire observasjonane av arten på Voss er gjort i områda rundt Vangsvatnet, og minst tre av dei på Grandane i mai (m.a. Falkenberg m.fl. 2005). Utanom trektida er arten svært kystbunden, og hekking og overvintering førekjem stort sett i ytre skjergard langs heile norskekysten.

### **Symjesnipe** *Phalaropus lobatus*

Sjeldan art på Vestlandet, også på Voss. Hekking i Hordaland er berre kjend frå Eidfjord kommune, på Hardangervidda. Myrdalsdeltaet har dei siste åra vore ein fast lokalitet for enkeltindivid av arten, og hekkeåtferd har vorte registrert utan at hekking har vorte bekrefta (Falkenberg m.fl. 2010).

### **Polarsymjesnipe** *Phalaropus fulicarius*

Ein svært sjeldan innlandsobservasjon er gjort på Voss, då eit individ rasta ved Lønaøyane naturreservat 8. april 1981 (Michaelsen 1985). Svært sjeldan i Hordaland, med berre fem funn totalt. Arktisk art som m.a. hekkar på Svalbard. Eit lite tal fuglar vert kvar haust observert langs norskekysten på veg mot overvintringsområda utanfor Vest- og Sørvest-Afrika, og observasjonar om våren er endå meir uvanleg.

## JOAR, MÅSAR OG TERNER

### **Fjelljo** *Stercorarius longicaudus*

Er funnen hekkande i gode smågnagarår, m.a. nord for Grungen på Vikafjellet i 1989 (Jan Ove Sagerøy pers. medd.), men er elles svært sjeldan. Nokre få observasjonar er også gjort i låglandet, m.a. på Urdland, Opheim og Rekvesøyane, sistnemnde 5. september 1991 (ukjend forfattar 1991). Fjelljoen er i Hordaland mest vanleg som hekkefugl på Hardangervidda, men er også der fåtalig.

### **Hettemåse** *Larus ridibundus*

Fåtalig hekkefugl frå 1992 og i alle fall fram til 2003, då tre rugande individ vart observert ved Melsvatnet. Det første hekkefunnet i kommunen vart gjort på Rekvesøyane (ukjend forfattar 1992). Hettemåsen er framleis ein relativt vanleg streiffugl i kommunen vår og sommar, og nyleg flygedyktige ungfuglar vart observert så sein som 2. august 2011 på Grandane, noko som kan tyde på at arten framleis hekkar i eller i nærlieken av kommunen. Større konsentrasjonar kan sjåast under trekket i slutten av april og tidlig i mai, hovudsakleg på Grandane, der m.a. 76 individ vart talt opp 5. mai 2006. Arten har hatt ei negativ bestandsutvikling i store delar av Noreg sidan 1990, og større reduksjonar er også observert i Hordaland (Falkenberg m.fl. 2007).

sjonar i bestanden har også vore observert i nabolandene våre.

#### Fiskemåse *Larus canus*

Vanleg hekkefugl. Dei første fuglane kjem i starten av april, og dei fleste forsvinn i løpet av august. Den største hekkekolonien i kommunen dei siste åra har vore langs Vangsvatnet ved Svartenakken, der 15-20 par hekka i 2011. Arten er også utbreidd som hekkefugl ved vatn i fjellet, og har vore det i lang tid. Ein voksen fiskemåse vart m.a. observert med tre ungar på Hamlagrøvatnet så langt tilbake i tid som 4. juni 1896 (Bernhoft-Osa 1927). I trekktida på våren, i hovudsak i andre halvdel av april, kan opp mot 150 fuglar observertast på Grandane. Vinterstid er fiskemåsen svært sjeldan på Voss, men enkeltindivid har vorte observert på Vangsvatnet, m.a. i januar 2003. Tal frå nokre tiår tilbake kan tyde på at fiskemåsen har vorte mindre talrik på Voss i seinare tid.



Fiskemåse med ungar i reir på tak. Foto: G. Bergo.

#### Sildemåse *Larus fuscus*

Regelmessig, men vanlegvis fåtalig art. Svært få observasjonar vart gjort før 1980. Dei høgaste tala er registrert i samband med næringstrekk av stormåsar mellom Grandane og Bjørke bosspllass. Fuglane overnattar på Grandane og flyttar seg til Bjørke på dagtid. Den 9. juni 2005 vart 11 individ sett samstundes på Grandane. Etter at mykje av matavfallset på Bjørke vart fjerna, har talet på stormåsar minka i heile Voss. Nokre få fuglar vart likevel observert på Grandane i 2011. Sildemåsen er trekkfugl, og "våre" fuglar overvintrer i Vest-Afrika, hovudsakleg i Marokko.

#### Gråmåse *Larus argentatus*

Vanleg, men etter at mykje av matavfallset på avfallsplassen på Bjørkemoen har vart fjerna har arten tydeleg vorte meir fåtalig. I midten av august 2011 var det høgaste observerte talet på gråmåsar på Grandane 23 individ. Teljingar vart ikkje gjenomført i 2010 på denne tida, men i 2009 var maksimumsnoteringa 125 individ, i 2008 146 individ og i september 2003 heile 260 individ. Arten er påvist hekkande på Voss ved minst eit høve (Eddie Chapman pers. medd.). Arten er langt sjeldnare

om vinteren enn om sommaren, men vert jamleg observert også i dei kaldare månadene, vanlegvis i samband med mildvær.

#### Polarmåse *Larus hyperboreus*

Polarmåsen er observert på Voss to gonger: På Vangsvatnet 23. september 1979 og på Grandane 12. - 17. juli 2008 (Chapman 1987a, Falkenberg m.fl. 2009). Arten hekkar næraast på Bjørnøya og på Svalbard, og er ein fåtalig, men meir eller mindre fast vintergjest langs norskekysten. Innlandsfunn av arten er svært sjeldan, og det kan vere verdt å merke seg at begge funna frå Voss er gjort i sommarhalvåret.

#### Svartbak *Larus marinus*

#### Ansvarsart hekkebestand

Då søppelfyllinga på Bjørke vart driven for fullt, kunne fleire titals individ observertast på Grandane på kveldstid. Dei siste åra har svartbaken vorte eit sjeldnare syn, men er framleis relativt vanleg å sjå i flokkane med stormåsar på Grandane. Arten er vanleg som hekkefugl langs heile den norske kystlinna.

#### Krykkje *Rissa tridactyla*

#### Sterkt truga (EN)

#### Ansvarsart hekkebestand

Utprega sjøfugl som er knytt til den ytre kysten. Likevel er krykkje registrert ein gong på Voss, i Haugsvik 19. januar 1973. Arten opptrer ein sjeldan gong i innlandet, og dette er truleg fuglar som har blåst innover under kraftige uver.

#### Dvergmåse *Hydrocoloeus minutus*

Eit individ vart observert på Grandane frå 2.-5. mai i 2002 (Falkenberg 2003). Dette er det einaste funnet av arten i kommunen. Sjeldan gjest også på fylkesbasis, med 25 funn totalt.

#### Makrellterne *Sterna hirundo*

#### Sårbar (VU)

Sjeldan streifgjest sommartid, berre nokre få observasjonar er gjort. Makrellterna er ein relativt vanleg hekkefugl langs kysten av Hordaland, nokre stader også inn i fjordane. Trass i dette har bestanden minka kraftig på heile Vestlandet dei siste par tiåra. Makrellterna kan dermed ha vore vanlegare også på Voss før i tida.

#### Raudnebbterne *Sterna paradisaea*

Som makrellterna, ein sjeldan streifgjest ved nokre av vatna i kommunen sommartid. Raudnebbterna er sett fleire gonger i kommunen enn makrellterna, flest gonger i områda rundt Vangsvatnet. Arten hekkar i Hordaland m.a. på Hardangervidda, men er vanlegast langs kysten i fylket.

## ALKEFUGLAR

#### Lomvi *Uria aalge*

#### Kritisk truga (CR)

Eit individ vart funne dødt i Haugsvik 21. januar 1993, eit anna vart observert i slutten av oktober 1997. Som alkefuglar flest er lomvien sterkt knytt til marine miljø, men enkeltindivid er kjend for å kun-

ne dukke opp langt inn i landet etter kraftige pålands vindar. Truleg har dette også vore tilfellet for fuglane på Voss.

## DUER

### **Bydue** *Columba livia* var. *domestica*

Streifgjest som oftest dukkar opp på Vossevangen. Bydua trivst i byar og tettbygde strok, og faste populasjonar i Hordaland finst m.a. i Bergen og Odda. Arten har truleg hekka på Voss tidlegare, men aldri i høge tal.

### **Skogdue** *Columba oenas*

Sjeldan trekkfugl som berre er sett nokre få gonger i kommunen, sist 1. mai 2004 (Falkenberg & Kjærandsen 2005). Også sjeldan på fylkesbasis, med totalt 21 funn.

### **Ringdue** *Columba palumbus*

Relativt vanleg hekkefugl i skog og skogholt, gjerne i nærleiken av jordbrukslandskap og kulturmark. På Voss trekkfugl som sjåast i perioden mars-oktober. I hovudsak trekkfugl også i resten av fylket, men mange overvintrar i Sunnhordland og i Bergensområdet.

### **Tyrkerdue** *Streptopelia decaocto*

### **Sårbar (VU)**

Tyrkerdua innvandra til Nord-Europa og Noreg på 50-talet, og etablerte seg som hekkefugl nord til Nordland innan 1967 (Haftorn 1971). På Voss dukka arten opp i 1960, og var ein vanleg hekkefugl på 1970-talet og tidleg på 1980-talet (Haftorn 1971, Chapman 1987a). Tyrkerdua har sidan 1979 forsvunne som hekkefugl på Voss, men nye hekkeforsøk vart truleg gjort ved Haugamoen i 1999 og 2001. Enkeltindivid vert framleis observert av og til.

### **Turteldue** *Streptopelia tutur*

Sjeldan art som er registrert til saman tre gonger innanfor kommunegrensene: 27. juni 1961, våren 1978 og 20.-23. mai 2004, den siste på Haugo (Haftorn 1971, Chapman 1987a, Falkenberg m.fl. 2005). Nokre tiltals fuglar vert kvart år observert i Noreg, i første rekke under trekket, vår og haust. Totalt 68 funn i Hordaland til no.

## GAUKAR

### **Gauk** *Cuculus canorus*

Høyrest ofte, men må reknast som relativt fåtalig. Opptrer oftest i høgareliggende bjørkeskog rundt og tregrensa, noko som har samanheng med at heipiplera er vanlegaste vertsart. Ei lang rekke andre vertsartar er også registrert. Arten kan også opptre i lågareliggende område, men mest i trekiperioden. Trekkfugl som dukkar opp i mai og trekjer sørover i juli-august.

## UGLER

### **Hubro** *Bubo bubo*

### **Sterkt truga (EN)**

Fem eldre hekkelokalitetar er kjent i Voss, men det er ikkje påvist aktivitet i nokon av desse dei siste 10-åra. Dette kan til dels skuldast manglande observasjonsaktivitet. Arten hekkar i små bergvegar, gjerne nær vatn. Hubroen har gått sterkt tilbake på 1900-talet, spesielt i indre strøk. I dag er sviktande næringstilgang, kollisjon med kraftleidningar og ulike inngrep i hekkeområda dei største trugsmåla mot bestanden



Når hubroen kjerner seg truga bles han ofte opp fjørdrakta.  
Foto: G. Bergo.

### **Snøugle** *Bubo scandiacus*

### **Sterkt truga (EN)**

I gode smågnagarår kan snøugla tidlegare ha hekka innanfor kommunegrensene, men ein veit ikkje dette sikkert. I Hordaland er det fleire gamle hekkeplassar på Hardangervidda, men her er det ikkje registrert hekking sidan 1970-talet. To individ fra Voss ligg i dei naturhistoriske samlingane ved Bergen Museum, frå høvesvis frå mars 1905 og mars 1907 (skinn nr. 3782 og 3878, Bernhoft-Osa 1927). Den siste kjende observasjonen frå Voss vart gjort 2. mars 1974 på Mjølfjell (Haug 1974), som også er det siste året snøugla vart registrert hekkande på Hardangervidda (Mjøs & Overvoll 2006).

### **Sporveugle** *Glaucidium passerinum*

Fåtalig hekkefugl. Voss er den einaste kommunen i Hordaland der sporveugla har vorte registrert hekkande. Hekking vart påvist for første gong i 1984 (Sætersdal 1985). Kjerneområda ser ut til å vere skogsområda med naturleg granskog på begge sider av riksvegen ved kommunegrensa mot Granvin, i tillegg til Istadmyrane og skogsområda rundt Nedre Feno. Arten er også observert andre stader på Voss, til dømes på Hamlagrø og i Storåsen, og det er sannsynleg at arten også finst hekkande andre stader.

### Haukugle *Surnia ulula*

Haukugla er påvist hekkande i kommunen nokre få gonger i gode smågnagarår, m.a. på Bulko i 1985 og på Bulko og i Jordalen i 2010. Enkelte år viser haukugla invasionsarta førekjemstar, og slike år har opp mot eit titals individ vorte registrert i kommunen. Døme på gode år er 1988 og 1989. Dei to hekkefunna har truleg òg samanheng med slike invasjonar, der enkelte streiffuglar kan bli att for å hekke.



Haukugle. Foto: G. Bergo.

### Kattugle *Strix aluco*

Kattugla finst i skogområde over heile kommunen, og er den vanlegaste ugle på Voss. Arten hekkar gjerne i eldre lauv- og blandingskog i tilknyting til kulturlandskap, men også i eldre bygningar og uthus.

### Hornugle *Asio otus*

Fleire par hekka i Voss på midten av 1970-talet. I 1974 vart heile sju kull registrert (Råd 1975). Liknande førekjemstar har ikkje vorte observert i ettertid, men hekking vart på ny bekrefta i 1992 (ukjend forfattar 1992). I seinare tid har arten vorte sjeldan. Hornugla reknast som ein nomadeart, og talet på hekkande par i Noreg svingar mykje i takt med tilgangen på smågnagarar. Det er difor ikkje utenkeleg at arten vil vende tilbake som hekkefugl på Voss i framtida.

### Jordugle *Asio flammeus*

Jordugla vert observert i fjellområda i gode smågnagarår, og hekkar då av og til innanfor kommunegrensene. To par vart til dømes registrert sommaren 1988 (Mjøs 1989). Enkeltobservasjonar vert nokre gonger også gjort i låglandet i trektidene. M.a. vart observasjonar av jordugle gjort på Ygre og Rekvesøyane høvesvis 18. og 20. oktober 2002.

### Perleugle *Aegolius funereus*

Påvist hekkande i fuglekassar i 1984, m.a. i Gjernesmoen, og dette var dei første sikre hekkefunna i Hordaland (Sætersdal 1985). Men alt i 1928 vart det antatt at arten hekka på Voss (Haftorn 1971).

Eit varierande tal syngande individ vert hørt bortimot årleg i ulike skogsområde i kommunen, og arten hekkar truleg med jamne mellomrom. Perleugla er elles sjeldan i Hordaland, men individ på streif førekjem meir eller mindre kvar haust. Av og til kan arten opptre invasionsarta etter gode produksjonsår i landa aust for oss. Det er uvisst om perleuglene som vert observert på Voss gjeld streiffuglar, eller om vi har ein fast hekkebestand av arten.

## NATTRAVNAR

### Nattravn *Caprimulgus europaeus*

**Sårbar (VU)**

Eit individ vart observert på Grandane under hausttrekket i 1985 (Chapman 1987a). Dette er den einaste observasjonen i kommunen. Natramnen er ein svært sjeldan fugl på Vestlandet, og den er berre observert 11 gonger i Hordaland.

## SEGLARAR

### Tårnseglar *Apus apus*

**Nær truga (NT)**

Fåtalig hekkefugl på Voss. Vangskyrkja er ein fast hekkeplass, men tårnseglaren hekkar også i fleire andre bygningar i sentrumsområda. I tillegg kan ein også finne arten hekkande i fjellveggar i kommunen, m.a. i Taulaberget. Tårnseglaren er ofte ein av dei siste trekkfuglane som kjem om våren, og dei første er vanlegvis på Voss i siste halvdel av mai. Dei fleste trekker sørover igjen i august.

## RÅKEFUGLAR

### Hærfugl *Upupa epops*

Sjeldan trekkgjest, i størst grad på hausten, men vårobservasjonar er også gjort. Voss har i fylkesmålestokk relativt mange funn av denne arten, med åtte enkeltobservasjonar (m.a. Haftorn 1971, Falkenberg 2002, Falkenberg m.fl. 2006). Totalt 44 funn i Hordaland.

## SPETTEFUGLAR

### Vendehals *Jynx torquilla*

Nokre få par hekkar årleg på Voss. Vendehalsen trivst i open skog og kulturlandskap. Den hakkar ikkje ut reirhol sjølv, og er difor avhengig av fuglekassar eller gamle spettehol. Hosås og Brandset er nok dei sikraste hekkelokalitetane, men fuglar med hekkeåtferd vert også jamleg observert andre stader. Eldre observasjonsdata fra Voss ser ut til å vise ein tydeleg negativ trend. Dette stemmer overeins med at bestanden har vore i tilbakegang i Nordvest-Europa heilt sidan starten av 1900-talet. Vendehalsen er den einaste trekkfuglen blant spettefuglane. Han kjem i mai og trekker sørover mot overvintringsområda i Afrika i september.

### **Gråspett** *Picus canus*

Fåtalig hekkefugl på Voss. Observert i hekketida dei seinare år m.a. på Stalheim, Bulko og Hosås. Dei fleste observasjonane er likevel gjort utanfor hekketida, og berre eit sikkert hekkefunn er gjort: På Klyve i Raundalen 7. juni 1985 (Krempig 1986). Arten vart observert i Bordalen så tidleg som i 1903, også dette i hekketida (Bernhoft-Osa 1927).

### **Grønspett** *Picus viridis*

Nest etter flaggspetten er grønspetten den vanlegaste hakkespetten på Voss. Minst 22 sikre og høgst sannsynlege hekkeområde er kjent pr. 2011, men det reelle talet på hekkande par i kommunen ligg truleg nærmere 50. Grønspetten hakkar vanlegvis ut reirholet i store osper i storvaksen og open lauvskog, på Voss vanlegast i nærleiken av kulturmark. Grønspetten er glad i maur, og lagar karakteristiske groper i maurtuer når den er på maurjakt.



Ung grønspett. Foto: G. Bergo.

### **Svartspett** *Dryocopus martius*

Svartspetten er ein sjeldan art på heile Vestlandet. Voss har majoriteten av funna i Hordaland, og 10 observasjonar er gjort i kommunen til no (Mjøs uppl., Falkenberg m.fl. 2007). I fylket føreligg det 22 godkjente funn av arten. Hekking er ikkje påvist.

### **Flaggspett** *Dendrocopos major*

Den klart vanlegaste hakkespetten på Voss. Dette skil kommunen frå resten av Hordaland, der arten dei fleste stader er nokså fåtalig. Omtalar om fuglelivet på Voss frå tidleg på 1900-talet, tyder på at flaggspetten ikkje var like vanleg før (sjå m. a. Bernhoft-Osa 1927). Arten hekkar i dei fleste skogstypar på Voss, men reirholet hakkast helst ut i osp. Det er vanskeleg å kome med eit godt estimat på hekkebestanden i kommunen. Sannsynleg er det snakk om eit minimumstal på mellom 50 og 100 par. Flaggspetten skil seg frå dei andre spettane ved at den et konglefør. Frøa blir hakka ut i såkalla spettesmier. I år med god førekommst av kongler kan fleire titals individ observerast i skogsområda i nærleiken av Voss sentrum, i hovudsak Prestegardsmoen, Gjernesmoen og Bømoen.

### **Dvergspett** *Dendrocopos minor*

Fåtalig hekkefugl, men meir vanleg enn både kvitryggspett og gråspett. Hekking er kjent m.a. frå Hosås, Nestås, Brandset og Nedre Fенно, men dvergspetten hekkar nok på ein god del fleire lokalitetar på Voss, også oppe i bjørkebeltet. Hosås er nok likevel det klart beste området for dvergspett i kommunen, kanskje med opp mot 5-6 hekkande par. Med utgangspunkt i førekommst av gunstig habitat for arten (Lislevand m.fl. 2009), ligg talet på hekkepar i kommunen truleg i overkant av 20.

### **Kvitryggspett** *Dendrocopos leucotos*

Fåtalig hekkefugl. Arten lever i stor grad av billelarver, og er derfor avhengig av god tilgang på døde tre. Slike biotopar er det truleg mindre av i Voss enn i t.d. kommunane med bratte lauvskogslier i indre Hardanger, som har svært høg tettheit av kvitryggspett. Nokre få hekkelokalitetar er kjende, m.a. Høgrusti ved Stalheim. Hekkefunn er også gjort på Brandset, og arten hekkar truleg jamleg på Hosås. Øvrige observasjonar i hekketida er m.a. gjort ved Nesheimstunet ved fleire høve, og i Øvstedalen ved Bolstad. Tilfeldige observasjonar av kvitryggspett vert gjort jamleg også andre stader, men vanlegvis utanom hekketida. Truleg er det fleire uoppdaga lokalitetar for arten på Voss, men meir kartlegging er naudsynt for å få eit godt bilet av arten sin hekkestatus i kommunen.

### **Tretåspett** *Picoides tridactylus*

Sjeldan og tilfeldig gjest i Hordaland (totalt 15 funn), og berre to observasjonar er publisert frå Voss; frå 1919 og 2001 (Falkenberg 2002). Arten er knytt til barskog, og er generelt svært fåtalig på Vestlandet, men hekkar nokre stader i Sogn og Fjordane.

## SPORVEFUGLAR

### **Topplerke** *Galerida cristata*

Svært sjeldan og tilfeldig gjest. To av totalt tre observasjonar i Hordaland er frå Voss: Ein fugl vart observert syngande i Bømoen 20. juni 1970, medan eit anna individ vart observert i Skulestadmoen 26. mars 1974 (Bengtson m.fl. 1977). Topplerka hekka i Noreg fram til slutten av 1970-talet.

### **Trelerke** *Lullula arborea*

### **Nær truga (NT)**

Sjeldan gjest i Hordaland, med totalt 13 observasjonar. To av desse er frå Voss: Eit individ vart sett på Flatland den 11. juni 1984, medan eit nytt individ vart observert på Reppen 7. juli 1991 (Arnesen 1986, Chapman 1992). Arten hekkar berre lengst sør aust i Noreg.

### **Songlerke** *Alauda arvensis*

### **Nær truga (VU)**

Fåtalig hekkefugl på 4-5 jordbrukslokaltetar i kommunen. Arten vart rekna som ein vanleg hekkefugl på Voss på slutten av 1980-talet, men har, som i store delar av utbreiingsområdet, blitt sjeldnare i seinare tid. Årsakene er truleg både intensi-

vering i jordbruksareal. Nokre få individ vert vanlegvis observert utanfor hekkelokalitetane under hausttrekket.

#### Fjellerke *Eremophila alpestris*

Fåtalig hekkefugl i høgfjellet, m.a. ved Grånosmyrane naturreservat. Arten er også registrert ein gong på trekk i låglandet, på Rekvesøyane 9. mai 1982 (Chapman 1987a). Som hekkefugl i Hordaland er fjellerka mest vanleg på Hardangervidda.

#### Sandsvale *Riparia riparia*

Vanleg hekkefugl på Voss. Kolonihekkar, som hos oss, vanlegvis hekkar i sandtak. Koloniar i sandtak og elveskråningar finst m.a. i Myrkdalsdeltatet, på Rekve, langs Vosso fleire stader på strekninga Langebrua-Grandane, på Gjernesmoen, ved Vannjolo, Bjørke sandtak og fleire andre stader. To av koloniane i Voss (ved Nesheimstunet og Brynavollen) er i mur, noko som er litt spesielt. Truleg er det sand innanfor murelementa her. Anslagsvis er bestanden i kommunen ein stad mellom 250 og 300 hekkande par. Trekkfugl som kjem i mai og trekkjer bort i august.



Sandsvalekoloni. Foto: G. Bergo.

#### Låvesvale *Hirundo rustica*

Vanleg hekkefugl i kommunen, helst i løer og andre driftsbygninga i kulturlandskapet, men også under bruver. Låvesvala er i dag, saman med sandsvala, den vanlegaste svalaarten på Voss, men var tidleg på 1900-talet sjeldan å sjå i regionen (Bernhoft-Osa 1927). Ofte den første svala som dukkar opp på våren, vanlegvis i slutten av april.

#### Taksvale *Delichon urbicum*

Nokre spreidde koloniar i kommunen, dei aller fleste under overhengande fjell og liknande, m.a. i Svartaberget ved Bulken, i Taulaberget og i Holo opp mot Vikafjellet, men nokre hekkar også på bygninga. Trekkfugl som kjem i mai og trekkjer bort i august.

#### Tartarpiplerke *Anthus richardi*

Observeert to gonger på Voss, på Rekvesøyane 15. oktober 1989 og på Lotatræet 16. oktober 2007 (Mjøs 1991, Falkenberg m.fl. 2008). Sjeldan, men

regelbunden haustgjest frå Sibir, mest langs ytre kyst i september og oktober. Totalt 74 funn i Hordaland.

#### Trepiplerke *Anthus trivialis*

Vanleg hekkefugl opp til tregrensa i heile kommunen. Trekkfugl som kjem i mai og drar sørover mot overvintringsområda i Afrika i september.

#### Heipiplerke *Anthus pratensis*

Vanleg og utbreidd hekkefugl, og utan tvil den mest talrike fuglen i fjellet. Store flokker rastar på jordbrukslokalitetar og våtmarkslokalitetar under trekket, mest i mai og september. Flokkar på over 500 individ er observert. Haugo, Istadmyrane og Grandane er gode trekklokalitetar.

#### Skjerpipplerke *Anthus petrosus*

Ansv. hekkebest.

Arten er ein vanleg hekkefugl langs norskekysten, og er sterkt knytt til skjergarden. Likevel er skjerpipplerka observert fleire gonger på Voss under trekket. Første gong i 1990, og sidan m.a. på Grandane og Rekvesøyane i oktober 2005 og i april i 2008 og 2010 (Falkenberg m.fl. 2006, 2009, 2011).

#### Gulerle *Motacilla flava*

Underarten *thunbergii* observert årleg på hausttrekket i august/september, og også relativt hyppig på vårtrekket i mai. Det er ikkje umogeleg at denne underarten hekkar i fjella på Voss, men dette er framleis ikkje påvist. Sørleg gulerle (underarten *flava*) hekka på Rekvesøyane i 2011, og dette er eit av svært få hekkefunn av denne underarten i Hordaland (Kålås, 1981, Lillethun 1978).

#### Vintererle *Motacilla cinerea*

Voss har den største hekkebestanden av vintererle i Hordaland. Det første hekkefunnet vart gjort i 1977. Sidan det har bestanden auka, og i 2006 hekka mellom 10 og 20 par (Heggøy 2006). Dei siste par åra har utviklinga truleg vore noko negativ. Mange vintererler trekker til kontinentet vintersid, og ei negativ bestandsutvikling i seinare tid kan difor vere ei følgje av kalde vintrar i Nord-Europa i 2009/2010 og 2010/2011. Vintererla hekkar oftast i nærleiken av bekkar og elver der vatnet renn hurtig, men kan også slå seg til langs kanalar og innsjøar. På Voss er dei mange djupe bekkegjela ettertrakta hekkelokalitetar, t.d. Rognsfossen, Mosafinnelva og Bordalsgjelet.

#### Linerle *Motacilla alba*

Vanleg og utbreidd hekkefugl, mest i kulturlandskap og urbane område i låglandet, men også opp over tregrensa nokre stader. Trivst òg langs vassdrag. Store flokker samlast på hausten, i hovudsak på Grandane, men også på Rekvesøyane og Lønaøyane. Opp mot 400 individ er observert på Grandane i slutten av august. Linerla er trekkfugl som vanlegvis kjem til Voss i starten av april, og som forsvinn i september/oktober.



Voss er den viktigaste kommunen for vintererle i Hordaland, med rundt 20 hekkande par. Foto: F. Falkenberg.

#### Svartryggerle *Motacilla alba yarrellii*

Britisk underart av linerle som er ein sjeldan hekkefugl i Noreg, mest på Sørvestlandet. Til og med 2011 er minst åtte funn av til saman 11 individ gjort i Voss. Dei fleste av desse funna er gjort relativt tidleg på våren, i hovudsak i slutten av mars og starten av april.

#### Sidensvans *Bombycilla garrulus*


Vanleg vintergjest, spesielt i gode bærår. Opptrer vanlegvis i flokkar, og livnærer seg på frukt og bær vinterstid. Dei største flokkane er vanlegvis å sjå på Voss i oktober-desember, men arten vert også observert jamleg utover våren, nokre få gonger heilt ut i april, og ved eit høve i mai (Falkenberg m.fl. 2007).

#### Fossekall *Cinclus cinclus*

Vanleg hekkefugl ved elvar og bekkar opp til skoggrensa. I gunstige vassdrag er tettleiken typisk ca. 1 par pr. km elv. Hekkar typisk ved fossar og stryk, men kan også hekke t.d. under bruver ved rolegare elvar. Voss er utvilsomt den kommunen i Hordaland som har flest hekkande par av fossekall. Olav Overvoll, Bergen og Tor Bjarte Reigstad, Osterøy, har over ein tiårsperiode kartlagt elvane opp til Vangsvatnet ganske godt, og i tillegg litt sporadisk elles i kommunen. Dei har så langt funne 78 par/hekkeplassar. Bestanden kan vere låg etter kalde vintrar, men i gode hekkar truleg godt over 100 par i kommunen. Ein del individ overvintrar dersom dei har tilgang på opne elvar, men ringmerking har vist at mange trekkjer til Østersjølanda om vinteren, medan andre trekkjer regionalt mot isfrie vassdrag langs kysten. Lokalt er nedre del av Vosso og Bolstadelva gode overvintrings-



Fossekall. Foto: G. Bergo.



Kjende reirplassar fossekall i Voss. Vest for Bulken har det blitt leita systematisk etter reir.

stader for fossekall. Den høgaste koncentrasjonen er registrert mellom Evanger og Saghaug. Den 10.1. 2001 vart talt 33 individ på den knapt fire km lange elvestrekninga her (O. Overvoll og T. B. Reigstad).

#### Gjerdesmett *Troglodytes troglodytes*

Vanleg hekkefugl i skog, ved kulturlandskap og i busette område. Å finne gjerdesmettreir inne i gamle fossekallreir under bruver er heller ikkje uvanleg. Bestanden har gått kraftig ned i Sør-Noreg dei siste par åra, truleg som eit resultat av kalde og harde vintrar i 2009/2010 og 2010/2011. I 2010 og 2011 er arten berre rapportert frå til saman eit titals lokalitetar på Voss. Til samanlikning vart gjerdesmett dei føregåande åra rapportert frå nærmare 50 lokalitetar i kommunen. Ein god del av norske gjerdesmettar trekkjer til Vest- og Sørvest-Europa vinterstid, men mange overvintrar også langs Norskekysten. Nokre overvintrar vanlegvis også på Voss, men i varierande tal.

#### Jernsporv *Prunella modularis*

Vanleg hekkefugl i skog og kantvegetasjon i heile kommunen, gjerne i nærleiken av kulturmark. Kan finnast heilt opp til tregrensa, men er sjeldnare her. Trekkfugl i Noreg som kjem i april og trekkjer bort i september og oktober.

### Raudstrupe *Erythacus rubecula*

Vanleg og talrik hekkefugl. Eit fleirtal av fuglane hekkar i skogsterreng, men arten hekkar også i mange hagar på Voss. Dei fleste er trekkfuglar som kjem i slutten av mars og starten av april, og trekkjer sørover i august/september. Ein god del raudstrupar er også å sjå i tilknyting til fôringssbrett vinterstid, men dei fleste bukkar under i vintrar med streng kulde.



Nylig utflogen raudstrupeunge. Foto: G. Bergo.

### Blåstrupe *Luscinia svecica*

Fåtalig hekkefugl i fjellet. Hekkeåtferd er observert fleire stader, m.a. i Mjølfjellsområdet, Jordalen, ved Hamlagrøvatnet og rundt Volavatnet. Fylkets lågaste hekkeplass for arten er i Myrdalsdeltaet, men mykje tyder på at talet hekkande par har gått ned her dei siste tiåra, og truleg er arten i ferd med å forsvinne fra denne lokaliteten. Blåstrupa vert også observert fåtalig i låglandet i trekktida, vanlegvis i august. Grandane og våtmarksområda utanfor Gjernesmoen er gode trekklokalitetar for arten. Sommargjest i Noreg frå mai til august.

### Svartraudstjert *Phoenicurus ochruros* Sårbar (VU)

Observert to gonger på Voss: På Gjernes juni 1982 og på Rekve i april 1989 (Mjøs 1987, Mjøs 1991). Sjeldan art også på fylkesbasis med totalt 44 funn. Dei einaste hekkefunna av arten i fylket er gjort på Finse (Falkenberg m.fl. 2011). Sommargjest i Noreg frå mars til oktober/november.

### Raudstjert *Phoenicurus phoenicurus*

Fåtalig hekkefugl i kommunen, vanlegvis i litt høgareliggende skogsterreng, men også av og til i fuglekassar i sentrumsmråda. Brandsetdalen og Raundalen er gode område for arten, men mykje tyder på at raudstjerten var vanlegare rundt slutten av 1970-talet, då den vart skildra som ein "karakterfugl" fleire stader i Raundalen (Lien 1978). Artan er trekkfugl som kjem i mai og trekkjer sørover til Afrika i august/september.

### Buskskvett *Saxicola rubetra*

Vanleg hekkefugl ved kulturmark fleire stader. Dei beste lokalitetane for buskskvett er kanskje Myrdalsdeltaet og Rekvesøyane, men arten er

også vanleg mange andre stader i nærleiken av oppdyrka jordbruksareal i kommunen. Trekkfugl til tropiske Afrika, kjem til Voss i starten av mai og drar i august.

### Steinskvett *Oenanthe oenanthe*

Vanleg og utbreidd hekkefugl i heile kommunen, helst i høgareliggende område. I fjellet den vanligeaste fuglearten etter heipilerka. Steinskvetten finst også hekkande eit godt stykke nedanfor trengrensa fleire stader, m.a. i Myrdalsdeltaet, men er i all hovudsak ein fjellfugl på Voss. Arten er vanleg å sjå på dyrka mark om våren, i påvente av at snøen skal smelte i fjellet. Til dømes vart 110 individ observert på pløygd mark på Haugo 16. mai 2005. Sommargjest frå siste halvdel av april til september, overvintrar i Afrika.

### Ringtrast *Turdus torquatus*

Vanleg hekkefugl i dei fleste fjellområda, ofte i samband med rasmask med mykje steinblokker. Kan ofte sjåast i større og mindre flokker på dyrka mark i låglandet om våren. Til dømes vart 29 individ talt opp i Bordalen 22. april 2006 (Falkenberg m.fl. 2007). Kjem i april/mai, og trekkjer sørover att til Nord-Afrika og Middelhavsområda i september/oktober.

### Svartrast *Turdus merula*

Vanleg og utbreidd hekkefugl i heile kommunen, fortrinnsvis i barskog og blandingskog, men også i hagar og kulturmark. Til dels trekkfugl på Voss, men ein god del overvintrar ved fôringssbrett, spesielt i milde vintrar.

### Gråtrast *Turdus pilaris*

Vanleg og utbreidd hekkefugl i heile kommunen. Ein stor koloni finst i Prestegardsmoen, elles finn ein mindre og større koloniar i mange forskjellige biotopar heilt opp til lågalpin sone. Kan vere svært talrik frå bjørkebeltet og opp til mellomalpin sone på hausten, ofte i samband med gode førekommstar av bær. Samlingar på fleire hundre individ er ikkje uvanleg, og flokker på fleire tusen vert av og til observert. Ei betydeleg trekkroute er i løpet av fleire år dokumentert over Skutlesåsen, ut over Grandane og Gjernesmoen, og vidare over Gråsida i slutten av oktober og starten av november.



Gråtrast. Foto: G. Bergo.

Nærare 14 000 individ vart talt opp trekkande mot sør her den 6. november 2005, og fleire tusen vart også observert trekkande på den same tida i 2006 (Falkenberg m.fl. 2006; 2007). Nokre få individ overvintrar, sjeldnare også mindre flokkar.

#### Måltrast *Turdus philomelos*

Vanleg hekkefugl i skogsterreng i heile kommunen, nokre stader ganske talrik. Måltrasten overvintrar i Sør-Europa og Nord-Afrika, og er i Noreg ein sommargjest frå april-september/oktober.

#### Raudvengetrast *Turdus iliacus*

Vanleg og utbreidd hekkefugl i skog og kulturmark i heile kommunen, også i fjellbjørkeskogen. Sjeldan vinterstid. Dei første fuglane kan vanlegvis høyrast syngande i starten av april. Returtrekket skjer mest i september og oktober. På same måte som gråtrasten kan raudvengetrasten også sjåast i store flokkar i fjellet på hausten, gjerne langs dei same trekkrutene som gråtrasten (Falkenberg m.fl. 2007).

#### Duetrast *Turdus viscivorus*

Sjeldan hekkefugl i Hordaland. Nokre titals fuglar vert kvart år observert under trekket, også på Voss. Duetrasten har dessutan vorte påvist hekkande på Voss nokre få gonger, første gong i Raundalen i 1978, som også var det første hekkefunnet i Hordaland (Bergo & Råd 1978). Seinare er arten også funnen hekkande på Hosås og Bulko (E. Chapman). Det er sannsynleg at arten er meir vanleg som hekkefugl i Voss enn det som er kjent, siden den nesten årleg vert observert i hekketida. Minst åtte individ vart m.a. sett i Storåsen, 1. august 2011.

#### Grashoppesongar *Locustella naevia* Sårbar (VU)

Sjeldan, berre fire observasjonar er gjort i Voss, dei siste tre i 2008-2009. I tillegg vart ein syngande fugl som høgst sannsynleg var ein grashoppesongar, høyrd på Haugo i 2011 (K. Sagerøy). Indikasjon på hekking vart gjort i 2009, då det som truleg var ein ungfugl vart observert i Myrkdalsdeltaet på seinsommaren, samstundes med minst ein syngande voksen fugl (Falkenberg m.fl. 2010). Grashoppesongaren er sjeldan også på fylkesbasis, men har blitt vanlegare dei siste åra. Kanskje blir den også vanlegare på Voss med tida. Sommargjest i Noreg frå mai-august, mest på Sørvestlandet, Austlandet og i Møre og Romsdal.

#### Elvesongar *Locustella fluviatilis*

Sjeldan og tilfeldig gjest i Hordaland, med totalt fire funn. Det eine vart gjort på Almeland i Voss, den 11.-12. juni 1992 (Høyland & Mjøs 2001). Arten er svært fåtalig i Noreg, og er ikkje registrert hekkande. Elvesongaren har sitt normale utbreiingsområde i Sentral- og Aust-Europa, nord til sørlege delar av Finland og Sverige, og vidare austover i Russland. Overvintringsområda ligg i Aust- og Sør-Afrika.

#### Sivsongar *Acrocephalus schoenobaenus*

Sjeldan art i Voss. Den vart bekrefta hekkande i kommunen i 1986 (Chapman 1987b). Den er gjerne knytt til våtmark, og er observert på Grandane, Lønøyane, Rekvesøyane og Myrkdalsdeltaet det siste tiåret, med høvesvis to, to, tre og fem individ. Det er uvisst om nokre av desse fuglane har hekka. Arten er noko vanlegare langs kysten av Hordaland, og er elles utbreidd over store delar av Noreg. Sommargjest frå mai til august.

#### Myrsongar *Acrocephalus palustris*

Sjeldan både i Voss og i Hordaland elles. Helst knytt til våtmark. Første funn i Voss vart gjort i Lundarosen 24. juni 2001 (Falkenberg 2002). I 2002 vart hekking påvist i Myrkdalsdeltaet, og dette er hittil det einaste hekkefunnet i Hordaland (Falkenberg 2003). Fleire syngande individ har vorte observert dei seinare åra, m.a. i 2004, 2005, 2007 og 2008 (Falkenberg & Kjærandsen 2005, Falkenberg m.fl. 2006, 2008, 2009). Voss er dermed ein av dei sikraste kommunane for myrsongar i Hordaland. Utbreiinga i Noreg er elles i all hovudsak på Austlandet. Sommargjest hos oss i perioden mai-august.

#### Gulsongar *Hippolais icterina*

Ganske vanleg hekkefugl på Voss, nokre stader overraskande talrik. I Myrkdalsdeltaet er opptil åtte individ høyrd syngande på same tid (11. juni 2005), og opptil seks individ har vorte registrert syngande samtidig både ved Stigen ved Vinje og i Prestegardsmoen. Gulsongaren er elles vanleg dei fleste stader i samband med oreskog og andre typar rik lauvskog. Skildringar av fuglelivet på Voss frå starten av 1900-talet vitnar om at arten også då var vanleg (Bernhoft-Osa 1927). Sommargjest som kjem i slutten av mai og trekker bort i august.

#### Hauksongar *Sylvia nisoria*

#### Kritisk truga (CR)

Sjeldan art, som berre er observert ein gong på Voss, på Haugamoen 30. august 2005 (Falkenberg m.fl. 2006). Dette er truleg det einaste innlandsfunnet i fylket. Hauksongaren er ein svært fåtalig hekkefugl i Søraust-Noreg. Den er elles utbreidd aust i Sverige og frå Sentral-Europa austover til Ural og sørover til Italia og Iran. Nokre titals individ vert kvar haust observert på trekket, fortrinnsvis langs kysten. Totalt 32 funn i Hordaland.

#### Møllar *Sylvia curruca*

Sjeldan gjest, i størst grad på våren og forsommen. Arten er observert åtte gonger på Voss, den første gongen så seint som 30. mai - 1. juni 2001 (Falkenberg 2002). I Hordaland elles er møllaren ein sjeldan hekkefugl i ytre del av fylket. Sommargjest frå mai til september.

#### Tornsongar *Sylvia communis*

Truleg fåtalig hekkefugl på Voss, knytt til buskvegetasjon og kantsoner i kulturlandskapet. Syngande individ vert observert årleg. Truleg var arten meir vanleg før (Chapman 1987a). Tornsongaren

er ein ganske vanleg hekkefugl langs kysten av Hordaland, m.a. i attgroande kystlynghei med buskvegetasjon. Trekkfugl som kjem i mai og drar sørover i september mot overvintringsområda sør for Sahara.

#### **Hagesongar** *Sylvia borin*

Fåtalig, men regulær hekkefugl på enkelte lokaliteter i kommunen, m.a. i Myrdalsdeltaet. Hagesongaren er noko vanlegare langs kysten i Hordaland, men må også her reknast som fåtalig. Den er elles utbreidd i store delar av landet. Sommargjest i Noreg frå midten av mai til august, overvintrar i tropiske Afrika.

#### **Munk** *Sylvia atricapilla*

Vanleg hekkefugl i frodig lauvskog, helst med tett undervegetasjon. I hovudsak trekkfugl som kjem i april/mai og drar i august-oktober, men nokre få individ prøver seg på overvintring i samband med bærbuskar og fôringssbrett enkelte vintrar (m.a. Falkenberg m.fl. 2009).

#### **Bøksongar** *Phylloscopus sibilatrix*

Sjeldan art både på Voss og i fylket elles. Knytt til lysopen skog. Dei fleste funn av denne arten blir gjort under vårtrekket, og då stort sett i mai og juni månader. Eit eldre hekkefunn frå Voss vart gjort på Vossevangen i juni 1918 (Tho & Schaanning 1921). Bøksongaren hekkar på Sør- og Austlandet, og er sommargjest frå mai til august.

#### **Gransongar** *Phylloscopus collybita*

Vanleg hekkefugl, på Voss helst i tilknyting til barskog, men også i lauvskog. Oftast den første songaren som dukkar opp om våren, dei første individene vert vanlegvis observert heilt i starten av april. Arten overvintrar i områda rundt Middelhavet, nokre også sør for Sahara, og trekkjer sørover frå Noreg i august-oktober.

#### **Lauvsongar** *Phylloscopus trochilus*

Den mest talrike hekkefuglen i Voss, som i det meste av landet elles. Hekkar frå havnivå og opp til vierkratt høgt til fjells. Dei høgaste konsentrasjonane finn ein gjerne i fjellbjørkeskogen. Trekkfugl som kjem i slutten av april og starten av mai, og trekkjer bort i august og september.

#### **Fuglekonge** *Regulus regulus*

Vanleg i barskogsområde, særlig granskog, over heile kommunen. Fuglekongen er den minste fuglen i Noreg. I Sør Noreg i hovudsak standfugl, men nokre trekkjer til kontinentet vinterstid.

#### **Gråflugesnappar** *Muscicapa striata*

Meir eller mindre vanleg hekkefugl på Voss, lokalt talrik. Finst gjerne i nærleiken av eldre bygningar og kulturmark, men også i ope skogsterreng. Nesheimstunet og Myrdalsdeltaet er spesielt gode stader for gråflugesnappar, men arten er også vanleg på ei lang rekke andre lokalitetar. Det er ikkje uvanleg å sjå samlingar på 20 individ innanfor

ei lite område i juli/august. Trekkfugl som kjem i mai og drar sørover mot Afrika i september.

#### **Dvergflugesnappar** *Ficedula parva*

Sjeldan art med totalt 15 funn i Hordaland. Arten er observert to gonger på Voss, begge i 1990: På Vossevangen 4. mai og på Gjernes 11.-14. august (Mjøs 1991). Dei fleste observasjonane her til lands vert gjort i samband med haustrekket. Unntaksvis funnen hekkande i Noreg.

#### **Svartkvit flugesnappar** *Ficedula hypoleuca*

Vanleg hekkefugl i skog med god tilgang på reirhol, som til dømes gamle spettehol eller fuglekassar. Lokalt vanleg både i skog og i hagar på Voss. Trekkfugl som kjem i mai og trekkjer bort i august/september. Overvintrar i Vest-Afrika.

#### **Stjertmeis** *Aegithalos caudatus*

Fåtalig og spreidd hekkefugl i eldre lauv- og blandingsskog med rik undervegetasjon. Stjertmeisa opptrer haust og vinter gjerne i større og mindre flokker, som fartar mykje omkring. Indikasjoner på hekking er m.a. gjort i Myrdalsdeltaet og på Nedkvitne i seinare tid.

#### **Lauvmeis** *Poecile palustris*

Ganske vanleg hekkefugl. Er i hovudsak knytt til område med lauv- eller blandingsskog. Standfugl som ofte er å sjå på fôringssbrett vinterstid.

#### **Granmeis** *Poecile montanus*

Vanleg og talrik hekkefugl i store delar av kommunen, i mange forskjellige biotopar. Mest talrik i open barskog og i fjellbjørkeskogen. Standfugl.

#### **Toppmeis** *Lophophanes cristatus*

Fåtalig til vanlig hekkefugl i dei litt eldre barskog-områda i kommunen. Kan enkelte stader opptre ganske talrikt. M.a. vart eit minimum på 15 individ observert i områda rundt Håmyrane naturreservat i starten av august 2011. Standfugl.

#### **Svartmeis** *Periparus ater*

Vanleg hekkefugl i tilknyting til barskog, og likar seg aller best i granskog. Sjeldan talrik, men finst dei fleste stader der det er barskog. Stand- og streiffugl, i Noreg nord til Troms.

#### **Blåmeis** *Cyanistes caeruleus*

Vanleg og talrik hekkefugl opp til bjørkebeltet i heile kommunen, både i skog og i hagar, der den gjerne tek i bruk fuglekassar. Blåmeisa er saman med kjøttmeisa ein av dei mest talrike artane på fôringssbrett vinterstid. Standfugl, men kan ofte streife over større avstandar, og har nokre år invasionsprega førekomst.

#### **Kjøtmeis** *Parus major*

Vanleg og talrik hekkefugl opp til bjørkebeltet i heile kommunen. Som blåmeisa holugar, og tek gjerne i bruk fuglekassar, gjerne i urbane strok.

Standfugl som ofte er talrik på fôringsplassar vinterstid.

#### **Spettmeis** *Sitta europaea*

Vanleg hekkefugl i lågare strok, helst i tilknyting til eldre lauv- og blandingskog, men også i andre biotopar. Arten er holrugar, og hekkar gjerne i fuglekassar. Spettmeisa kan ofte være svært lydetrande. Standfugl.

#### **Trekrypar** *Certhia familiaris*

Blir lett oversett, men må truleg reknast som ein relativt fåtalig hekkefugl. Oftast knytt til litt eldre skog. For det meste standfugl. Streifar ofte rundt saman med meiser i såkalla meiseflokkar.



Trekrypar. Foto: G. Bergo.

#### **Tornskate** *Lanius collurio*

Observerert to gonger i Voss: Ein syngande hann vart observert ved Nesheimstunet 3. juni 1979, medan eit nytt individ vart observert i Myrkdalsdeltaet 22. juli 1990 (Chapman 1987a, Chapman 1991?). Arten er sjeldan i Hordaland, men nokre få hekkefunn er gjort i sørlege delar av fylket, m.a. på Bømlo (Falkenberg m.fl. 2009). Trekkfugl som overvintrer i tropiske Afrika, og som påtreffast i Noreg mest frå mai til august.

#### **Rosenvarslar** *Lanius minor*

Svært sjeldan art, med berre to funn i fylket. Hordaland sitt første funn av arten vart gjort på Voss, på Kvåle 20. august 2006 (Olsen m.fl. 2008). Det andre funnet i Hordaland er frå Fedje i 2008 (Falkenberg m.fl. 2009).

#### **Varslar** *Lanius excubitor*

Sporadisk haust- og vintergjest. Hekkar ikkje i Hordaland, men er knytt til høgareliggande barskog og fjellbjørkeskog lenger nord og aust i lan-

det. Varslaren trekkjer berre kortare distansar, men enkeltindivid sjåast årleg både på Voss og andre stader i Hordaland utanfor hekketida.

#### **Nøtteskrike** *Garrulus glandarius*

Hekkar fåtalig i forskjellig skogstereng i heile kommunen, men særlig granskog. Arten er streif- og standfugl, og kan av og til oppstre invasionsarta. Dukkar gjerne opp på fôringsbrett, men held seg stort sett unna dei tettast busette områda.

#### **Lavskrike** *Perisoreus infaustus*

5-6 individ vart observert på Flatlandsmoen hausten 1928 (Chapman 1987a). Dette er den første av berre to observasjonar av arten i Hordaland. Lavskrika er ein utbreidd hekkefugl i eldre barskog på Austlandet, i Trøndelag og nordover, men er svært stasjonær, og vert svært sjeldan observert utanfor desse områda.

#### **Skjor** *Pica pica*

Vanleg art i kulturlandskap og busette strøk i heile kommunen. Kan unntaksvis observerast heilt opp mot lågalpin sone. Samlast stundom i større flokkar, ofte på overnattingsplassar, der fleire titals individ kan observerast saman.

#### **Nøttekråke** *Nucifraga caryocatactes*

Relativt vanleg art i barskogområde over heile kommunen. Prefererer eldre granskog som reirbiotop, men er avhengig av god tilgang på hasselskog innan 4-5 km. Nøttekråka har eit svært stillferdig levevis i hekketida, men er elles ofte svært lydetrande. Særleg om hausten eksponerer arten seg i større grad enn elles, når fuglane driv aktiv hamstring av hasselnøtter for å førebu seg på vinteren. Nøttekråka har auka utbreiinga si på Vestlandet dei siste tiåra, og dei første observasjonane i Voss vart truleg gjort rundt 1971 (Skjelstad 1975).



Nøttekråke. Foto: G. Bergo.

#### **Kiae** *Corvus monedula*

Eit mindre tal vert regelmessig registrert på vinters tid, gjerne i store kråkeflokkar i samband med nattrekket. Dei fleste av desse fuglane er å finne på avfallsplassen på Bjørkemoen på dagtid. Heile 80 individ vart observert på denne lokaliteten 29.-31. desember i 2007 (Falkenberg m.fl. 2008). Arten har også gjort hekkeforsøk på Voss, då eit par

vart observert under reirbygging på Vossevangen 10. april 2005 (O. Heggøy). Næraste kjende hekkepllass er i Bergen, der den er ein fåtalig hekkefugl.

#### Kornkråke *Corvus frugilegus*

Arten er sjeldan på Voss, men enkeltindivid vert observert jamleg vinterstid, gjerne i kråkeflokkar. Arten hekkar i Rogaland, på Austlandet og i Trøndelag.

#### Svarthråke *Corvus corone*

Sjeldan gjest. Minimum åtte observasjonar av enkeltindivid er gjort på Voss, dei fleste i kråkeflokkar vinterstid. Kan forvekslast med unge kornkråker. Svarthråka er ein regelmessig gjest på Sørvestlandet, og nokre få hekkefunn er gjort i Noreg, vanlegvis i form av hybridiseringar med kråke. Arten hekkar i Vest- og Sørvest-Europa, og erstattar gråkråka (vår kråke) i desse områda.

#### Kråke *Corvus cornix*

Vanleg hekkefugl i heile kommunen opp til trengslen. Overnattar gjerne flokkvis, og opp mot 400 individ er registrert på overnatningsplass i sentrumsområdet vinterstid. Kråka er i hovudsak standfugl, men finske, svenske og nordnorske fuglar kjem trekkande mot sørvest om hausten, og kan sjåast i høge tal i nærleiken av byar og tettstader gjennom vinterhalvåret.

#### Ravn *Corvus corax*

Vanleg å sjå, men må likevel rekna som relativt fåtalig som hekkefugl. Typisk art i fjellet, men hekkar også i låglandet. På 1990-talet vart på det meste over 300 individ registrert på den interkommunale avfallsplassen på Bjørke (Tabell 2). Andre høge noteringar på staden vart gjort i desember 2005 og i mars 2006, med høvesvis 240 og 430 individ (Falkenberg m.fl. 2006, 2007). Dei seinare åra er mykje av matavfallet på avfallsplassen fjernta, og talet på ravn har vorte merkbart redusert. Frå mars 2011 vart matavfallet sortert i hall, noko som medførte ytterlegare reduksjon i tilgang på matavfall. Utelagring av kassert brød mm. ved enkelte gardsbruk ser imidlertid ut til å bli ein ny samlingsplass for kråkefugl.

Frå 2006 har eit av grunneigarlaget i kommunen utbetaut skotpremie på ravn (Tabell 3).



Ravnepar i snødrev. Foto: G. Bergo.

**Tabell 2.** Tal kråke og ravn på avfallsplassen på Bjørke i des/jan.

År	Kråke	Ravn	Totalt
1991	140	260	400
1992	60	255	315
1993	80	240	320
1994	130	205	335
1995	185	200	385
1996	90	172	262
1997	133	198	331
1998	145	268	413
1999	201	311	512
2000*	11	8	17
2001	200	150	350
2002	115	152	267
2003	135	182	317
2004	143	253	396
2005		240	
2006	300	230	530
2007	350	250	600
2008	250	130	380

\* I 2000 vart avfallet levert til Bergen

**Tabell 3.** Utbetaut skotpremier på ravn felt ved avfallsplassen på Bjørke 2006-2012.

År	Tal skotpremier
2006 / 2007	51
2007 / 2008	12
2008 / 2009	127
2009 / 2010	161
2010 / 2011	118
2011 / 2012	47
Totalt	516

#### Stare *Sturnus vulgaris*

Nær truga (NT)

Vanleg hekkefugl. Er knytt til kulturlandskapet, der den hekkar i alle slags holrom, som under takstein og i fuglekassar. Kan også hekke i gamle hakkespetthol i skog i nærleiken av kulturlandskap. Staren samlast i store flokkar etter hekkinga, og opp mot 1000 individ er observert på overnatningsplassar. Døme på slike er øya i utløpet av Vosso på Grandane, Myrkdalsdeltaet og oreskogen langs Vangsvatnet på vestsida av Voss Vandrarheim. Trekkfugl som kjem i februar/mars og forsvinn gradvis frå august-oktober. Enkeltindivid eller små grupper er observert vinterstid, men dette er sjeldan. Trass i at staren framleis er vanleg og talrik, er den raudlista som nær truga pga. tilbakegang over heile Europa. Tilbakegangen skuldast truleg endra driftsformer i landbruket.

#### Rosenstare *Pastor roseus*

Ein obserasjon på Løno 16. oktober 2002 er einaste funn frå Voss. Arten er sjeldan i Noreg, og hekkar i Søraust-Europa og Asia. Enkeltindivid vert år om anna observert i Hordaland, oftast i kyststroka, og i hovudsak ungfuglar i trektida om hausten. Totalt 19 funn i fylket.

### **Gråsporv** *Passer domesticus*

Vanleg hekkefugl i kulturlandskap og bustadområde i store delar av kommunen, nokre stader særstalrik. 11 hekkande par med gråsporv vart talt opp langs Blomvegen i Haugamoen i juni 2011, ei strekning på om lag 300 meter. Dette representerer truleg ein normal tettleik i sentrumsområda. Flokkar kan av og til sjåast på Vossevangen på ettersommaren, m.a. vart 160 individ observert 22. august 2004.

### **Pilfink** *Passer montanus*

Sjeldan art på Voss, men vert observert med jamne mellomrom, kanskje oftast på fôringssbrett vinterstid. Nokre observasjonar er også gjort i sommarhalvåret, og det er difor ikkje umogeleg at den har hekka. Anders Bernhoft Osa observerte pilfink på Vossevangen i desember 1929, men også på den tida var arten fåtalig (Chapman 1987a). Også i Hordaland elles er pilfinken generelt fåtalig, men finst hekkande nokre få stader i kystkommunane i Sunnhordland.

### **Bokfink** *Fringilla coelebs*

Vanleg og talrik hekkefugl i dei fleste biotopar opp til tregrensa. Ein av dei vanlegaste artane i låglandet. Stort sett trekkfugl som kjem i slutten av mars og forsvinn i oktober, men nokre få individ overvintrar av og til på fôringssplassar.

### **Bjørkefink** *Fringilla montifringilla*

Vanleg hekkefugl i bjørkebeltet. Hekkar også i lågare strok, m.a. på Prestegardsmoen, men er då mindre talrik. Sommargjest frå april-oktober, men kan av og til overvintre i varierande tal. Optil 105 individ vart til dømes observert på ein fôringssplass i januar og februar i 2007.

### **Grønfink** *Carduelis chloris*

Vanleg hekkefugl i skog nær kulturlandskapet, og i buskterring. Opptrer ofte i flokkar på fôringssbrett vinterstid, men ein del individ trekker også til Vest-Europa om vinteren.

### **Stillits** *Carduelis carduelis*

Sjeldan vintergjest, vanlegvis på fôringssbrett. Tidlegare antatt hekkeart på Prestegardsmoen, og arten vart oppfatta som talrik her i 1904 (Bernhoft-Osa 1927). Stillitsen er utbreidd som hekkefugl på Sør- og Austlandet, og er ikkje registrert hekkande i Hordaland i nyare tid.

### **Grønsisik** *Carduelis spinus*

Vanleg hekkefugl i skog, i første rekke bar- og blandingsskog. Opptrer i svært varierande tal, avhengig av næringstilgang (i hovudsak tilgang på frø), ofte i store flokkar på fleire hundre individ utanfor hekketida. Stand- og streiffugl som er utbreidd i store delar av Noreg.

### **Tornirisk** *Carduelis cannabina*

### **Nær truga (NT)**

Er observert nokre få gonger på Voss, m.a. på Grandane i september 2004. Hekkar fåtalig enkelte

stader langs kysten av Hordaland, men er sjeldan i innlandet.

### **Bergirisk** *Carduelis flavirostris*

### **Nær truga (NT)**

Ansv. hekkebestand

Vanlig hekkeart i fjellet og fleire stader langs kysten i Noreg, men mykje tyder på at bestanden i Sør-Noreg har hatt ein nedgang dei siste åra. Arten er derfor raudlista som nær truga. Den er likevel framleis ein ganske vanlig hekkefugl i fjella på Voss. Større flokkar kan nokre gonger opptre i låglandet på vårtrekket. 200 individ vart til dømes talt opp ved Sundve 27. april 2007 (Falkenberg m.fl. 2008).

### **Brunsisik** *Carduelis cabaret*

Truleg relativt vanleg hekkefugl. Arten vart inntil nylig rekna som ein underart av gråsisik, men både utbreiing, draktforskellar og storlek gjorde at brunsisiken fekk status som eigen art i 2001. Brunsisiken er knytt til kystnære furuskogsområde i Sør-Noreg, men er også å finne i gode tal opp mot fjellbjørkeskogen i innlandet i Hordaland. Arten opptrer også vanleg i større og mindre flokkar i trekktidene, på Voss noko sjeldnare om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med gråsisik.

### **Gråsisik** *Carduelis flammea*

Opptrer vanlig i større og mindre flokkar i trekktidene og om vinteren, gjerne i blandingsflokkar med brunsisik. Har som hekkeart langs kysten ei meir nordleg utbreiing enn brunsisiken, og er i vårt fylke knytt til bjørkeskogen i indre fjordstrøk og områda opp mot bjørkebeltet. Gråsisik er truleg vanlegare enn brunsisik på Voss, og er ein utbreidd hekkefugl.

### **Polarsisik** *Carduelis hornemannii*

Sjeldan vintergjest. Arten er observert totalt 21 gonger i Hordaland, nokre få av desse er frå Voss. Den blir helst observert i flokkar med gråsisik. I Noreg hekkar polarsisiken i Troms og Finnmark. Nokre følgjer med gråsisifikokane sørover om vinteren.

### **Bandkorsnebb** *Loxia leucoptera*

Barskogsart som hekkar på taigaen, m.a. i Russland. Typisk invasjonsart, som kan trekke ut frå hekkeområda i mengder etter gode produksjonsår, og kan då dukke opp nesten kor som helst. I slike år er også arten blitt observert på Voss. Anders Bernhoft Osa observerte bandkorsnebb i kommunen så tidleg som vinteren 1917/1918 (Mjøs upubl.), men arten er også observert i seinare tid, m.a. på Gjernesmoen 7. august 2008 (Falkenberg m.fl. 2009) og i Håmyrane naturreservat 1. oktober 2011.

### **Grankorsnebb** *Loxia curvirostra*

Som namnet tilseier finst grankorsnebben i granskog, men også i furuskog og blandingsskog med innslag av gran og furu. Reiret ligg ofte høgt i eit bartre, og er hekking er derfor svært vanskelig å

påvise. Arten er truleg ganske vanleg som hekkefugl i dei fleste av skogsområda på Voss, men bestanden varierer mykje lokalt, alt etter nærings tilgang og regionale flyttingar. Standfugl, men opptrer ofte flokkvis utanfor hekketida og fartar mykje rundt. Invasjonsart som av og til kan opptre i store mengder.

#### **Furukorsnebb** *Loxia pytyopsittacus*

Truleg fåtalig hekkefugl. Knytt til barskog og særlig furuskog. Hekkar ofte om vinteren eller svært tidleg på våren, og er svært vanskelig å påvise. I første rekke standfugl, men opptrer, som grankorsnebbben, gjerne i flokker utanom hekketida som fartar mykje rundt. Blandingsflokker med grankorsnebb og furukorsnebb er vanleg.

#### **Rosenfink** *Carpodacus erythrinus*

#### **Sårbar (VU)**

Sjeldan art i Hordaland, med totalt 32 funn. Voss er ein av dei stadane i fylket der rosenfinken oftast er observert. I 2004 vart det gjort hekkefunn i Myrkdalsdeltaet, og dette er det einaste hekkefunnet i Hordaland (Falkenberg m.fl. 2005). Same år vart minst tre syngande hannar og ei ho observert på lokaliteten i Myrkdalen, så kan hende hekka det meir enn eitt par her. Rosenfinken trivst i område der våtmark møter kulturlandskap, i frodig krattskog og buskmark, og slik sett er Myrkdalsdeltaet typisk habitat for arten. Rosenfinken har elles ei austleg og sørleg utbreiing i Noreg, og er ein relativt nyestablert art her i landet.

#### **Konglebit** *Pinicola enucleator*

#### **Nær truga (NT)**

Sjeldan vintergjest som kan dukke opp i gode bærår. Større flokker på fleire titals individ kan dukke opp i invasjonsår, men vanlegvis vert berre mindre flokker observert. Den første kjende observasjonen av konglebit strekkjer seg så langt tilbake som til 5. september 1886, då ein fugl vart skoten på Lemme. Denne fuglen er no å finne i dei zoologiske samlingane i Bergen (skinn nr. 2937).

#### **Dompap** *Pyrrhula pyrrhula*

Fåtalig hekkefugl i barskog og blandingsskog. Kan enkelte haustar og vinrar opptre invasjonsarta. Om vinteren er arten også vanleg å sjå på fôringssbrett i meir urbane område. Standfugl i store delar av Noreg der det finst barskog.

#### **Kjernebitar** *Coccothraustes coccothraustes*

Første funn på Voss vart gjort 3. juni 1979. Arten har no vorte ein regelbunden gjest i kommunen, og vert kvar vinter observert på fôringssbrett rundt om i kommunen. Dei seinare åra har arten truleg også hekka i kommunen, då hekkeåtferd og nylig utflogne ungar har vorte observert. Arten er sjeldan i Hordaland, men talet på observasjonar har auka dei siste tiåra.

#### **Lappsporv** *Calcarius lapponicus*

Den einaste sikre hekkelokaliteten for lappsporv på Voss er Grånosmyrane, som også er den einaste kjende hekkeplassen i Hordaland utanfor Har-

dangervidda. Det er likevel sannsynleg at den kan hekke andre stader i Vossafjella. Tre hannfuglar og fire hofuglar vart observert på Grånosmyrane sommaren 1987 (Osaland 1988), men lokaliteten er ikkje blitt godt undersøkt i nyare tid. Lappsporv er også observert i låglandet under trekket nokre få gonger.

#### **Snøsporv** *Plectrophenax nivalis*

Fåtalig hekkefugl i dei høgaste fjellområda på Voss. Arten observerast årleg låglandet under trekket vår og haust, og kan ein sjeldan gong sjåast vinterstid. Store flokker har nokre gonger vorte observert på vårtrekket, t.d. vart 300 individ observert på Skulestad 29. mars 1981 (Chapman 1987c).

#### **Gulsporv** *Emberiza citrinella*

Relativt fåtalig hekkefugl, knytt til kulturlandskapet. Som mange andre stader i fylket og landet elles, har bestanden truleg også på Voss minka etter andre verdskrig, noko som truleg har samanheng med endringar i landbruket. Mange overvinstrar, og store vinterflokker har fleire gonger vorte observert på Bjørke avfallspllass.



Gulsporven på Voss har hatt ei negativ bestandsutvikling. Foto: G. Bergo.

#### **Hortulan** *Emberiza hortulana*

#### **Kritisk truga (CR)**

Sjeldan trekkgjest i Hordaland, med totalt 13 funn i fylket. Einaste observasjonen frå Voss er eit individ observert av lektor Grønlien i ein hage på Voss i september 1926 (Mjøs, upubl.).

#### **Sivsporv** *Emberiza schoeniclus*

Ganske vanleg hekkefugl i våtmarksområda på Voss, også ved våtmark i fjellet fleire stader, og i vierkjerr og fjellbjørkeskog. Trekkfugl som kjem i april/mai og trekkjer bort i september/oktober.

## **PATTEDYR**

Det er observert 30 artar pattedyr i Voss kommune. Truleg finst det endå eit par artar av flaggermus som hittil ikkje er påviste, kanskje også nokre smågnagarartar.

Det finst ikkje noko tilsvarande kvalitetskringssystem for pattedyrobbservasjonar som for fugleobbservasjonar. Folk flest har heller ikkje fatta same interesse for pattedyr som fuglar. Ei viktig årsak til dette er nok at pattedyra er ei mindre artsrik gruppe, og dei fleste artane lever skjult og er vanskeleg å studere. Pattedyrfaunaen er derfor generelt dårlegare kjent enn fuglefaunaen. Dette gjeld i særlig grad småpattedyr, medan førekost og utbreiing av dei jaktbare artane er godt kjent.

Artsomtalane i denne rapporten byggjer på opplysningar henta frå litteratur og databasar på internett, og nokre vurderinger er gjort ut frå generell kunnskap om artane si utbreiing i Hordaland.

## INSEKTETARAR

### Piggsvin *Erinaceus europaeus*

Ganske vanleg i områda rundt Vangen. Utbreiinga elles i kommunen er lite kjend. Svært utsett for påkøyrlar.

### Vanleg spissmus *Sorex araneus*

Truleg vanleg over heile kommunen. Eit individ frå Voss ligg i dei naturhistoriske samlingane ved Bergen museum.

### Dvergspissmus *Sorex minutus*

Truleg vanleg, men ikkje dokumentert. Blir ofte oppfatta som eit lite eksemplar av vanleg spissmus.

### Vannspissmus *Meomys fodiens*

Truleg vanleg langs vassdrag i kommunen, men det føreligg berre eit stad og tidfesta funn. To individ frå Rekvesøyane 18.6.1989 er registrert på faunakort ved dei naturhistoriske samlingane ved Bergen Museum.

## FLAGGERMUS

På grunn av vanskelig artsbestemming og skjult levesett, er flaggermus ei dyregruppe vi veit relativt lite om. Fram til 1989 var samlingane ved Bergen museum den viktigaste kjelda til kunnskap om førekost og utbreiing av dei ulike flaggermusartane i Hordaland. I 1989 og utover på 1990-talet vart det gjort feltundersøkingar i samband med ei hovudoppgåve ved Universitetet i Bergen (T. Stormark). Det vart òg gjennomført undersøkingar finansiert av Fylkesmannens miljøvernavdeling (ei oppsummering er gitt av Stormark 1996). I 1998 og 1999 gjennomførte Norsk Zoologisk Forening, på oppdrag frå Fylkesmannen, ei fylkesdekkande undersøking av flaggermus (Syvertsen m.fl. 2000). Dei siste åra har Tore Michaelsen gjort undersøkingar i fleire kommunar i Hordaland, m.a. på oppdrag frå fylkesmannen, i Voss også på oppdrag frå kommunen. Desse undersøkingane har gitt mykje ny kunnskap om flaggermus i Hordaland.

Sju av landets 11 påviste flaggermusartar er no sikkert påvist i fylket, fem i Voss. Flaggermus er elles i ein spesiell forvaltingssituasjon, i og med at koloniar ofte er å finne i bygningar.

### Vannflaggermus *Myotis daubentonii*

Truleg relativt vanleg art. Funnen 11 ulike stader i kommunen av Syvertsen m.fl. (2000). Som namnet seier, jaktar vannflaggermusa ofte like over vatn. Eit individ vart fanga og artsbestemt ved ein koloni i eit holt tre i prestegardsalleen, 27.03.2003 (T. Michaelsen).

### Skjeggflaggermus *Myotis mystacinus* Datamangel (DD)

Truleg relativt fåtalig, men ingen uvanleg art i Voss. Registrert på fire ulike stader i kommunen av Syvertsen m.fl. (2000). Minst 12 individ vart sett i klokketåret på Vinje kyrkje. Registreringane er førde som skjegg-/skogflaggermus. Desse artane kan ikkje skiljast utan at ein har dei i handa, men skogflaggermusa *Myotis brandtii* er aldri funnen på Vestlandet.

### Nordflaggermus *Eptesicus nilssonii*

Truleg vanlegaste flaggermusart i Voss, som i resten av fylket. Registrert på 46 ulike stader i kommunen av Syvertsen m.fl. (2000). Kjent for m.a. å halde til i hus. Koloniar tel sjeldan meir enn nokre tals individ.

### Dvergflaggermus *Pipistrellus pygmaeus*

Truleg vanlegaste flaggermusart nest etter nordflaggermus. Har ofte tilhald i hus, og ynglekoloniar kan telje opptil fleire hundre individ. Registrert på 13 ulike stader i kommunen av Syvertsen m.fl. (2000).

### Langøyreflaggermus *Plecotus euritus*

Truleg relativt fåtalig art. Eit individ frå Voss, 25.5.1920 ligg i dei naturhistoriske samlingane ved Bergen museum. Eit individ vart òg registrert ved Vangskyrkja, 13.7.1999 av Syvertsen m.fl. (2000).

## ROVDYR

### Ulv *Canis lupus*

### Kritisk truga (CR)

Ulven er utrydda frå Vestlandet, og siste ulv i Hordaland vart felt i 1868. Frå sentralpolitisk hald er det bestemt at ein av omsyn til husdyr på utmarksbeite ikkje skal tillate store rovdyr å etablere seg i fylket. Det er likevel viktig å vere klar over at ulven ein gong var ein naturleg del av faunaen her. I takt med ein auke i ulvebestanden i Sverige/Aust-Noreg er det større sjanse enn på lenge for at streifdyr av ulv skal kunne dukke opp i dei indre kommunane i Hordaland.

### Raudrev *Vulpes vulpes*

Vanleg art over heile kommunen, både i låglandet og på fjellet. Bestanden varierer med smågnagarbestandane. Reveskabb har òg sett bestanden tilbake dei siste 10-åra.

**Fjellrev** *Alopex lagopus***Kritisk truga (CR)**

Historisk yngla nok arten enkelte stader i Vossfjella i smågnagarår. Ein kjenner ikkje til konkrete observasjonar frå Voss i nyare tid, og skulle slike finnast, er det stor sjanse for forveksling med oppdrettsrev. Intensiv jakt pga. skotpremiar, og tidvis høge prisar på skinna, førte til at fjellreven var nær ved å bli utrydda i Noreg tidleg på 1900-talet. I 1930 vart arten totalfreda, men trass dette har ikkje bestanden tatt seg opp att. I dag føregår det eit nasjonalt avlsprogram for å få fjellreven tilbake igjen, m.a. er det sett ut dyr på Hardangervidda.

**Bjørn** *Ursus arctos***Sterkt truga (EN)**

Bjørnen er utrydda frå Vestlandet, og siste bjørn i Hordaland vart felt i Ullensvang i 1905. I Voss kommune vart den siste bjørnen skoten i Raundalen i 1890. Frå sentralpolitisk hald er det bestemt at ein av omsyn til husdyr på utmarksbeite ikkje skal tillate store rovdyr å etablere seg i fylket. Det er likevel viktig å vere klar over at bjørnen ein gong var ein naturleg del av faunaen her. På 1970-talet og byrjinga på 1980-talet kom det relativt mange meldingar om bjørneobservasjonar i kommunen. Ingen av desse meldingane har kunne dokumenterast, sjølv om det ikkje er usannsynleg at det var streifande bjørn i kommunen i denne perioden.

**Mink** *Neovison vison*

Nordamerikansk art som vart innført til Noreg som pelsdyr i 1930-åra. Ville minkar er etterkomrarar av dyr som har rømt frå pelsdyrfarmar. Arten er påvist i heile kommunen, og er i første rekke tilknytt strandsoner og vassdrag.

**Røyskatt** *Mustela erminea*

Vanleg art over heile kommunen, både i låglandet og i fjellet. Bestanden varier i takt med smågnagarbestandane.

**Snømus** *Mustela nivalis*

Kanskje like vanleg som røyskatten, i alle fall i høgareliggende område. Eit individ frå Vossevangen, 11.11.1926 ligg i dei naturhistoriske samlingane ved Bergen Museum og eit individ frå Voss, 29.1.1932 ligg i skinnsamlingane ved Naturhistorisk Museum i Oslo.

**Mår** *Martes martes*

Vanleg art over heile den skogkledde delen av kommunen. Likar seg best i eldre skog, men finst i dei fleste skogtypar.

**Oter** *Lutra lutra***Ansvarsart Sårbar (VU)**

Tidlegare var oteren utbreidd langs hovudvassdraga i kommunen. Etter den nasjonale nedgangen i bestanden på 1960-talet har det berre vore streifdyr å sjå i kommunen. Dei siste åra er det likevel gjort fleire observasjonar.

**Jerv** *Gulo gulo***Ansvarsart Sterkt truga (EN)**

Har truleg yngla i Voss før i tida, men nærmaste kjende yngleplass i dag er Lærdalsfjella i Sogn og



Jervespor i fjella ved Nærøyfjorden, like ved kommunegrensa mot Voss. Dyret vart spora over fleire km, og hadde også vore innom Voss kommune. Foto: G. Bergo.



Gaupa er registrert som streifdyr i Voss kommune, men yngling er ikke dokumentert. Fotoet er tatt i Hedmark. Foto: G. Bergo.

Fjordane. Streifdyr førekjem av og til, m.a. på Vikafjellet. Kombinasjonen av jerv og sau på fjellbeite er problemfylt, og som for dei andre store rovdyra, er det frå sentralpolitisk hald bestemt at ein av omsyn til husdyr på utmarksbeite ikkje skal tillate jerven å etablere ein ynglende bestand fylket.

#### Gaupe *Lynx lynx*

Moglege spor og observasjonar av gaupe i Voss er rapportert fleire gonger det siste tiåret, mellom anna i Dyrvedalen, på Gråsida og ved Bulken. Det har òg vore skadar på sau på utmarksbeite som truleg er valda av gaupe. Likevel finst det lite sikker dokumentasjon. Gaupa er gjerne knytt til område med gode bestandar av rådyr. Det har vore kvotefri jakt på gaupe i Hordaland i fleire år, likevel er det ikkje felt gaupe i fylket sidan 1876! Som for dei andre store rovdyra, er det frå sentralpolitisk hald bestemt at ein av omsyn til husdyr på utmarksbeite ikkje skal tillate gaupa å etablere ein ynglende bestand fylket.

#### Sårbar (VU)

## HARE OG GNAGARAR

#### Hare *Lepus timidus*

Vanleg art over heile kommunen, både i låglandet og på fjellet.

#### Ekorn *Sciurus vulgaris*

Vanleg art i skog over heile kommunen. Bestanden varierer med tilgang på gran og furukongler.



Ekorn. Foto: G. Bergo.

#### Brunrotte *Rattus norvegicus*

Finst truleg i busette område, som Vangen og nærområda rundt. Utbreiinga veit vi lite om, og konkrete observasjonar manglar. Brunrotta er ein innført art frå Asia og er helst knytt til stader der den kan halde seg meir eller mindre innandørs om vinteren.

#### Småskogmus *Apodemus sylvaticus*

Vanleg art over heile kommunen, frå låglandet og opp til skoggrensa. Knytt til skog, men finst òg i busette område. Arten dukkar ofte opp innandørs, og dette er den norske "husmusa".

#### Markmus *Microtus agrestis*

Vanleg art over heile kommunen, både i låglandet og i fjellet. Vansklig å skilje frå fjellmarkmus. Eit individ frå Oppheimsvatnet 20.9.1969 ligg i dei naturhistoriske samlingane ved Bergen Museum.

#### Fjellmarkmus *Microtus oeconomus*

Truleg vanleg art i skoggrensa og i fjellet i austlege delar av kommunen. Er truleg meir talrik i fjellet enn markmusa, men er svært vanskelig å skilje frå denne.

#### Klatremus *Clethrionomys glareolus*

Truleg vanleg art over store delar av kommunen, også til fjells.

#### Lemen *Lemmus lemmus*

#### Ansvarsart

Vanleg art i fjellet over heile kommunen. Varierer kraftig i tal frå år til år, og er kjend for å kunne oppstre i mengder enkelte år. Er saman med fleire andre smågnagarar ein svært viktig økologisk faktor i fjellet.



Lemen. Foto: G. Bergo.

## HJORTEDYR

Hjorteviltartane er berre kort omtala her. Forvalting av hjortedyra er nærmare omtala i Kap. 9.

#### Hjort *Cervus elaphus*

Hjorten er den største jaktressursen i Voss, og i rekordåret 2010 vart det felt 607 dyr i kommunen. Hjorten er allsidig og tilpasningsdyktig, og å peike ut område som er spesielt viktige for hjorten i Voss er vanskeleg. Gode beiteområde ligg gjerne i frodig lauvskog og kantskog mot kulturmark. Granplantefelt kan ha funksjon som skjulestad, men er ikkje viktige som beiteområde.

Hjorteforvaltinga er ein av dei store utfordringane i viltsellsamanhang. Kor stor ein ønskjer at hjortebestanden skal vere, blir ei avveging mellom ønsket om ein stor bestand å drive jakt på, best mogleg kondisjon på dyra og minst mogleg beiteskadar.

Ei effektiv hjorteforvalting krev utarbeidning av bestandsplanar og organisering av jakta i større vald. Utan ei slik organisering er det vanskeleg å nå bestandsmåla og å utnytte den ressursen hjorten er på ein optimal måte.



Hjort. Foto: G. Bergo.

### Elg *Alces alces*

Fast bestand av elg i Hordaland finst berre i dei indre kommunane i fylket. Av desse er Voss den kommunen der det blir felt flest dyr. Årleg blir det felt 10-15 elg i kommunen. Rekorden så langt er frå 2011, då det vart felt 27 dyr. Bestanden auka utover på 1990-talet, men minka truleg litt igjen etter tusenårsskiftet. Minsteareal for felling av elg i Voss er 20.000 daa, og det er totalt 11 elgvold i

kommunen. Påkøyrsle av elg har hatt lite omfang dei siste åra, og i dei fleste tilfella er det på jernbanen elgen har blitt påkøyrd (sjå fig. 7, s. 55).

### Rådyr *Capreolus capreolus*

Rådyr er registrert nokre få stader i kommunen, men det er ikkje snakk om nokon etablert bestand.

### Rein *Rangifer tarandus*

#### Ansvarsart

Villreinen i Voss er etterkomrarar av tamrein, og høyrer til Fjellheimen villreinområde, som òg omfattar kommunane Modalen og Vaksdal i Hordaland, og Aurland, Høyanger og Vik i Sogn og Fjordane. Omlag 1/3 (561 km<sup>2</sup>) av Fjellheimen villreinområde ligg i Voss. Vinterbestanden i heile området ligg på 550-650 dyr. Stamma er delt opp i tre delflokkar: Vikafjellsflokk (400-450), Volaflokk (ca. 100) og Kringsdalsflokk (30-50).

Fjellheimen villreinområde er organisert i tre vald, og Fjellheimen Villreinutval er ein felles organisasjon for valda. Ein interkommunal kommunedelplan for villreinstamma er under utarbeidning.

Hardanger og Voss Reinsdyrlag forvaltar ei tamreindrift i området Gråsida-Bergsdalen, eit fjellområde som er felles for kommunane Granvin, Kvam, Vaksdal og Voss. Reinsdyrlaget ønskjer å halda stamma mellom 300 til 350 vinterdyr. Tamreinen held seg i mindre flokkar i store deler av året. Dyra fordeler seg i grove trekk i to hovudflokkar. I Bergsdalsflokk er det 35-40 vinterdyr, og i Gråsidaflokk er det ca. 300 dyr. Grunneigar i fjellområdet, og som har beiterett her, kan vera partseigarar i laget. Reinstamma vert pr. i dag forvalta som ein mellomting mellom tamrein og villrein, og kjem ikkje inn under lovverket som gjeld for villrein.



Omlag 1/3 av Fjellheimen villreinområde ligg i Voss kommune. Her beitande dyr på Vikafjellet. Foto: G. Bergo.

## 9. KVA TRENG VI MEIR KUNNSKAP OM?

Det er ikkje gjort nye, målretta feltundersøkingar i samband med denne viltplanen. Informasjonen byggjer på tidlegare undersøkingar, opplysningar frå lokalkjende og systematisering av eldre informasjon. Men informasjonstilfanget har vore godt, og ein har dermed relativt god kjennskap til dei viktigaste viltområda i kommunen. Ny kartlegging i felt er difor mindre nødvendig i Voss enn i mange andre kommunar. Vidare arbeid bør i første rekke dreie seg om overvaking av kjende område.

De fleste viktige viltområda i Voss er knytt til skog, og verdiane er i stor grad knytt til eldre skog med god tilgang på død ved. Fleire av desse områda har ein topografi som gjer dei lite utsette for inngrep ut over skogbruksaktivitet, og mange stader er også skogbruk lite aktuelt. Skogbruksaktiviteten er for tida òg på eit lågt nivå, og spettane har nok betre forhold enn dei har hatt på lenge. Likevel er det viktig å følgje opp desse områda over tid, for å følgje med på utviklinga.

Når det gjeld spetter kan det vere ønskjeleg for å få betre og meir nøyaktig oversikt over eldre ospesholt eller område med eldre lauv og blandingsskog med stor førekommst av spettehol. Undersøkingar ved hjelp av playback i tidleg hekkeperiode (mars), kan vere ein god metode for å undersøke førekommst av dei ulike spetteartane.

Når det gjeld storfugl, blir nokre leikar oppsøkte årleg, men det blir ikkje gjort systematiske teljingar på alle kvart år. Det er ønskjeleg å gjennomføre dette på nokre leikar. Det er òg behov for å skaffe sikrare opplysningar over nøyaktig plassering og storleik på mange av dei leikane som er merkte av på viltkartet. Ein del av desse opplysningane er av eldre dato, og noko usikre.

Når det gjeld rovfuglar, både i fjellet og i skog, har ein god oversikt, men det seier seg sjølv at det er vanskeleg å ha full oversikt over nyetableringar og ev. flytting av reirplassar i ein så stor kommune som Voss. Nokre kjende hekkeplassar blir oppsøkt årleg, andre meir sporadisk. Denne overvakinga bør halde fram. For jaktfalk, hubro og dei andre ugleartane er det trøng for vidare kartlegging og overvaking.

Våtmarkene i kommunen har ein god oversikt over, og dei fleste viktige områda i låglandet blir overvaka ved at dei blir besøkt fleire gonger i året av fugleinteresserte. Tilbakegangen til ulike vade- og våtmarksfugl bør likevel undersøkast nærare.


Bestanden av kanadagås har auka i kommunen. Dette er ein innført art i Noreg og store bestandar kan gjere skade på jordbruk og friluftsområde. Det kan derfor vera aktuelt å redusere bestanden dei komande åra.

For nokre dyregrupper er dokumentasjon på førekommst mangelfull. Dette gjeld først og fremst småpattedyra, inklusiv flaggermus, og til dels krypdyr og amfibium. Eit utval vatn og tjørn vart undersøkt for amfibium på oppdrag frå kommunen i 2002, for å betre dokumentasjonen (Dolmen 2002), og det er òg gjort nokre meir sporadiske undersøkingar av flaggermus (Syvertsen m.fl. 2000, Michaelsen 2003). Ut over dette er det gjort lite for å dokumentere dårleg kjente artsgrupper i kommunen.

Oter var tidlegare regelmessig å sjå i Voss kommune. Arten har dei siste 10-åra hatt ein kraftig tilbakegang, men er dei seinare åra på veg opp att. Sporing av arten på snø vil derfor vera eit aktuelt tiltak for å følgje bestandsutviklinga.

Når det gjeld hjort er det sett i gang ulike registreringar for å følgje bestanden i kommunen. Ei viktig oppgåve dei komande åra vil likevel vera å arbeide for at det skjer færre påkøyrlar av hjort og elg på E16 og jernbanen. Dette bør skje i eit nært samarbeid med Vegvesenet og Jernbaneverket.

Det nye systemet for artsregistreringar og digital fototeknologi har gjort det langt enklare å rapportere og dokumentere observasjonar.



Gammal osp er eit svært viktig treslag for hakkespettar, særleg for kvitryggspett, gråspett og grønspett. Foto: O. Overvoll.

## 10. FORVALTING AV HJORTEVILT

I Voss kommune er det god førekomst av hjorteviltartane hjort, elg og reinsdyr. Rådyr er observert, men så langt ein kjenner til har rådyr i liten grad etablert seg i her. Det er difor ikkje opna for jakt på rådyr. Kommunen har eit overordna ansvar for forvalting av hjort og elg. Kommunen skal setja opp bestandsmessige og samfunnsmessige mål for forvalting av hjorteviltbestandane. (jf. ny forskrift om hjortevilt som trer i kraft frå 2012). Måla må setjast ut frå den kunnskapen om viltbestandane som til ei tid er tilgjengeleg.


Direktoratet for naturforvaltning har utarbeidd ein overordna strategi for hjorteviltforvalting (DN 2009). Her blir det peika på kva utfordringar forvaltinga av hjorteviltet vil kome til å møte i åra framover, og kva overordna grep Direktoratet for naturforvaltning meiner er nødvendig for å møte desse. Strategien definerer fem konkrete mål:

1. *Forvaltningen skal sikre livskraftige og sunne hjorteviltbestander, et rikt biologisk mangfold og naturens fremtidige produksjon av varer og tjenester.*
2. *Forvaltningen skal ha bred samfunnsaksept og legitimitet.*
3. *Forvaltningen skal sikre samarbeid og samhandling mellom lokale, regionale og nasjonale aktører og med berørte sektorer.*
4. *Forvaltningen skal være basert på høy kompetanse på alle nivåer.*
5. *Forvaltningen skal stimulere til økt aktivitet og mangfold av opplevelser, tjenester og produkter.*


### HJORT

Frå 1993 og fram til og med 2005 vart det gjennomført registrering av hjort i Voss kommune etter registreringsmetoden "vårteljing". Vårteljing vart teke i bruk att i 2010 etter same metode som fyrste periode, men med nokre nye teljeruter. Registreringane gjev ikkje noko tal på kor stor bestanden er, men gjev eit bra bilde av bestandsutviklinga og alders- og kjønnssamsetjinga. Fyrste teljeperiode viste ein jamn auke i hjortebestanden i kommunen, og stabil alders- og kjønnssamsetjing. For dei to siste åra er det no gjennomført teljing, men det er for tidleg å sei noko om bestandsutviklinga.


Frå 1999 har Voss kommune hatt Sett-Hjort registreringar. Frå hausten 2004 vart kommunen pålagd av Direktoratet for naturforvaltning å samla inn Sett-Hjort. Ein viktig føresetnad for at Sett-Hjort skal fungera som eit godt verktøy i hjorteforvaltinga, er at alle jegerane sluttar opp om registreringa og er nøyne med utfyllinga av Sett-Hjortskjema. Etter kvart har det vorte betre oppslutnad om denne registreringa, og resultata kan nyttast i forvaltingssamanhang.




**Figur 1. Sett-Hjort: Tal hjort observert pr. jeger pr. 8 timer jakting.**



**Figur 2.** Sett-Hjort: Tal koller observert pr. bukk. Det har vore ein nedgang frå ca 1,4 koller pr. bukk i 1999 til ca 0,9 koller pr. bukk i 2010. Det tyder på god kjønssamansetjing i bestanden.



**Figur 3.** Sett-Hjort: Tal kalvar observert pr. kolle. Talet varierer frå 0,6 til litt over 0,7 kalv pr. kolle pr. år. Ein kan gå ut i frå at dette er ein relativt god og stabil tilvekst (produksjon).



**Figur 4.** Gjennomsnittleg slaktevekt for felte hjortekalvar (blått = hanndyr, oransje = hodyr).

Registreringa viser ein framleis vekst i hjortebestanden. Det er òg ein nedgang i forholdet kolle/bukk i bestanden. Vi har i dag for liten kunnskap til å fastslå kva årsaka til dette er. Noko av forklaringa kan vera at bukkane trekkjer til vårt område på sommarbeite, og at vi har hatt høg avskyting på eldre hodyr i fleire år.

Ein stor del av det teljande arealet for hjort i Voss er organisert i bestandsplanområde. I 2011 er det 22 hjortevald i kommunen. Av desse har 9 vald godkjent bestandsplan. For dei valda som ikkje har godkjent bestandsplan, tildeler kommunen fellingsløyve etter § 15 *Målrettet avskyting*, i hjorteviltforskrifta. I Voss har fellingsprosenten vore låg til og med år 2000, om lag 50 prosent, men har auka gradvis fram til 2009 (Figur 5).

Dei fleste påkøyrslane av hjort i Voss skjer på E16 og på jernbanen (Tab. 4, Fig. 6 og 7). Med fleire store utbyggingar og utbetringar av vegane i områder, er faren for auka påkøyringar på veg stor.

Ei utfordring i hjorteforvaltinga, er at aukande bestandar fører til store beiteskadar på innmark og skog. Kultivering av skogbruket har vore ei med-

**Tabell 4.** Tal hjort påkøyrd av bil og tog i Voss kommune, 2008-2012. Sjå også Fig. 6 og 7.


År	Bil	Tog
2008	26	4
2009	29	9
2010	16	7
2011	20	18
2012*	11	4
Totalt	102	42

\* Pr. 1. november


verkande årsak til gode vinterbiotopar for hjort. Tette plantefelt gjev område med lite snø. Hjorten ser ut til og opphalda seg i desse områda, og finn tilgang på mat i nærleiken. I vinterbiotopane har det i ein del område vorte store skader på skogen, på grunn av borkgnaging. For den enkelte grunneigar har dette gitt store økonomiske tap. Det er ikkje opning for å gi tilskot frå viltfondet til å erstatta skadar på skog.

Beiteskadane på skog er størst i område med intensivt landbruk.


■ Tal fellingsløyver ■ Felte dyr —○— Fellingsprosent



**Figur 5.** Jaktuttak av hjort i Voss kommune, 1997-2010.



**Figur 6.** Tal hjort omkomne etter å ha blitt påkøyrd av bil eller tog, eller anna dødsårsak, i perioden 2001-05.juli 2011.



**Figur 7.** Lokalisering av påkøyrlar av hjort (grøn) og elg (blå) på veg og jernbane i Voss kommune, 2008-2012. Kjelde: Hjorteviltregisteret ([www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no)).

Voss kommune er med i merke- og utviklingsprosjektet Hordahjort. Bakgrunnen for prosjektet er kunnaksbehov om områdebruken til hjorten i regionen, og korleis ein gjennom auka kunnak, kunnaksflyt, informasjon og samarbeid kan få ein betre forvaltning av hjorten lokalt, og ei meir forutsigbar utvikling av bestandane i framtida. Prosjektet er eit 5-årig prosjekt (2008 til 2013). Informasjon om prosjektet ligg på [www.hordahjort.no](http://www.hordahjort.no). Kunnskapen vi får i prosjektet kan nyttast i hjorteforvaltninga i lang tid framover.

Med bakgrunn i dei utfordringane ein har, og den kunnskapen som er tilgjengeleg, har Voss kommune sett opp mål for forvaltning av hjortebestandane.

#### Mål:

- Flata ut og stabilisera hjortebestanden, og samtidig halda produktive bestandar med god alders- og kjønssamansetjing. Sett hjort pr. jegerdagsverk skal haldast på 1,4 (2010 nivå) i planperioden.
- Auka rekrutteringa av nye storviltjegerar, for å sikra jaktinteresse for framtida.
- Redusera tal påkøyrt hjort på veg og jernbane.


#### Tiltak:

- Utarbeida bestandsplanar som omfattar årsleveområde for ein hjortebestand. Ut frå resultat som kjem fram av Hordahjort-prosjektet, må vi turleg endra på nokon av dei bestandsplanområde vi har i dag.
- Utarbeida bestandsplanområde i heile kommunen.
- Arbeida for at alle vald legg til rette veging av heile slakt, for å få rette opplysningar på vekt. Dette er ein viktig indikator på bestandstettleiken.
- Kompetanseheving i alle ledd (kommune, rettsavarar, jegerar)
- Legge til rette for større rekruttering av storviltjegerar. Eit tiltak kan vera og nyttja kommunen sitt areal til opplæringsjakt. Oppfordra storvald til å ta i mot unge jegerar på storviltjakt, ev. i samarbeid med Voss jeger og fiskarlag.
- Tilrettelegga for næringsutvikling for å få nytt betre hjorteressursen.
- Redusera skade på skog og innmark gjennom god organisering, og bestandsforvaltning ved blant anna justering av minsteareal for og tilpassa rett uttak av bestanden.


- Vidareføra registrering av hjorteviltbestandane gjennom metodane Sett-Hjort og Vårteljing.
- Handtering av fallvilt gjennom avtalar med ei gruppe på minimum 3 personar, for å sikra tilgjenge heile døgnet, året rundt. Deltakarane må vera godkjende ettersøksekvpasjar. Erfaring med fallviltarbeid er ein føremón.
- Redusera tal påkøyrt vilt gjennom avskytingsstrategiar og førebyggjande tiltak ved nye veg- og jernbaneanlegg, m.a. utarbeida informasjon om god plassering av rundballar, spesielt langs E16.
- Alt påkøyrt vilt skal registrerast i Hjorteviltregisteret ([hjorteviltregisteret.no](http://hjorteviltregisteret.no)).

## ELG


Elgbestanden i Voss auka utover på 1990-talet, men om ein tolkar avskytinga som eit spegelbilete av bestandstettleiken, har det vore ein reduksjon utover på 2000-talet. Registreringsmetoden Sett-Elg har vore nyttå sidan 1995, men resultata er berre registrert frå 1999. Det er viktig å hugse på at resultata av Sett-Elg baserer seg på relativt få observasjonar. Dette medfører at resultata ikkje er så pålitelege som for Sett-Hjort, men dei vil gje ein indikasjon på stoda i bestanden.




**Figur 8.** Sett-Elg: Tal elg observert pr. jeger pr. 8 timer jakting. Ein av grunnane til den store variasjonen mellom år er nok manglante innlevering av skjema.




**Figur 9.** Sett-Elg: Tal elgkyr observert pr. okse. I gjennomsnitt for åra 1999-2011, er det observert mellom 2 og 3 kyr pr. okse.




**Figur 10.** Sett-Elg: Tal kalvar observert pr. ku. Det er stor variasjon her, men jamt over ser det ut til å ha vore ein nedgang i talet observerte kalvar pr. elgku, frå litt over ein kalv pr. ku i 2000 til 0,4 i 2011.



**Figur 11.** Sett-Elg: Tal kalvar det observert pr. ku med kalv. Stor variasjon mellom år kan indikere at andelen elgkyr med tvillingkalv er låg.



**Figur 12.** Jaktuttak av elg i Voss kommune, 1997-2010.



**Figur 13.** Tal elg omkomne etter å ha blitt påkjørt av bil eller tog, eller anna dødsårsak, i perioden 2001- 05.juli 2011.

Sett-Elg registreringar og observasjonar tilseier ein auke i elgbestanden i dei austlege delane av kommunen, og meir spreidde førekommstar av elg i vestlege deler. I desse områda har det vore vanskar med å få forynging av furuskog.

Minstearealet for felling av elg i Voss er 20.000 daa, og det er 11 elgvald i kommunen. Dei fleste elgvalda er organisert i same område som grunneigarlaget. Hjorteviltlaga Raundalen og Bordalen/Kvitli har godkjend bestandsplan.

Påkørsle av elg har variert mykje frå år til år. I dei fleste tilfella er det på jernbanen elgen har vorte påkjørt (Figur 7 og 13).

#### Mål:

Halda ein produktiv bestand med god alders- og kjønssamsetjing.

#### Tiltak:

Mange av tiltaka lista opp for hjort er òg aktuelle for elg. Og i tillegg:

- Regulera vekst i bestanden gjennom differensiert forvalting mellom vestlege og austlege delar av kommunen
- Kommunen tek initiativ til å få til ein bestandsplan for elg for heile kommunen, og for å få til samarbeid med nabokommunane Granvin og Ulvik.
- Arbeida for at Sett-Elg-skjema vert nytta av elgjegerane.

#### RÅDYR

Det vert rapportert om observasjonar av rådyr i kommunen, men det er ingen etablert bestand her. Det er ikkje registrert rådyr under vårteljing av hjort dei siste to åra.

#### Mål:

Ta vare på rådyr som ein naturleg art i kommunen.

#### VILLREIN

32 % (561 km<sup>2</sup>) av Fjellheimen villreinområde ligg i Voss kommune. Fjellheimen villreinområde omfattar også areal i kommunane Modalen, Vaksdal i Hordaland fylke, og Aurland, Høyanger og Vik i Sogn og Fjordane fylke. Storleiken på vinterbestanden ligg rundt 550-650 dyr. Villreinstamma er delt opp i tre delflokkar: Vikafjellsflokk (400-450 dyr), Volaflokk (ca. 100 dyr) og Kringsdalsflokk (30-50 dyr). Kommunen har ikkje noko formelt ansvar når det gjelder bestandsforvaltninga av villreinen. I samsvar med hjorteviltforskrifta av 2002 vart dette ansvaret lagt til villreinnemnda. Voss kommune har ein representant i nemnda. Fjellheimen villreinområde hører til Nordfjella-Fjellheimen villreinnemnd. Villreinutvalet har ansvar for drift av villreinområda.

Fjellheimen villreinområde er organisert i tre vald, med Fjellheimen Villreinutval som ein felles organisasjon for valda. I perioden 2003-2008 har villreinen vore forvalta i samsvar med målsetjingane i bestandsplanen som er godkjend av villreinnemnda. Frå 2009 har det ikkje vore godkjent bestandsplan for området, og villreinutvalet var ikkje felles utval for området frå 2009.

I 2008 vart arbeidet med interkommunale kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde starta opp. Alle kommunane innanfor villreinområdet er med i planarbeidet. Planen har vore på høyring i kommunane, men den er ikkje godkjent av alle kommunane (august 2011).

I fjellområdet Raudberget, aust i Voss kommune, er det observert villrein siste åra. Voss kommune deltek i arbeidet med regional plan for villreinen i Nordfjella villreinområde.

**Mål:**

Sikra leveområdet og levevilkåra for villreinen i Fjellheimen villreinområde på kort og lang sikt gjennom interkommunal plan, og utvikla ei samordna og heilskapleg forvaltning av villreinområdet.

**Tiltak:**

- Ferdigstilla interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde.
- Delta i utarbeidning av regional plan for Nordfjella villreinområde.

**TAMREIN**

Hardanger og Voss Reinsdyrlag forvaltar tamrein i fjellområda som er felles for kommunane Granvin, Kvam, Vaksdal og Voss. Dyra fordeler seg i grove trekk i to hovudflokkar. Grunneigar i fjellområdet, med beiterett, kan vera partseigarar i laget. Styret fastset i samråd med tilsynsmenn kor mange dyr som skal skytast kvart år. Kjøtet vert delt ut til partseigarane. Reinstamma vert forvalta som ein

mellomting mellom tamrein og villrein, og kjem ikkje inn under lovverket som gjeld for villrein.

**VERDIEN AV HJORTEVILTTET**

I tillegg til rekreasjonsverdi representerer kjøtet av hjortevillett store verdiar. Hjortevillett representerer også eit potensiale når det gjeld utvikling av utmarksbaserte næringer.

**Tabell 5.** Årleg kjøtverdi av hjortevillett i Voss, basert på tal felte dyr. Kilopris er henta frå utsalsprisliste for heil hjort hjå Voss gardsslakteri, 2011.

Art	Felte dyr	Gj.snitt.vekt	kr/kg	Kjøtverdi
Hjort	600	60	150	5 400 000
Elg	15	150	150	337 500
Villrein	60	40	150	360 000
Sum				6 097 500

## 11. HANLINGSPLAN 2013-2016

### Kommunalt viltfond

Som eit resultat av endringar i viltlova frå 1 januar 2001 fastsette Direktoratet for naturforvaltning forskrift om kommunale viltfond. Denne inneber at det skulle oppretta eit kommunalt viltfond som kommunen skal bruke til viltføremål. Voss kommunestyre vedtok den 25. oktober 2001 vedtekter for viltfondet (vedlegg).

Inntekter til fondet vil m.a. vera offentleg fellingsavgift for elg og hjort. Fondet kan m.a. brukast til å styrke kunnskapsgrunnlaget om viltet og å fremje viltforvaltinga i kommunen. Det kan også vera aktuelt å nyttja desse midlane til førebyggjande tiltak mot elg- og hjorteskadar.

Dei årlege inntektene fra fellingsavgiftene i Voss kommune vil ligge på ca.kr. 200 000. Av denne

summen skal det årleg setjast av min. kr. 10 000 til oppbygging av grunnkapital for fondet.

Det kommunale viltfondet hadde pr. okt. 2012 ein kapital på kr. 567 000. Tiltaka i handlingsplanen bør i hovudsak kunne finansierast ved bruk av fondet. For nokre prosjekt kan det også vera aktuelt å søke om ekstern delfinansiering.

### *Interkommunalt viltfond i samband med Eksingedalreguleringa (BKK-viltfond)*

Fondet har i 2012 ein total kapital på kr 430 000, derav ein arbeidskapital på kr 230 000. Grunnkapitalen skal vera på kr. 200 000. Avkastninga av fondet kan nyttast til viltstelltiltak i samsvar med plan vedteken av fondstyret. Kommunale handlingsplanar for viltforvaltning skal liggja som grunnlag for ein slik plan.

### *Plan for bruk av midlar til vilttiltak i Voss kommune 2013-2016.*

Art/Område	Tiltak	2013	2014	2015	2016
Hjort	Vårteljing Tilskot til utarbeiding av bestandsplanar Tilskot til kompetansefremjande tiltak Handtering av fallvilt Reduksjon av påkøyrslar hjortevilt Kjeveinnsamling (prøveprosjekt) ** Utarbeide rettleiar for god plassering av rundballar	40 000 20 000 30 000 30 000	40 000 20 000 30 000 30 000	40 000 20 000 40 000 30 000	40 000 20 000 40 000 30 000
Elg	Som for hjort (unntatt kjeveinnsamling)				
Rådyr	Kartlegging			x	x
Rein	Kartlegging/overvakning ***				
Oter	Registrering (sporing) på snø	10 000		10 000	
Storfugl	Leikteljing	5 000	5 000	5 000	5 000
Hønsehauk	Kartlegging, hekkeregistrering	10 000	10 000	10 000	10 000
Jaktfalk	Kartlegging */***			10 000	10 000
Hubro	Registrering febr./mars */***			5 000	5 000
Andre ugler	Kartlegging		5 000	5 000	5 000
Spetter	Kartlegging av viktige leveområde		50 000		
Ravn/kråke	Bestandstelling	5000	5000	5000	5000
Fossekall	Kartlegging/overvakning ***				
Andre vassdrags-tilknytta artar	Kartlegging/overvakning ***				
Åkerrikse	Registrering *	5000		5000	
Storlom	Kartlegging */***				10 000
Kanadagås	Forvaltningstiltak	x	x	x	x
Vadefugl på eng	Registrering	45 000			
Myrkaldalsdeltaet	Skjøtsel		10 000		
Lundarosen	Skjøtsel			10 000	
Melsvatnet	Skjøtsel				10 000
<b>Sum</b>		200 000	205 000	195 000	190 000

\*Ev. søknad til fylkesmannen, \*\*ev. søknad til fylkeskommunen, \*\*\*ev. søknad til BKK viltfond

## 12. LITTERATUR

- Arnesen, M. R. 1986. Årsberetning fra LRSK Hordaland 1985. *Krompen* 15: 19-22.
- Bengtson, S.A., Håland, A., Langhelle, G. 1977. Rapport fra LRSK. *Krompen* 6: 16.
- Bentz, P. G. 1979. Rapport fra NNSKs virksomhet 1978. *Vår Fuglefauna* 2: 171-175.
- Bergo, G. & Råd, O. 1978. Duetrost funnet hekkende på Voss. *Krompen* 7: 30.
- Bergo, G. 1982. Prosjekt 10-års vernede vassdrag: Fuglefaunaen i Vossovassdraget, Voss kommune i Hordaland. Zoologisk Museum, Universitetet i Bergen
- Bergo, G. 1985 Status for dagrovfuglar og ugler i Hordaland, 1985. Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavdelinga.
- Bergo, G. 1992. Bestandstørrelse, reirhabitat og reproduksjonsbiologi hjå hönsehauk. Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernnavdelinga.
- Bernhoft-Osa, A. 1927. Beiträge zur Ornis von Voss in Norwegen. Lämmle & Müllerschön, Winnenden, Stuttgart, 38 s.
- Byrkjeland, S. 1980. Exit Myrkdalsdeltaet? *Krompen* 9: 127-129.
- Chapman, E. 1979. Ornitolgiske observasjoner fra Strondavassdraget, Voss. *Krompen* 8: 109-111.
- Capman, E. & Øvsthus, T. 1981. Gråhegre – ein ny hekkande art på Voss. *Krompen* 10: 127-129.
- Chapman, E. 1987a. Fuglelivet på Voss før, no og i framtida. *Krompen* 16: 4-23.
- Chapman, E. 1987b. Sivsongar – ny hekkeart for Voss. *Krompen* 16: 30-31.
- Chapman, E. 1987c. Observasjonslister frå Voss 1981-1985. *Krompen* 16: 24-26.
- Chapman, E. 1990. Ornitolgiske observasjoner fra Voss 1989. *Krompen* 19: 60-63.
- Chapman, E. 1991. Ornitolgiske observasjoner i Voss kommune 1990. *Krompen* 20: 85-86.
- Chapman, E. 1992. Årsberetning for LRSK-Hordaland 1991. *Krompen* 21: 56-61.
- Chapman, E. 1993. Årsmelding for LRSK-Hordaland 1992. *Krompen* 22: ukjent sidetal.
- Direktoratet for naturforvaltning 1996. Viltkartlegging. DN-håndbok 11. 112 s.
- Direktoratet for naturforvaltning 2009. Strategi for forvaltning av hjortevilt. Verdsatt lokalt – anerkjent globalt. DN-rapport 8-2009, 60 s.
- Dolmen, D. 2002. Amfibie- og invertebratundersøkelser i dammer og tjern i Voss kommune. Rapport til Voss kommune.
- Falkenberg, F. & Heggøy, O. 2001. Dverglo – ny hekkeart i Hordaland. *Krompen* 30: 178-180.
- Falkenberg, F. 2001. Fugler i Hordaland 2000. *Krompen* 30: 74-105.
- Falkenberg, F. 2002. Fugler i Hordaland 2001. *Krompen* 31: 94-119.
- Falkenberg, F. 2003. Fugler i Hordaland 2002. *Krompen* 32: 131-156.
- Falkenberg, F. 2004. Fugler i Hordaland 2003. *Krompen* 33: 96-117.
- Falkenberg, F., Fredriksen, M. & Kjærandsen, J. 2005. Fugler i Hordaland 2004. *Krompen* 34: 94-122.
- Falkenberg, F., Fredriksen, M., Kjærandsen, J. og Nydal Adolfsen, E. 2006. Fugler i Hordaland 2005. *Fuglar i Hordaland* 35: 96-123.
- Falkenberg, F., Nydal Adolfsen, E., Fredriksen, M., og Heggøy, O. 2007. Fugler i Hordaland 2006. *Fuglar i Hordaland* 36: 77-106.
- Falkenberg, F., Nydal Adolfsen, E., Fredriksen, M., og Heggøy, O. 2008. Fugler i Hordaland 2007. *Fuglar i Hordaland* 37: 80-105.
- Falkenberg, F., Nydal Adolfsen, E., Fredriksen, M., og Heggøy, O. 2009. Fugler i Hordaland 2008. *Fuglar i Hordaland* 38: 84-117.
- Falkenberg, F., Nydal Adolfsen, E., Fredriksen, M., og Heggøy, O. 2011. Fugler i Hordaland 2010. *Fuglar i Hordaland* 40: 4-35.
- Falkenberg, F., Heggøy, O. og Nydal Adolfsen, E. 2012. Fugleåret 2011. *Fuglar i Hordaland* 41: 10-38.
- Haftorn, S. 1971. *Norges fugler*. Universitetsforlaget, Trondheim. 872 s.
- Haug, J. 1974. Snøugle på Mjølfjell. *Krompen* 3: 50.
- Hjeljord, O. 1995. Ryper og jakt. Hvor stort uttak tåler en rypestamme? – Fagnytt Naturforvaltning nr. 6-1995. 4s. Norges landbrukskole.
- Høyland, B. O., Heggland, H. & Mjøs, A. T. 2001. Sjeldne fugler i Norge i 1997 og 1998. Rapport fra Norsk sjeldenhetskomite for fugl (NSKF). Fugleårene 1997 & 1998. *Vår Fuglefauna suppl* 4: 4-31.

- Kastdalén, I. 1992. Skogshöns og jakt. – Rapport, Norges Jeger og Fiskerförbund. 37s.
- Krempig, L. 1986. Gråspett, ny hekkeart på Voss. *Krompen* 15: 5.
- Kålås, J. A. 1981. Årsberetning fra LRSK/Hordaland 1980. *Krompen* 10: 36-38.
- Kålås, J. A. 1982. Årsberetning fra LRSK/Hordaland 1981. *Krompen* 11: 13-15.
- Kålås, J.A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.) 2010. Norsk Rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Norge.
- Lien, L. M. 1978. Raundalen - vassdragsundersøkelsen. *Krompen* 7: 27-31.
- Lislevand, T., Myklebust, M., Rangbru, B., Rudolfsen, G. & Aarvak, T. 2009. *Dvergspetten Dendrocopos minor i Norge*. Trondheim: Norsk Ornitoligisk Forening, NOF rapport 4/2009.
- Michaelsen, J. 1985. Sjeldne fugler i Norge i 1981. Rapport fra Norsk sjeldenhetskomite for fugl (NSKF), NZF og NOF. *Vår Fuglefauna* 8: 49-52.
- Mjøs, A. T. 1987. LRSK-nytt. *Krompen* 16: 95-100.
- Mjøs, A.T. (Upubl.) LRSK-arkiv for Hordaland.
- Mjøs, A. T. 1991. Årsberetning for LRSK-Hordaland 1990. *Krompen* 20: 11-16.
- Mjøs, A. T. & Frantzen, E. 1996. Hordalandsrapporten 1994. *Krompen* 25: 30-39.
- Mjøs, A. T. & Frantzen, E. 1996. Hordalandsrapporten 1995. *Krompen* 25: 63-74.
- Mjøs, A. T. & Frantzen, E. 1997. Hordalandsrapporten 1996. *Krompen* 26: 180-190.
- Mjøs, A. T. & Solbakken, K. Aa. 2001. Sjeldne fugler i Norge i 1999 og 2000. Rapport fra Norsk sjeldenhetskomite for fugl (NSKF). *Ornis Norvegica* 24: 3-59.
- Mjøs, A. T. 2002. Revurdering av eldre funn og endringer på den norske fuglelisten. *Ornis Norvegica* 25: 64-92.
- Mjøs, A. T. & Overvoll, O. 2006. *Viltet i Eidfjord. Kartlegging av viktige viltområde og status for viltartane*. Eidfjord kommune og Fylkesmannen i Hordaland. MVA-rapport 3/2006. 69 s. + vedlegg.
- Målsnes, A. 2011. Prosjekt jaktfalk i Hordaland. Årsrapport 2010. *Fuglar i Hordaland* 40 (2): 20-23.
- Olsen, T. A., Tveit B. O., Bunes, V. & Mjølsnes, K. R. 2008. Sjeldne fugler i Norge i 2006. Rapport fra Norsk sjeldenhetskomite for fugl (NSKF). *Ornis Norvegica* 31: 48-97.
- Olsen, T. A. & Bunes, V., Egeland, Ø., Gullberg, A., Mjølsnes, K. R. & Tveit, B. O. 2010. Sjeldne fugler i Norge i 2008. Rapport fra Norsk sjeldenhetskomite for fugl (NSKF). *Ornis Norvegica* 33: 4-48.
- Osaland, O. 1988. Ornitolgiske observasjoner 1987. *Krompen* 17: 48-65.
- Pedersen, F. H. 1995. Sjeldne fugler i Hordaland 1994. *Krompen* 24: 74-78.
- Pedersen, F. H. 1996. Sjeldne fugler i Hordaland 1995. *Krompen* 25: 75-79.
- Råd, O. 1975. Hornugle og andre uglers forekomst på Voss 1974. *Krompen* 4: 28-31.
- Råd, O. 1979 Fuglenotater fra Voss m/omegn 1973-78. *Krompen* 8: 146-148.
- Selås, V., Smedshaug, C.A., Lund, S. E. & Sonerud, G. 1995. Reveskabbenes betydning for småviltet i Norge. – Fagnytt naturforvaltning nr. 10-1995: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Skjelstad, H.B. 1975. Ornitolgiske obs'er 2-75. *Krompen* 4: 26-29.
- Smedshaug, C.A. og Sonerud, G.A. 1997. Rovdyr, åtsler og predasjon på småvilt. – Fagnytt naturforvaltning nr. 8-1997: 1-4. Norges landbrukshøgskole.
- Solbakken, K. Aa., Gullberg, A. & Mjøs, A. T. 2003. Sjeldne fugler i Norge i 2001. Rapport fra Norsk sjeldenhetskomite for fugl (NSKF). *Ornis Norvegica* 26: 4-47.
- Stormark, T. A. 1996. Flaggermus i Hordaland. Del III, s. 174-180 i Olsen, K.M. (red.): Kunnskapsstatus for flaggermus i Norge. – Norsk Zoologisk Forening. Rapport 2. 210s.
- Storstein, B. 1980. Horndykkeren som hekkefugl i Sveio i 1979 og 1980. *Krompen* 9: 193.
- Svendsen, T. 2007. Kanadagås i Hordaland 2005-2007. *Fuglar i Hordaland* 36: 129-132.
- Sætersdal, M. 1985. Rapport fra LRSK 1984. *Krompen* 14: 9-11.
- Syvertsen, P.O., Isaksen, K., Olsen, K.M., Rigstad, K. og Starholm, T. 2000. Kartlegging av flaggermus i Hordaland. Kunnskapsstatus 1999. – Norsk Zoologisk Forening. Rapport 9, manuskript.
- Tho, H. & Schaanning, L. 1921. Hvor grensene møtes. *Norsk ornitoligisk tidsskrift* 2: 86-93.
- Ukjend forfattar 1991. Siste nytt. *Krompen* 20: 103-105.
- Ukjend forfattar 1992. Siste nytt. *Krompen*, 21 (2): ukjent sidetall.
- Wergeland Krog, O. M. 1993. Viltet i Rakkestad. Kartlegging av viktige viltområder. Forvalningsplan for viltressursene. – Fylkesmannen i Østfold og Rakkestad kommune, rapport. 99 s.

## RESSURSAR PÅ WEB

Dei siste ti åra har det skjedd svært mykje når det gjeld tilgang til informasjon på Internet, om både vilt og andre organismegrupper. Rapporteringssystemet for fuglar ([artsobservasjoner.no](http://artsobservasjoner.no)) er alt nemnt. Publikasjonane av godkjende observasjonar av sjeldne fuglar, blir no lagt ut på Norsk Ornitologisk Forening sine websider. Artsdatabanken sine websider er inngangsportal til fleire andre databasar, m.a. Artskart og Artsportalen med raudlista. I Direktoratet for naturforvaltning sin Naturbase finst m.a. opplysningar om viltartar sine leveområde, inkludert opplysningane frå kommunal viltkartlegging. Her er nokre sentrale websider:

Artsdatabanken	<a href="http://artsdatabanken.no">artsdatabanken.no</a>
Direktoratet for naturforvaltning	<a href="http://dirnat.no">dirnat.no</a>
Hjorteviltportalen	<a href="http://hjortevilt.no">hjortevilt.no</a>
Hjorteviltregisteret	<a href="http://hjorteviltregisteret.no">hjorteviltregisteret.no</a>
HordaHjort	<a href="http://hordahjort.no">hordahjort.no</a>
Miljøstatus i Norge og i fylkene	<a href="http://miljostatus.no">miljostatus.no</a>
Naturbase	<a href="http://naturbase.no">naturbase.no</a>
Norsk Villreinsenter	<a href="http://villrein.no">villrein.no</a>
Norsk Ornitologisk Forening (NOF)	<a href="http://birdlife.no">birdlife.no</a>
NOF Hordaland	<a href="http://fuglar.no">fuglar.no</a>
NOF, LRSK-rapporter	<a href="http://fuglar.no/lrsk/rapporter.php">fuglar.no/lrsk/rapporter.php</a>
NOF, NSKF-rapporter	<a href="http://birdlife.no/organisasjonen/nskf/rapporter.php">birdlife.no/organisasjonen/nskf/rapporter.php</a>
Norsk Zoologisk Forening	<a href="http://zoologi.no">zoologi.no</a>
Rapporteringssystemet for arter	<a href="http://artsobservasjoner.no">artsobservasjoner.no</a>



## 13. ARTSLISTE

I den følgjande artslista har vi prøvd å gi ein grov kvantitativ status for dei ulike viltartane i Voss. Mange av desse vurderingane er høgst skjønsmessige. For det første er kunnskapsgrunnlaget i mange tilfelle for dårlig, og særleg når det gjeld ein del fuglearter varierer talet svært mykje frå årstid til årstid og frå år til år. Det er sjølv sagt òg store nyansar i førekomensten artane imellom, og ikkje minst mellom dei ulike artsgruppene, som er umogleg å få fram i ei slik oversikt. For nokre artar, der ein meiner å ha grunnlag for det, er det gjort eit estimat for talet på hekkepar. Det vil òg vere mogleg å finna meir utfyllande informasjon i statuskapitlet. Ein del av vurderingane i lista kan heilt sikkert diskuterast, og det er eit ønske at ein i framtida skal få betre kunnskap om dei ulike artane sin status i kommunen.

Kodar nytta i artslista:

Status	Førekomst
D påvist yngling	XXX talrik
C sannsynlig yngling	XX vanlig
B mogleg yngling	X fåtalig, regelmessig
O observert	(xx) fåtalig, uregelmessig
* tidlegare	(x) enkeltobservasjoner

Oppsummering:

Gruppe	Status				Totalt
	D	C	B	O	
Amfibium	2	0	0	0	2
Krypdyr	1	0	0	0	1
Fuglar	126	4	3	97	230
Pattedyr	23	2	3	2	30
Totalt	152	6	6	99	263

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>AMFIBIUM</b>						
Padde	<i>Bufo bufo</i>	D	X	X	X	dvale
Frosk	<i>Rana temporaria</i>	D	XX	XX	XX	dvale
<b>KRYPDYR</b>						
Hoggorm	<i>Vipera berus</i>	D	XX	XX	XX	dvale
<b>FUGLAR</b>						
<b>ANDEFUGLAR</b>						
Knoppsvane	<i>Cygnus olor</i>	O	(x)			(x)
Sangsvane	<i>Cygnus cygnus</i>	O	X		X	
Sædgås	<i>Anser fabialis</i>	O	(x)			(x)
Kortnebbgås	<i>Anser brachyrhynchus</i>	O	(xx)		(xx)	
Tundragås	<i>Anser albifrons</i>	O	(x)			(x)
	<i>A. a. flavirostris</i>		(x)			(x)
Grågås	<i>Anser anser</i>	O	X			X
Stripegås	<i>Anser indicus</i>	O	(x)			
Kanadagås	<i>Branta canadensis</i>	D	X	<10 par	X	X
Kvitkingås	<i>Branta leucopsis</i>	O	(x)			
Ringgås	<i>Branta bernicla</i>	O	(x)	(x)		
Gravand	<i>Tadorna tadorna</i>	O	(x)			(x)
Mandarinand	<i>Aix galericulata</i>	O	(x)			
Brunnakke	<i>Anas penelope</i>	D	X	<10 par	X	
Snadderand	<i>Anas strepera</i>	O	X		X	(x)
Krikkand	<i>Anas crecca</i>	D	XX	XX	XX	
Amerikakrikkand	<i>Anas carolinensis</i>	O	(x)			
Stokkand	<i>Anas platyrhynchos</i>	D	XX	XX	XX	XX
Stjertand	<i>Anas acuta</i>	O	(xx)	(x)	(xx)	
Knekkand	<i>Anas querquedula</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Skjeiland	<i>Anas clypeata</i>	O	(x)		(x)	
Taffeland	<i>Aythya ferina</i>	O	(xx)		(xx)	
Toppand	<i>Aythya fuligula</i>	D	X	<10 par	X	X
Bergand	<i>Aythya marila</i>	B	X	(x)	X	
Ærfugl	<i>Somateria mollissima</i>	O	(x)			(x)
Havelle	<i>Clangula hyemalis</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Svartand	<i>Melanitta nigra</i>	O	(xx)		(xx)	(x)
Sjørre	<i>Melanitta fusca</i>	O	(xx)		(xx)	
Kvinand	<i>Bucephala clangula</i>	D	XX	X	XX	XX

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Lappfiskand	<i>Mergus albellus</i>	O				(x)
Siland	<i>Mergus serrator</i>	D	X	<10 par	X	(xx)
Laksand	<i>Mergus merganser</i>	D	X	X	X	X
<b>HÖNSEFUGLAR</b>						
Lirype	<i>Lagopus lagopus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Fjellrype	<i>Lagopus mutus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Orrfugl	<i>Tetrao tetrix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Storfugl	<i>Tetrao urogallus</i>	D	X	X	X	X
Vaktel	<i>Coturnix coturnix</i>	C		(x)		
<b>LOMMAR</b>						
Smålom	<i>Gavia stellata</i>	D*	(xx)	(x)		
Storlom	<i>Gavia arctica</i>	B	X	(x)	(xx)	
<b>DYKKARAR</b>						
Dvergdykkar	<i>Tachybaptus ruficollis</i>	O		(x)		(x)
Toppdykkar	<i>Podiceps cristatus</i>	O		(x)		
Gråstrupedykkar	<i>Podiceps grisegena</i>	O				(x)
Horndykkar	<i>Podiceps auritus</i>	O		(xx)		
<b>SKARVAR</b>						
Storskarv	<i>Phalacrocorax carbo</i>	O	X	(xx)	X	
Toppskarv	<i>Phalacrocorax aristotelis</i>	O			(x)	
<b>STORKEFUGLAR</b>						
Egretthegre	<i>Egretta alba</i>	O	(x)			
Gråhegre	<i>Ardea cinerea</i>	D	X	1 par	X	X
Stork	<i>Ciconia ciconia</i>	O		(x)		(x)
<b>ROVFUGLAR</b>						
Kvpsevåk	<i>Pernis apivorus</i>	O			(x)	
Havørn	<i>Haliaeetus albicilla</i>	O	X	X	X	X
Myrhauk	<i>Circus cyaneus</i>	O	(x)		(x)	
Hønsehauk	<i>Accipiter gentilis</i>	D	X	7 par	X	X
Sporvehauk	<i>Accipiter nisus</i>	D	X	X	X	X
Musvåk	<i>Buteo buteo</i>	O	(xx)		(xx)	
Fjellvåk	<i>Buteo lagopus</i>	D	X	X	X	
Kongeørn	<i>Aquila chrysaetos</i>	D	X	9 par	X	X
Fiskeørn	<i>Pandion haliaetus</i>	O	(xx)		(xx)	
Tårnfalk	<i>Falco tinnunculus</i>	D	X	X	X	X
Aftenfalk	<i>Falco vespertinus</i>	O			(x)	
Dvergfalk	<i>Falco columbarius</i>	C	X	X	X	
Lerkefalk	<i>Falco subbuteo</i>	O			(x)	
Jaktfalk	<i>Falco rusticolus</i>	D	X	<5 par	X	X
Vandrefalk	<i>Falco peregrinus</i>	D	X	<5 par	X	X
<b>TRANEFUGLAR</b>						
Vannrikse	<i>Rallus aquaticus</i>	O			(xx)	(xx)
Myrrikse	<i>Porzana porzana</i>	O		(x)		
Åkerrikse	<i>Crex crex</i>	C*		(x)		
Sivhøne	<i>Gallinula chloropus</i>	O	(x)			
Sothøne	<i>Fulica atra</i>	O	X	(x)	X	
Trane	<i>Grus grus</i>	O	X		X	
<b>VADEFUGLAR</b>						
Tjeld	<i>Haematopus ostralegus</i>	D	X	X	X	
Dverglo	<i>Charadrius dubius</i>	D	(x)	(x)		
Sandlo	<i>Charadrius hiaticula</i>	D	X	X	X	
Boltit	<i>Charadrius morinellus</i>	D	X	X	X	
Heilo	<i>Pluvialis apricaria</i>	D	XX	XX	XX	
Tundralo	<i>Pluvialis squatarola</i>	O			(x)	
Vipe	<i>Vanellus vanellus</i>	D	X	X	X	
Polarsnipe	<i>Calidris canutus</i>	O			(x)	

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Dvergsnipe	<i>Calidris minuta</i>	O			(xx)	
Temmincksnipe	<i>Calidris temminckii</i>	O	(xx)		(xx)	
Tundrasnipe	<i>Calidris ferruginea</i>	O			(x)	
Fjørreplitt	<i>Calidris maritima</i>	D	X	X	X	
Myrsnipe	<i>Calidris alpina</i>	D	X	X	X	
Fjellmyrløper	<i>Limicola falcinellus</i>	O			(x)	
Brushane	<i>Philomachus pugnax</i>	O	X		X	
Kvartbekkasin	<i>Lymnocryptes minimus</i>	O	(xx)	(x)	X	(xx)
Enkeltbekkasin	<i>Gallinago gallinago</i>	D	XX	XX	XX	
Dobbeltbekkasin	<i>Gallinago media</i>	O	(xx)		(xx)	
Rugde	<i>Scolopax rusticola</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Svarthalespove	<i>Limosa limosa</i>	O	(x)		(x)	
Lappspove	<i>Limosa lapponica</i>	O			(x)	
Småspove	<i>Numenius phaeopus</i>	D	X	(x)		
Storspove	<i>Numenius arquata</i>	D	XX	X	X	
Sotsnipe	<i>Tringa erythropus</i>	O		(x)	(x)	
Raudstilk	<i>Tringa totanus</i>	D	X	X	X	
Gluttsnipe	<i>Tringa nebularia</i>	O	X		X	
Skogsnipe	<i>Tringa ochropus</i>	D	(xx)	(x)	(xx)	
Grønstilk	<i>Tringa glareola</i>	O	X		X	
Strandsnipe	<i>Actitis hypoleucos</i>	D	XX	XX	XX	
Steinvender	<i>Arenaria interpres</i>	O	(x)			
Symjesnipe	<i>Phalaropus lobatus</i>	O	(xx)	(xx)		
Polarsymjesnipe	<i>Phalaropus fulicarius</i>	O	(x)			

#### JOAR, MÅSAR OG TERNER

Fjelljo	<i>Stercorarius longicaudus</i>	D		(x)	(x)	
Hettemåse	<i>Larus ridibundus</i>	D*	X	X	X	
Fiskemåse	<i>Larus canus</i>	D	XX	XX	XX	X
Sildemåse	<i>Larus fuscus</i>	O	X	X	X	
Gråmåse	<i>Larus argentatus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Polarståse	<i>Larus hyperboreus</i>	O		(x)	(x)	
Svartbak	<i>Larus marinus</i>	O	X	X	X	X
Krykkje	<i>Rissa tridactyla</i>	O				(x)
Dvergmåse	<i>Hydrocoloeus minutus</i>	O	(x)			
Makrelterne	<i>Sterna hirundo</i>	O		(xx)		
Raudnebbterne	<i>Sterna paradisaea</i>	O		(xx)		

#### ALKEFUGLAR

Lomvi	<i>Uria aalge</i>			(x)	(x)	
-------	-------------------	--	--	-----	-----	--

#### DUER

Bydue	<i>Columba livia</i>	D*	X	X	X	X
Skogdue	<i>Columba oenas</i>	O	(x)			
Ringdue	<i>Columba palumbus</i>	D	X	X	X	(xx)
Tyrkardue	<i>Streptopelia decaocto</i>	D*	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Turteldue	<i>Streptopelia turtur</i>	O	(x)	(x)		

#### GAUKEFUGLAR

Gauk	<i>Cuculus canorus</i>	D	X	X	X	
------	------------------------	---	---	---	---	--

#### UGLER

Hubro	<i>Bubo bubo</i>	D*	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Snøugle	<i>Nyctea scandiaca</i>	O	(x)	(x)		
Haukugle	<i>Surnia ulula</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Sporveugle	<i>Glauucidium passerinum</i>	D	X	X	X	X
Kattugle	<i>Strix aluco</i>	D	XX	XX	XX	XX
Hornugle	<i>Asio otus</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Jordugle	<i>Asio flammeus</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	
Perleugle	<i>Aegolius funereus</i>	D	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)

#### NATTRAVNAR

Nattravn	<i>Caprimulgus europaeus</i>	O		(x)		
----------	------------------------------	---	--	-----	--	--

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>SEGLARAR</b>						
Tårnseglar	<i>Apus apus</i>	D	X	X		
<b>RÅKEFUGLAR</b>						
Hærfugl	<i>Upupa epops</i>	O	(x)		(x)	
<b>SPETTEFUGLAR</b>						
Vendehals	<i>Jynx torquilla</i>	D	X	X	X	
Gråspett	<i>Picus canus</i>	D	X	X	X	X
Grønspett	<i>Picus viridis</i>	D	XX	40-50 par	XX	XX
Svartspett	<i>Dryocopus martius</i>	O	(x)	(x)	(x)	(x)
Flaggspett	<i>Dendrocopos major</i>	D	XX	50-100 par	XX	XX
Kvitryggspett	<i>Dendrocopos leucotos</i>	D	X	X	X	X
Dvergspett	<i>Dendrocopos minor</i>	D	X	X	X	X
Tretåspett	<i>Picoides tridactylus</i>	O			(x)	
<b>SPORVEFUGLAR</b>						
Topplerke	<i>Galerida cristata</i>	O	(x)	(x)		
Trelerke	<i>Lullula arborea</i>	O		(x)		
Songlerke	<i>Alauda arvensis</i>	D	X	4-5 par	X	
Fjellerke	<i>Eremophila alpestris</i>	O	X	X	X	
Sandsvale	<i>Riparia riparia</i>	D	XX	250-300 par	XX	
Låvesvale	<i>Hirundo rustica</i>	D	XX	XX	XX	
Taksvale	<i>Delichon urbica</i>	D	XX	XX	XX	
Tartarpiplerke	<i>Anthus novaseelandiae</i>	O			(x)	
Trepiplerke	<i>Anthus trivialis</i>	D	XX	XX	XX	
Heipiplerke	<i>Anthus pratensis</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Skjerpiplerke	<i>Anthus petrosus</i>	O	(x)		(x)	
Gulerle	<i>Motacilla flava thunbergii</i>	O	X		X	
Sørlig gulerle	<i>M. f. flava</i>			(x)		
Vintererle	<i>Motacilla cinerea</i>	D	X	15-20 par	X	
Linerle	<i>Motacilla alba</i>	D	XX	XX	XX	
Svartryggerle	<i>M. a. yarrellii</i>		(x)			
Sidensvans	<i>Bombycilla garrulus</i>	O	X		X	X
Fossekall	<i>Cinclus cinclus</i>	D	XX	100-130 par	XX	X
Gjerdessmett	<i>Troglodytes troglodytes</i>	D	XX	XX	XX	X
Jernsporv	<i>Prunella modularis</i>	D	XX	XX	XX	(x)
Raudstrupe	<i>Erithacus rubecula</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Blåstrupe	<i>Luscinia svecica</i>	D	X	X	X	
Svartraudstjert	<i>Phoenicurus ochruros</i>	O	(x)	(x)		
Raudstjert	<i>Phoenicurus phoenicurus</i>	D	X	X	X	
Buskskvett	<i>Saxicola rubetra</i>	D	X	X	X	
Steinskvett	<i>Oenanthe oenanthe</i>	D	X	X	X	
Ringtrast	<i>Turdus torquatus</i>	D	X	X	X	
Svartrast	<i>Turdus merula</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Gråtrast	<i>Turdus pilaris</i>	D	XXX	XXX	XXX	X
Måltrast	<i>Turdus philomelos</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Raudvenetrast	<i>Turdus iliacus</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Duetrast	<i>Turdus viscivorus</i>	D	X	X	X	
Grashoppesongar	<i>Locustella naevia</i>	C		(x)		
Elvesongar	<i>Locustella fluviatilis</i>	O		(x)		
Sivsongar	<i>Acrocephalus schoenobaenus</i>	D	X	<5 par	X	
Myrsongar	<i>Acrocephalus palustris</i>	D	X	1-2 par	X	
Gulsongar	<i>Hippolais icterina</i>	D	X	X	X	
Hauksongar	<i>Sylvia nisoria</i>	O			(x)	
Møllar	<i>Sylvia curruca</i>	O	(x)	(x)		
Tornsongar	<i>Sylvia communis</i>	D	X	X	X	
Hagesongar	<i>Sylvia borin</i>	D	X	X	X	
Munk	<i>Sylvia atricapilla</i>	D	XX	XX	XX	
Bøksongar	<i>Phylloscopus sibilatrix</i>	D	(x)	(x)		
Gransongar	<i>Phylloscopus collybita</i>	D	XX	XX	XX	
Lauvsongar	<i>Phylloscopus trochilus</i>	D	XXX	XXX	XXX	
Fuglekonge	<i>Regulus regulus</i>	D	XX	XX	XX	
Gråflugesnappar	<i>Muscicapa striata</i>	D	XX	XX	XX	

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
Dvergflugesnappar	<i>Ficedula parva</i>	O	(x)		(x)	
Svartkvitflugesnappar	<i>Ficedula hypoleuca</i>	D	XX	XX	XX	
Stjertmeis	<i>Aegithalos caudatus</i>	D	X	X	X	X
Lauvmeis	<i>Parus palustris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Granmeis	<i>Parus montanus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Toppmeis	<i>Parus cristatus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Svartmeis	<i>Parus ater</i>	D	XX	XX	XX	XX
Blåmeis	<i>Parus caeruleus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Kjøtmeis	<i>Parus major</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Spettmeis	<i>Sitta europaea</i>	D	XX	XX	XX	XX
Trekrypar	<i>Certhia familiaris</i>	D	X	X	X	X
Tornskate	<i>Lanius collurio</i>	O		(x)		
Rosenvarslar	<i>Lanius minor</i>	O		(x)		
Varslar	<i>Lanius excubitor</i>	O			(xx)	(xx)
Nøtteskrike	<i>Garrulus glandarius</i>	D	X	X	X	X
Lavskrike	<i>Perisoreus infaustus</i>	O			(x)	
Skjor	<i>Pica pica</i>	D	XX	XX	XX	XX
Nøttekråke	<i>Nucifraga caryocatactes</i>	D	X	X	X	X
Kiae	<i>Corvus monedula</i>	D	(x)			X
Kornkråke	<i>Corvus frugilegus</i>	O				X
Kråke	<i>Corvus cornix</i>	D	XX	XX	XX	XX
Svartkråke	<i>Corvus corone</i>	O				(x)
Ravn	<i>Corvus corax</i>	D	X	X	X	X
Stare	<i>Sturnus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Rosenstare	<i>Sturnus roseus</i>	O			(x)	
Gråsporv	<i>Passer domesticus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Pilfink	<i>Passer montanus</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Bokfink	<i>Fringilla coelebs</i>	D	XXX	XXX	XXX	(xx)
Bjørkefink	<i>Fringilla montifringilla</i>	D	XX	XX	XX	(xx)
Grønfink	<i>Carduelis chloris</i>	D	XX	XX	XXX	XXX
Stillits	<i>Carduelis carduelis</i>	B*				(xx)
Grønsik	<i>Carduelis spinus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Tornirisk	<i>Carduelis cannabia</i>	O			(xx)	
Bergirisk	<i>Carduelis flavirostris</i>	D	XX	XX	XX	
Brunsisik	<i>Carduelis cabaret</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Grásik	<i>Carduelis flammea</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Polarsik	<i>Carduelis hornemannii</i>	O				(x)
Bandkorsnebb	<i>Loxia leucoptera</i>	O	(xx)		(xx)	(xx)
Grankorsnebb	<i>Loxia curvirostra</i>	D	X	X	X	X
Furukorsnebb	<i>Loxia pytyopsittacus</i>	D	X	X	X	X
Rosenfink	<i>Carpodacus erythrinus</i>	D	(x)	(x)	(x)	(x)
Konglebit	<i>Pinicola enucleator</i>	O			(xx)	(xx)
Dompap	<i>Pyrrhula pyrrhula</i>	D	X	X	X	X
Kjernebitar	<i>Coccothraustes coccothraustes</i>	D	X	(x)	X	X
Lappsporv	<i>Calcarius lapponicus</i>	D	X	X	X	
Snøsporv	<i>Plectrophenax nivalis</i>	D	X	X	X	(xx)
Gulsporv	<i>Emberiza citrinella</i>	D	X	X	X	X
Hortulan	<i>Emberiza hortulana</i>	O			(x)	
Sivsporv	<i>Emberiza schoeniclus</i>	D	X	X	X	

## PATTEDYR

### INSEKTETARAR

Piggsvin	<i>Erinaceus europaeus</i>	D	X	X	X	dvale
Vanlig spissmus	<i>Sorex araneus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Dvergspissmus	<i>Sorex minutus</i>	C	XX	XX	XX	XX
Vannspissmus	<i>Meomys fodiens</i>	D	XX	XX	XX	XX

### FLAGGERMUS

Vannflaggermus	<i>Myotis daubentonii</i>	D	XX	XX	XX	dvale
Skjeggflaggermus	<i>Myotis mystacinus</i>	D	X	X	X	dvale
Nordflaggermus	<i>Eptesicus nilssonii</i>	D	XXX	XXX	XXX	dvale
Dvergflaggermus	<i>Pipistrellus pygmaeus</i>	D	XXX	XXX	XXX	dvale
Langøyreflaggermus	<i>Plecotus auritus</i>	D	X	X	X	dvale

Norsk namn	Vitskapeleg namn	Status	Førekomst			
			Vår	Sommar	Haust	Vinter
<b>ROVDYR</b>						
Ulv	<i>Canis lupus</i>	O*				
Raudrev	<i>Vulpes vulpes</i>	D	XX	XX	XX	XX
Fjellrev	<i>Alopex lagopus</i>	O*				
Bjørn	<i>Ursus arctos</i>	B*				
Mink	<i>Neovison vison</i>	D	X	X	X	X
Røyskatt	<i>Mustela erminea</i>	D	XX	XX	XX	XX
Snømus	<i>Mustela nivalis</i>	D	XX	XX	XX	XX
Mår	<i>Martes martes</i>	D	X	X	X	X
Jerv	<i>Gulo gulo</i>	O				
Oter	<i>Lutra lutra</i>	O	(xx)	(xx)	(xx)	(xx)
Gaupe	<i>Lynx lynx</i>	B				
<b>HJORTEDYR</b>						
Hjort	<i>Cervus elaphus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Elg	<i>Alces alces</i>	D	X	X	X	X
Rådyr	<i>Capreolus capreolus</i>	D	X	X	X	X
Rein	<i>Rangifer tarandus</i>	D	X	X	X	X
<b>HAREDYR</b>						
Hare	<i>Lepus timidus</i>	D	XX	XX	XX	XX
<b>GNAGARAR</b>						
Ekorn	<i>Sciurus vulgaris</i>	D	XX	XX	XX	XX
Brunrotte	<i>Rattus norvegicus</i>	B?				
Lita skogmus	<i>Apodemus sylvaticus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Markmus	<i>Microtus agrestis</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX
Fjellmarkmus	<i>Microtus oeconomus</i>	C	XXX	XXX	XXX	XXX
Klatremus	<i>Clethrionomys glareolus</i>	D	XX	XX	XX	XX
Lemen	<i>Lemmus lemmus</i>	D	XXX	XXX	XXX	XXX

## 14. KART

Alle kommunar har informasjonen frå viltkartlegginga på digital form. På denne måten kan kommunen sjølv framstille temakart etter eige behov. I nokre samanhengar kan det vere ønskjeleg å ha viltkart i papirutgåve. Ved utskrift og t.d. ved framstilling av viltinformasjon i kommuneplanen sin arealdel er det vanleg praksis å dele informasjonen i fire tema: 1) Småvilt, 2) Hjortevilt, 3) Opplysningar unntatt offentlegheit og 4) Prioriterte viltområde. I denne viltrapporten er berre kart over villreinområdet og andre prioriterte viltområde vedlagt.

Kartet over prioriterte viltområde er framstilt på grunnlag av opplysningar frå dei andre temakarta, og er justerte ved fagleg skjøn på grunnlag av opplysningar om fátalige og sårbare artar og kunnskap om dei aktuelle artane sine krav til leveområde. Nokre av dei prioriterte viltområda er ikkje å finne i Naturbase. Dette fordi dei reknast som forslag til forvaltingsområde, og ikkje som leveområde for enkeltartar.


Med unntak av dei prioriterte viltområda og hekkeplassar for enkelte rovfuglartar som er unntatt offentlegheit, er geografiske opplysningar om viltet allment tilgjenge i Naturbase [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).



## Viltet i Voss

Kart 1. Skog og jordbruksareal

- Lauvskog
- Barskog
- Blandingskog
- Jordbruksareal




Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland  
Kartgrunnlag: Statens kartverk/Norge digitalt



## Viltet i Voss

Kart 2. Prioriterete viltområde



Kartframstilling: Fylkesmannen i Hordaland  
Kartgrunnlag: Statens kartverk/Norge digitalt



## **Vedlegg. Vedtekter for Voss kommune sitt viltfond**

Jf. *Forskrift om fellingsavgift for elg og hjort og kommunale viltfond*, fastsett med heimel i Lov om viltet §§ 13, 40, 43, og 48.

1. Tilskot frå det statlege viltfondet og fellingsavgiftene for hjort og elg i Voss kommune skal i si heilheit tilførast fondet.
2. Storleiken på fellingsavgiftene skal fastsetjast gjennom budsjettarbeidet i kommunen og skal ligge innanfor øvre ramme vedteke av Stortinget.
3. Voss vilt- og fiskefondstyre gjer vedtak om bruk av fondet. Fondstyret er valt av kommunestyret og skal vera samansett av representantar (*1 frå kvar*) frå: Voss Grunneigarsamskipnad, Voss Hjorteviltråd, Stiftelsen Voss Klekkeri, Voss Jeger- og Fiskarlag og Voss Naturvernlag.
4. Det skal byggjast opp ein grunnkapital for fondet på kr. 100 000 ved at det årleg skal setjast av min. kr 10 000 av inntektene til fondet. Grunnkapitalen kan berre nyttast til spesielle tiltak etter eige vedtak i fondstyret. Etter bruk av grunnkapital skal denne byggjast opp att.
5. Fondet sine inntekter og avkastning skal nyttast til viltrelatert arbeid i kommunen, men kan ikkje nyttast til å dekke faste administrative utgifter. Dersom det ligg føre vedteken kommunal handlingsplan for vilt skal fondet nyttast i samsvar med denne.





**Voss kommune**

Besøksadresse:  
Uttrågata 9, 5700 Voss

Postadresse:  
Boks 145, 5701 Voss

Telefon: 56 51 94 00

E-post:  
[postmottak@voss.kommune.no](mailto:postmottak@voss.kommune.no)

Org.nr: 960510542

**Fylkesmannen i Hordaland**

Besøksadresse:  
Kaigaten 9, 5020 Bergen

Postadresse:  
Postboks 7310, 5020 Bergen

Telefon: 55 57 20 00

E-post:  
[fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no)

Org.nr: 974760665